

---

*ET BYHISTORIE OM NARVIK 1902-1950*

*- EIT REFLEKSJONSTILLEGG*



STEINAR AAS



**DR.ART.-AVHANDLING**

Institutt for historie  
Det Samfunnsvitenskapelige fakultetet  
Universitetet i Tromsø  
September 2006

---

***EI BYHISTORIE OM NARVIK 1902-1950***

***- EIT REFLEKSJONSTILLEGG***



Framsidedfoto: Byjubileet på «Frimerket» 29.mai 1926. Folk i byen møttes til felles markering for seg og byen sin etter 25 år med bystatus. (Foto: Narvik kommunale fotosamling)


STEINAR AAS



**DR.ART.-AVHANDLING**

**Institutt for historie  
Det Samfunnsvitskaplege fakultetet  
Universitetet i Tromsø  
September 2006**

**Kart over Ofoten og Narvik med nabokommunar:**



## **Innholdsliste**

<b>Innleiing</b>	5
<b>Del 1 Konstruksjon av byfellesskap og byidentitet – om identitetsskaping i lokalhistoria</b>	7
Lokalhistorias identitetskonstruerande ambisjon	7
Lokalhistoria sin harmoniserande funksjon	10
Forestilte fellesskap	12
Korleis arbeide med «byidentitet»?	15
Narviks særpreg	17
«Sanse- og forståelsesmessig» forming av identitet i nettverksbyen	18
<b>Del 2 Narviks historie mellom kritikk og konstruksjon</b>	25
Forteljning og historie	25
Forteljninga om Narviks historie	27
Historieprosjektet i Narvik – 1947-54	28
Mandat og prosess – 1947-54	30
Steensk og materialistisk inspirert borgarleg kulturhistorie	33
Harmoni- eller spenningsprega forteljning?	35
Narviks historie 1998-2001 – nye vinklar og val	37
Byen som studieobjekt i tida etter Nils A. Ytreberg	38
Interdisiplinær tilnærming	41
Byhistorias teoretiske pendelsvinging – frå kultur-, til samfunnshistorie til «ny» kulturhistorie	45
Forholdet mellom syntese og detaljering	47
«Funksjonsdyktig» historie	51
«Ei kulturhistorisk oppdaging i eit ope landsskap»	54
«Theories of the middle range»	55
Synteseambisjonar i den nye byhistoria	56
<b>Del 3 Lokalhistorias skaping av «minnestader»</b>	62
Ytrebergs skaping av «minnestader»	63
Narviks historie som «rallar-epos»	64
Rombaksbotn som «loci memoriae»	66
Rallaren og rallarkokka som «minnestad»	70
Vinterfestuka – eit rallarrituale	75
Rallarviser	77
Fellesskap og inkludering i sosialdemokratiets stordomstid	78
Bruk og misbruk av historie	82
<b>Litteraturliste</b>	85
<b>Nettstader/-ressursar/-referansar</b>	91
<b>Kjelder</b>	91

## Innleiing

Dette er eit teoretisk refleksjonstillegg i samband med vedlagte bind av Narviks byhistorie. Med teoretisk refleksjonstillegg meiner eg ein «ettertanke»/«gjennomtenking» etter byhistoria er skriven. Med «tillegg» meiner eg noko som er lagt til vedlagte byhistorieverk.<sup>1</sup> Dette er med andre ord ikkje eit teoretisk tillegg slik ein kjenner det, der det er innleiing til dr. avhandlinga i tradisjonell forstand. Ikkje er det eit notat, eit essay eller ein artikkel heller. Vedlagte refleksjonstillegg er skriva etter at verket kom ut, og det krinsar særleg rundt dei tre større historieframstillingane som har blitt gitt ut om Narviks historie; Einar Blix og Bernt Hovdan si bok *Festskrift til Narviks 25.årsjubileum. 29de mai 1926*, Nils A. Ytreberg si Narvik-historie i to bind gitt ut i 1953-54 og det vedlagte bindet av Narviks historie som skulle dekke same perioden som Blix, Hovdan og Ytreberg dekte, utgitt i 2001, med tittelen *Narviks historie. Bind 1 1902-1950. Byen, banen og bolaget*.

*Del 1* tar for seg den første større historieframstillinga om Narvik, som kom ut i samband med 25-årsjubileet for Narvik by i 1926. Delen tar særleg for seg tilløpa til konstruksjon av ein essensialistisk Narvik-identitet som dei to forfattarane av verket, Blix og Hovdan prøvde å skape. I denne delen er det òg ein ambisjon å komme med alternative metodar og teoriar for å fange identitetsproblemtikken for den perioden Blix og Hovdan dekker. Intensjonen er å grunnje tankane bak mi behandling av problemstillingane knytt til identitet og identitetskonstruksjon i Narvik. Delen er tidlegare publisert som artikkel i det lokalhistoriske tidsskriftet *Heimen* i 2001, men er så sentralt for refleksjonen at det er tatt med i dette tillegget i ei uillustrert og betre språkvaska form.

I *del 2* av refleksjonstillegget er det sambandet mellom Ytreberg si historie til 50-årsjubileet og underskrivne sitt arbeid som er i fokus. Refleksjonstillegget vil krinse rundt omgrepsspar som kritikk og konstruksjon, analyse og syntese. Særleg vil refleksjonane handle om Nils A. Ytreberg som forfattar. Tillegget vil sjå det nye verket i relieff av det gamle. Kva er likt og kva er ulikt, og korleis valte Ytreberg å drive analyse og kritikk? Sentralt i denne delen av tillegget er det å spørje seg kva nye grep eg måtte velje å ta i høve til Ytreberg når eit nytt verk skulle skrivast femti år seinare om den same tidsperioden Ytreberg dekte. Her blir arbeidet til Ytreberg analysert og drøfta i lys av arbeidet med ei ny byhistorie som skulle setjast i verk i 1998. Med denne delen av refleksjonstillegget er det òg meininga å flette inn noko om historiefaget si utvikling dei seinare åra, slik ein vanlegvis vil finne det i teoretiske kapittel som innleiingar til doktorgradsavhandlingar. Slik sett kan dette

---

<sup>1</sup> Definisjon av orda «refleksjon» og «tillegg». Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok. Oslo 1986.

tillegget ha funksjon som eit slikt innleiingskapittel, men utan at det har pretensjonar om å vere akkurat det. Det kjem som nemnt mellom anna av at det er skriva i ettertid og at det ikkje har form som innleiing direkte til den vedlagte bymonografien.

Den tredje delen av refleksjonstillegget handlar om kva følgjer Ytreberg si Narvikhistorie fekk for ulike identitetsskapande praksisar i Narvik etterpå. Korleis var han med på å skape det den franske historikaren Pierre Nora har kalla ”minnestader”. Kva *minnestader* danna Ytreberg si forskning grunnlag for, og korleis nytta folk og organisasjonar i Narvik Ytreberg si byhistorie til å skape engasjement for desse *stadene* seinare?

Eit sentralt omgrep i refleksjonstillegget er omgrepet «myte». Det har hatt ulike meningar, og ei har vore knytt til mytologi og forteljingar overlevert frå førhistorisk tid om skaping av gudar. Ei anna forklaring har implisert at myten er ei «utbreidd falsk (el.skeiv) oppfatning, oppdikta hending».<sup>2</sup> I denne samanhengen snakkar vi derimot om myten som «ytring», inspirert av Roland Barthes. Her betyr ikkje ordet berre «forteljing» om noko, men er òg brukt til å skildre ei type mening, eller ytring der mytane i følge Anne Eriksen ytrar seg som forbilde for handling og slik blir eit mønster for tolking. Slik blir dei «mønstergyldige».<sup>3</sup> Slik kan dei bli «svært betydingstunge fortellinger» som set menneska i kontakt med noko utover dei sjølv, og bli ein viktig del av ein kultur. Slik kan myten forvalte kulturelle sanningar, trass i at han ikkje nødvendigvis treng vere objektivt sann.<sup>4</sup> Refleksjonstillegget sin første og siste del vil særleg krinse rundt mytane i Narviks historie. Korleis er det skapt mytar om byen og kva mytar har festa seg og blitt ein viktig del av den lokale kulturen?

Eit gjennomgåande tema i refleksjonstillegget krinsar om omgrep som identitetskonstruksjon og minneproduksjon, og vesentleg for heile framstillinga er det å klargjøre mi framstilling av Narviks historie innafor omgrepsspara kritikk og konstruksjon. Korleis har det vedlagte historieverket både vore meint å vere ei kritisk gjennomgang av tidlegare historiefamstillingar, og på kva vis har det blitt gjort framlegg om å konstruere ei ny forteljing om Narvik i tida mellom 1902 og 1950? Kva mytar har historikarane hjelpt til med å skape, og kva skil mine konstruksjonar og analyser frå dei tidlegare forfattarane av Narviks historie? Her er det òg eit tema å sjå på kva vis historieforfattaren er forma metodisk og teoretisk av si eiga samtid.

---

<sup>2</sup> Nynorskordboka 1991: oppslagsordet «myte».

<sup>3</sup> Eriksen 1995:17.

<sup>4</sup> Eriksen 1995:18.

## **Del 1 Konstruksjon av byfellesskap og byidentitet – om identitetskaping i lokalhistoria**

Narvik vart offisielt grunnlagt då Stortinget vedtok at hussamlinga som hadde vokse fram på Narvik-halvøya i Ankenes herad skulle bli by i mai 1901. Omgrepet by er sentralt. Bygrensene danna eit rom for bynamnet Narvik, og dei som budde innafør bygrensene kunne kalle seg byborgarar. Ved bystatusen fekk Narvik funksjonar i forhold til dei som budde i omlandet rundt, og i forhold til andre byar. Samstundes skulle innbyggjarane i byen sjølv skape eit indre liv i byen.

Byen i Ofoten hadde behov for å feire seg sjølv og sjå på kva han var i ferd med å bli i 1926. Det vart gitt ut festskrift og historiebok, og invitert til konkurranse om å skrive ny Narviksong. Aviser både i og utafør byen skreiv kortare eller lengre artiklar om jubiletanten. Kva syn hadde så utanverda på den nye byen, kva var Narvik sitt syn på seg sjølv og kva var typisk for byidentiteten der? Viss vi tar eit blick på ulike kjelder til å forstå Narviks identitet ved 25 årsjubileet i 1926, ser vi også kva veikskapar som låg for dagen i konstruksjonen av identitet. Kva vanskar fanst det med å operere med ein Narvikidentitet, og kva var ambisjonane til dei ulike identitetsbyggerane?

### ***Lokalhistorias identitetskonstruerande ambisjon***

Lokalhistoriske framstillingar har ofte ambisjon om å vere det Ola Svein Stugu har kalla ei «ordnande forteljing». Forteljinga om fortida skal vere «meningsskapande og ordnande», og den har som funksjon å skape mytar om ein lokalitet.<sup>5</sup> Lokalhistoria har skapt forteljingar og førespeglingar som «..i en gitt kultur tjener til å gjøre fundamentale livsforhold forståelige».<sup>6</sup> Mytane tolkar og tar opp dei store og vanskelege spørsmåla i livet, og skaper orden, mening og samanheng i ei komplisert og motsetningsfylt verd. Lokalhistoria sin plass i denne myteskapinga er opplagt.

Innebygd i motivet om å skaffe kunnskap om eige lokalsamfunn ligg også motivet om å knyte seg til slekt og heimstad, eller å styrke sin plass innafør eit kollektiv. I dette ligg det både førespeglingar om ei felles fortid som ein kan basere og bygge opp ein sosial identitet på, og at ein kan knyte seg sjølv opp mot ein sosial fellesskap.<sup>7</sup>

Ein av dei lokale historieskaperane i 1920-åra i Narvik var lektor Einar Blix. Den andre var sorenskrivaren Bernt Hovdan. I samband med byjubileet skulle Blix og

---

<sup>5</sup> Stugu 1997b: 130.

<sup>6</sup> Ibid.

<sup>7</sup> Ibid.

Hovdan i lag skape den offisielle 25-årshistoria.<sup>8</sup> Historia til Blix og Hovdan hadde om lag denne oppbygginga: Først budde det ei samling bønder i ein bortgøymt fjordbotn. Dei fleste var enkle fiskarbønder, men det fanst og ein handelsmann, «den ansette Moslingfamilie på Fagernes». Så kom ein del utanlandske aktørar med planar om jernbane til Ofoten. I kjølvatnet av planane vart det lagt ei utskipingshamn for svensk jernmalm frå Kiruna til Narvika. Arbeidsfolk og handelsborgarar etablerte seg, og i eit Amerikansk tempo voks den nye byen fram etter 1898. Narvik fekk bystatus frå 1902, og frå same året stod dei to store bedriftene LKAB og Statsbanene for regulære malmskipingar for det svenske selskapet LKAB(Bolaget). Statsbanene frakta malmen til hamneområdet, medan Bolaget tok hand om malmen derfrå. Framstilling var elles prega av fakta og objektivitet. Emnemessig gjekk dei to parhestane gjennom byutviklinga, og gjorde lesaren merksam på ulike sider ved byhistoria dei første 25 åra. Her kunne ein få eit innblikk i næringsliv og handel, kommunal utvikling og politiske forhold. Framstillinga var meir refererande enn analytisk og det kom få normative utsegn. Narvik vart sett inn i ei ordnande forteljing om opphav og utvikling innafor sentrale område.

Det var høgst problematisk å snakke om ein Narvikidentitet anno 1926. Byen var ung og befolkninga bestod av folk frå heile den svensk-norske unionsstaten. Likevel såg Blix og Hovdan sitt snitt til å gå laus på materien. Under temaet «befolkningsforhold» fekk lesaren ein grundig gjennomgang av kven som befolka byen og kor dei kom frå. Dette skulle gje svar på «stammens opphav», og igjen gje svar på større spørsmål. Blix og Hovdan kom fram til at «Narviks befolkning» var av «utpreget nordnorsk, nærmere bestemt: nordlandsk oprindelse».<sup>9</sup> I sin tur hadde dette bestemt språket i den nye byen. «Narvik bymål er en nordlandsk dialekt». Den var rett nok litt «svenskarvet», men det kom av at 5,1 % av Narvikværingane var frå Sverige. «Befolkningens avstamning og oprindelse er selvfølgelig en av de viktigste forutsetninger for Narviks befolknings karakter og særpreg», konkluderte dei. Her fann også forfattarane ei kjelde til å forstå Narvikidentiteten. Summen av livserfaring og dugleik frå ein generasjon gjekk til dels i arv til neste generasjon. Slik vart det «tradisjon og kontinuitet innen familiene». Summen av erfaringane til innbyggjarane sette, saman med nordlandsnaturen, preg på befolkninga.<sup>10</sup> Midnattssola om sommaren og mørketida om vinteren spelte og inn. Det same gjorde naturen kring byen;«Byens omgivelser er meget vakre», og det var eit utmerka fjell- og

---

<sup>8</sup> Blix og Hovdan 1926.

<sup>9</sup> Blix og Hovdan 1926: 66.

<sup>10</sup> Blix og Hovdan 1926: 67.



skiterreng. Dette «friske uteliv utøver en meget heldig innflydelse på befolkningen» i Narvik.

Folk vart ikkje berre prega av naturen. Byens «sociale milieu» var òg ein påverknadsfaktor. Narvik kunne «økonomisk og socialt sett» samanliknast med industribyar som Rjukan: «En stor bedrift trenger ingeniører, funksjonærer og arbeidere, og når først disse folk er der, kommer håndverkere og handelsmenn, læger, lærere osv. til, og en hel by oppstår». Den typen by som Narvik og Rjukan var, var universelle industribyar. Dei fanst overalt, og Narvik var ikkje ein typisk nordnorsk by. Folk «ventet sig å komme til sagalandet Nordland, 'hvor alt er mørke, sagn og angst', til de store fiskeriers land, og så kommer de til en by» som kunne vore kor som helst elles på kloden. Først seinare ville dei derimot merke seg at byen hadde «fine og sterke bånd» som knytte befolkninga til Nordland gjennom «avstamning, sprog og natur». Blix og Hovdan fant dette godt illustrert gjennom strofa i songen «Barndomsminne frå Nordland» av Elias Blix; «Der mitt hjarta er fest/ med dei finaste band». Saman utøvde naturen og samfunnet «sin umerkelige, men desto sterkere makt over innflytterne». Slik smelta dei saman «med det milieu» dei budde i. Slik vart Narviksamfunnet skapt, og om Narvik «dypest sett er en Nordlandsby», så skilte den seg vesentleg ut frå andre Nordlandsbyar med sin spesielle økonomiske struktur og sin «beliggenhet». Narvik låg avsides til, langt inne i Ofotfjorden, mens andre Nordlandsbyar låg ute ved leia. Det gjorde at andre byar vart anløpt av hurtigruta, og slik sett både fekk betre samband med omlandet sitt og andre nordnorske byar. Trass i det var byen «vokset organisk frem på Nordlandsk grunn», og det sette igjen preg på menneska i byen, og «vel gjort samarbeide mellem dem forholdsvis lett».

Gunnar Foss har skildra korleis «heimstaden» gjennom «heimstaddiktinga» har blitt trekt fram som «den klassiske retorikkens *locus amoenus*: den idylliske staden slik den eksisterer som eit konvensjonelt retorisk topos med eit bestemt inventar av tillagte eigenskapar». Slik Blix og Hovdan som lokale skaldar i Narvik framstilte Narviks sjel, var det tydeleg at dei klassiske teoriane til Montesquieu omkring topografi og klima framleis gjorde seg gjeldande langt inn i det 20. hundreåret. Her vart det vektlagt korleis krafta i desse særlege vilkåra spelte inn på og prega åndslivet. Det var dei basale livvilkåra, slik som klima og jordsmonn – *Boden* - som forma den menneskelege ånd innafor ei gitt folkegruppe.<sup>11</sup> Også dei tradisjonane ætta hadde, eller *Blut* var sentral i skaping av ein Narvikidentitet. Som dei klassiske heimstaddiktarane søkte Blix og Hovdan det særeigne

---

<sup>11</sup> Foss 1997: 102-103.

for lokaliteten.<sup>12</sup> Dei meinte Narviks befolkning var ein stamme som organisk hadde «vokset frem på Nordlandsk grunn». Dette var den kollektive identiteten til befolkningas. Narvikidentiteten vart definert ut frå kjenneteikn som språk og fødestad. Sjølv sagt var det eit poeng at dei geografisk budde innafor den grensa som skilte byen frå omverda, bygrensa. At Narvikværinga var nordnorsk var også sentral. Gjennom arv tok han med seg sin nordnorske identitet inn i den nye byen, slik at summen av livserfaring og dugleik vart tatt vare på og vidareført og det vart tradisjon og kontinuitet i familiane.

Den kollektive identiteten hos befolkninga var òg forma av naturen rundt byen, som var både vakker og hadde eit utmerka ski- og fjellterreng. Alle desse momenta hadde utøvd «en meget heldig innflydelse på befolkningen», tilliks med skiftingane i klima gjennom mørketid og midnattssol.

Også det sosiale miljøet hadde forma folk i malmbyen, og her hadde kanskje Blix og Hovdan størst vanskar med det analytiske grepet. Kompliserte økonomiske og sosiale fenomen var vanskeleg å forklare. På den eine sida var byen godt utbygd med moderne kommunikasjonar. Det var dagleg kontakt med utlandet gjennom jernbane- og hamnefunksjonane. På den andre sida mangla byen kontakt med omlandet og resten av landsdelen. Dette måtte forklarast. Det måtte også Narviks økonomiske posisjon. Korleis kunne det ha seg at byen var så ulik andre byar i landsdelen? Narvik representerte den «universelle» industribyen utan særpreg. Det einaste komparative grepet i så måte var samanlikninga med Rjukan, som var ein av dei mest spesielle industribyane i landet, bygd opp rundt etableringa av Norsk Hydro sin industriproduksjon.

I analysen av dei kompliserte sosiale og økonomiske samanhengane var det likevel eit fasitsvar, eller ei mytisk førespeglung som kunne nyttast for å rydde opp i alt det vanskelege og uklare. Blix og Hovdan lanserte ein ættebasert teori, der ein trass i alle vanskelege analytiske vanskar kunne konstatere at befolkninga var nordnorsk, og at byen trass i alt låg i Nord-Noreg. Om ein skulle vere i tvil var det berre å høre på dialekten. Etnisk sett var befolkninga nordlendingar som gjennom blodsband var knytt til resten av landsdelen. Det overskygde alle dei andre spørsmåla som kunne stillest til teoriane om den harmoniske byen med eit grunnfesta fellesskap.

### ***Lokalhistoria sin harmoniserande funksjon***

Både Blix og Hovdan må ha skjont kva funksjon lokalhistoria kan ha.

Lokalhistoria har ofte identitetsskaping og harmoni som prosjekt. Gjennom lokalhistoria

---

<sup>12</sup> Ibid.

har ein prøvd å styrke lokalt engasjement og tilhøyring blant innbyggerane i lokalsamfunnet. Gjennom lokalhistoria har ein også klart å skape nye identitetar. Tradisjonelt har intensjonen til lokalhistoria vore å «halde fast på gamle identitetar». Lokalhistoria har i stor grad hatt ein sterkt konstruerande funksjon når det gjeld identitetsskaping. Formålet har heller vore *restitusjon* enn *rekonstruksjon*.<sup>13</sup>

Eit fenomen som i likskap med andre industribyar var med på å prege Narvik var arbeidarrørsla. I historia til Hovdan og Blix var dette fenomenet lite påakta. Dei gjorde ikkje den sosiale strukturen i byen synleg. Byen var ein arbeidarby, og det medførte igjen at den vart prega av klassemotsetningar, arbeidaropprør og arbeidarstyre frå før byen vart grunnlagt. Det oversåg Hovdan og Blix delvis. Harmoni og samarbeid var meir sentralt i framstillinga. Denne harmonien vart også forklart ut frå det nordnorske opphavet til folket. På grunn av dei sterke banda befolkninga hadde til landsdelen var det noko som batt ho saman. At det var eit kontroversielt punkt viste seg tidleg i skriveprosessen, for då eit manus om nettopp framstillinga av framveksten til arbeidarrørsla som vekte sterkast negative reaksjonar frå mange som tilhørte dette fellesskapet i arbeidarstyrte Narvik kommune.<sup>14</sup> Blix hadde nytta karakteristikkar av dei ulike delane av arbeidarrørsla med «utnavne» eller det dei karakteriserte som «skjeldsord».<sup>15</sup> På leiarplass i arbeidarpartiorganet Fremover vart behandlinga av rørsla karakterisert som «simpel politisk agitation».<sup>16</sup>

Kva som låg til grunn for Blix si framstilling vart utdjupa i eit festskrift i jubileumsåret.<sup>17</sup> Framstillinga hans hadde klåre ideologiske og politiske implikasjonar. Ho skulle peike framover slik at «utviklingen i fremtiden vil fortsette paa samme rolige, organiske maate» som den hadde gjort. Det skulle dessutan skapast «enighet innen befolkningen» for å gjøre «samfølelsen» djupare. Denne samkjensla, «det felles som ligger til grunn for det hele», skulle framhevast slik at ein gjorde «menneskeverdet høiere».<sup>18</sup> For Blix var det avgjørande at «en by eller et folk» hadde sine tradisjonar. Det skapte «større sammenheng og ro over utviklingen». På det viset vart det ikkje «voldsomme og usikre brudd med fortiden». Slik ville folk ha ein «fast og sikker form aa holde sig til», og det ville gje meir «balance». Utviklinga av samfunnet ville skje sakte og organisk «som ett

---

<sup>13</sup> Stugu 1997b: 133.

<sup>14</sup> Kopi av brev frå E. Blix, i Blix, E. og B. Hovdan: *Festskrift til Narviks 25.årsjubileum. 29de mai 1926*. Narvik 1926. Lokalsamlinga, Nabibl.

<sup>15</sup> Fremover, 29.5.1926.

<sup>16</sup> Fremover, 26.5.1926.

<sup>17</sup> Blix 1926.

<sup>18</sup> Blix 1926: 5.

mektig tres stille framvekst». Et slikt samfunn ville bli lukkelegare enn eit som var prega av utvikling «under skarpe brudd».<sup>19</sup> I artikkelen kommenterte også Blix motsetningane som låg i den klassesdelte byen. Trass desse «fantet ett felles grunnlag aa bygge paa», nemleg «fellesskapet i kaar og lynne hos størstedelen av folk». Det var eit fellesskap som gjorde det «lettere for dem aa smelte sammen til en bybefolkning og bygge op ett bysamfund». Igjen låg forklaringa på den fellesskapsidentiteten ein fann i befolkninga sine «dype røtter i Nordnorges jordbund».<sup>20</sup> Blix hadde ei bestemt oppfatning at kimane av klassemotsetningar var overvunne fordi «partikløvningene igrunnen ikke gaar saa svært dypt. Det som holder byens befolkning sammen, er sterkere enn det som skiller». Ein av dei sterkaste samlande faktorane i så måte var språket; «Den felles avstamning, sammenhengen med Nordland og Nordlandnaturen, med andre ord tradisjonene.»<sup>21</sup>

### ***Forestilte fellesskap***

Filosofen Anikken Greve meiner at ein kvar sosial stad av ein viss storleik, med ei viss samling menneske, er konstruert omkring sosiale spenningar og forskjellar. «Stedet som sosialt rom rommer ulike menneskelige fellesskap. Ingen er med i alle fellesskapene, kanskje er ingen med i nøyaktig de samme fellesskapene», har ho hevda. Det var truleg slik i Narvik òg. I omgangen med den sosiale staden Narvik, grensa dei fleste stadig inn mot sosiale rom dei var utafør. Det er altså ikkje den geografiske avstanden som hindrar at det sosiale fellesskapet får fundament i noko som vart delt av folk som budde på staden. Sosiale grenser hindra at geografisk nærleik vart nedfelt i fellesskapskjensle.<sup>22</sup>

Som Stuart Hall har vist, gav det geografiske rommet som bygrensene i Narvik skapte, fleire sosiale fellesskap på mange ulike stader i dette rommet. Hall meiner samstundes at ein vil finne «critical points of deep and significant *difference* which constitute 'what we really are'; or rather –since history intervened – 'what we have become'».<sup>23</sup> Dette verkar også inn på den funksjonen lokalhistoria har som identitetskonstruktør. Identitetane i byen ville vere under eit kontinuerleg påverknadspress frå ymse hald, også frå lokalhistorikarane Blix og Hovdan. Hall har peikt på at «far from being eternally fixed in some essentialised past» vil dei kulturelle identitetane vere «subject to the continous 'play' of history, culture and power».

---

<sup>19</sup> Blix 1926: 3.

<sup>20</sup> Ibid.

<sup>21</sup> Blix 1926: 5.

<sup>22</sup> Greve 1998: 180-181.

<sup>23</sup> Hall 1990: 225.

Når Greve stiller spørsmålsteikn ved fellesskap på lokalt nivå stiller Benedict Anderson på nasjonalt nivå spørsmålsteikn ved dei «forestilte fellesskap». Samanlikninga mellom nasjonen og den meir avgrensa eininga «byen» er ikkje irrelevant. Innafor begge områda ville ein risikere å oppleve at medborgarane kanskje aldri ville møte kvarandre, eller aldri ville høre snakk om kvarandre, men likevel vere i stand til å «forestille seg at de er medlemmer av det samme fellesskap».<sup>24</sup>

Spørsmål om fellesskap og identitetar har gitt rom for ulike tolkingar, og dei fleste lokale einingar har vore prega av samansette identitetar. Lokalhistoria til Blix og Hovdan har, som det meste av anna lokalhistorie, tilsløra det motsetningsfylte og inkongruente.<sup>25</sup> Identiteten har automatisk vore knytt til eit geografisk fastpunkt, ein «heimstad». Denne tilknytninga til heimstaden har blitt det overordna for identitetsskapinga i lokalhistoria, og fellesskapet har vore skapt av dei territorielle grensene, bygrensene, som har konstituert identiteten til dei som budde innafor grensene. Dei territorielle grensene har blitt sett på som overordna andre grenser som slekt, tru, kjønn, sosial bakgrunn eller yrke, og har dermed gitt lesarane av lokalhistoria illusjonar om territorielle fellesskap som ikkje eksisterte.

I Narvik finn ein døme på dette. Spesielt skapte ulike politiske spenningar ulike identitetar i byen. Med alle dei nye og moderne industrianlegga i kjernen av byen fekk arbeidarrørsla ei sterk stilling. Narvik var frå første dag eit klassesamfunn. Slik vart det også oppfatta. Mekanikaren Julius Bastian Olsen, som seinare både var ordførar og stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet skreiv i 1914, at Bolagets sterke posisjon i byen skapte vilkår for klassekamp og sosialisme.<sup>26</sup> Michael Puntervold, den første redaktøren i arbeidarorganet Fremover, peikte òg på det. «Ingensteds i Norge mærker man den moderne kapitalisme saa truende nær som i Narvik». Byen danna utan tvil den «bedste jordbund for kapitalismens modsætning, socialismen.»<sup>27</sup> Sjølv oppkomsten av avisa Fremover var eit uttrykk for at det geografiske fellesskapet ikkje var overordna den sosiale. Dei to eksisterande avisene i byen, Narvik Tidende og Ofotens Tidende stod «nokså fjernt fra den voksende arbeiderbevegelsen», og var visstnok ikkje spesielt interessert i å komme dei radikale arbeidarane i møte.<sup>28</sup> Arbeidarane måtte sjølv skaffe eigne aviser. Oppkomsten av avisa kan derfor forklarast som det Raymond Williams beskrev i *Structures of Feeling*.

---

<sup>24</sup> Anderson 1996: 19.

<sup>25</sup> Stugu 1997b: 134.

<sup>26</sup> Olsen 1913: 197.

<sup>27</sup> Puntervold 1903: 22.

<sup>28</sup> Forselv 1977: 78-79.

Den framveksande identiteten til den nye sosiale gruppa, arbeidarane, vart konfrontert med den dominante kulturen som gjennom språk og diskurs ikkje tolererte at dei kom til orde for å fullt ut uttrykke sine erfaringar.<sup>29</sup>

Men heller ikkje «arbeidarane» var nokon homogen gruppe. Innafor arbeidarklassen var det òg skilje. Her fanst radikale element og dei som tok avstand frå dei radikale. Alt i 1916 fekk ein ei moderat sosialdemokratisk liste som alternativ til den radikale Arbeidarpartilista. Seinare kom det også andre lister av radikal eller moderat karakter mynta på arbeidaridentifikasjonar. Her var det også eit vesentleg moment at dei to store arbeidsplassane i byen, Bolaget og Statsbanene ofte vart tilhaldsstad for høvesvis radikale og moderate haldningar. Det å vere arbeidar var altså ikkje berre uttrykk for å tilhøyre ei sosialt fellesskap. Kva type arbeidar du var kunne avgjøre kva politiske meiningar, idear og haldningar du hadde.<sup>30</sup> Det aktualiserer òg eit anna poeng framsett av sosiologen Stuart Hall. Han har vore kritisk til at marxistiske historikarar har gjort arbeidarklassen til ei *a priori* skapt, eins sosial gruppe. Sosiale, politiske og klassemessige formasjonar er produkt av artikulasjon og ikkje determinasjon, har han hevda.<sup>31</sup>

Også kjønnsdimensjonen var fråverande i lokalhistoria til Blix og Hovdan. Det har ofte blitt trekt fram at kjønn som kategori i seg sjølv danna identifikasjonar og sosiale fellesskap i motstrid til romlege fellesskap. Finn ein så døme på at det romlege fellesskapet ikkje var overordna dei kjønsmessige? Ja, då konene til nokre markante menn i Narvik protesterte mot politisk neglisjering i 1904 var det uttrykk for eit slikt fellesskap. Det braut med den lokale, romlege harmonien. Då kvinnene ville stille eiga kvinneliste framfor kommunevala i 1904 og 1907, stod fruene til ein overrettssakfører, ein skolestyrar, ein dampskipsekspeditor, ein banksjef, tre bolagsfunksjonærar og ein kjøpmann bak. Dei fem første kandidatane på lista var i rangert rekkefølge og som det stod i valprogrammet «fru sagfører Michelsen», «fru byggmester Øiseth», «fru overkonduktør Nilsen», «fru kjøpmann Hofseth» og «fru konsul Mosling».<sup>32</sup> Den sosiale bakgrunnen til dei som stod bak kvinnelista og listekandidatane var med andre ord dei øvre sjikt i byen. Ei av initiativtakarane, Elise Henschien, var klår over den politiske profilen. Lista var for kvinner «udenfor socialistpartiet».<sup>33</sup> Kvinnelista var derfor først og fremst ein protest mot neglisjeringa av kvinnene i si eiga klasse. I iveren vår etter å nytte kjønnsdimensjonen i

---

<sup>29</sup> Rutherford 1990: 22.

<sup>30</sup> Aas 2001: kap. 5.

<sup>31</sup> Rutherford 1990: 20.

<sup>32</sup> Fremover, den 23.11.1907.

<sup>33</sup> Ofotens Tidende, den 31.10.1907.

lokalhistoria, kunne vi med andre ord ha glømt at kvinnene heller ikkje var noko homogen gruppe med felles artikulerte kjønnsinteresser. Det var derfor andre sosiale fellesskap som avgjorde at dei borgarlege kvinnene ikkje vart valt inn i bystyret, mens husmora Hilda Sund møtte for Arbeidarpartiet frå 1913-22. Ingen av desse momenta var viktig i Blix og Hovdan sine framstillingar om Narvik.

Den harmoniserande og eindimensjonale identitetsskapinga som lokalhistoria representerte kan derfor kritiserast. Begge historieskaparane hørte sosialt til utafør fellesskapa til breie masser av befolkninga, samstundes som dei konstruerte ein ikkje-eksisterande byfellesskap.

### ***Korleis arbeide med «byidentitet»?***

I samband med arbeidet med Oslos byhistorie presenterte Knut Kjeldstadli ulike metodiske tilnærmingar til problematikken «byidentitet». Kjeldstadli meinte ein kan omtale byar på to vis: «Vi kan skrive om byer som objektive størrelser – som topografi, sosiale formasjoner og økonomi. Slik får vi vite om byenes fortid, nåtid og framtid». Eller ein kan «skrive om byer som menneskers subjektive opplevelse av hva byene var i fortid, nåtid og framtid».<sup>34</sup> Kjeldstadli klårgjorde at det ikkje var enkelt. Å få tak i opplevinga av byen var truleg det vanskelegaste, og for å gripe den lanserte han eit «tenkeord», eit ord som vekte assosiasjon, som var eit fleirtydig snarare enn eit ferdig omgrep. Tenkeordet var omgrepet «byidentitet».<sup>35</sup>

I sine refleksjonar omkring «tenkeordet» meiner Kjeldstadli bestemt at ein må skilje mellom «iallfall seks versjoner, seks former for byidentitet:

At *vi* som byen tilhører står mot *dem* som ikke har samme rettmessige krav på den. Dette innebærer at ulike klasser og grupper konkurrerer om hva byens identitet er.

At følelsen av å høre til byen konkurrerer med en følelse av at *vi* som bor i denne bydelen er ulike *de andre* i byen.

At *vi* som lever nå står mer samlet enn *de* som levde før. Det innebærer at større sosial, politisk og kulturell enhet er blitt skapt over tid.

At *vi* i byen står i motsetning til *dem* som er på landsbygda, enten i det umiddelbare omlandet eller i landet som helhet.

At *vi* her i byen også kan stå overfor *de* som bor i andre byer.»<sup>36</sup>

Den sjette og siste forma for forskning på byidentitet som Kjeldstadli lanserer er ønsket om å få fram det særeigne ved byen i den epoken ein omhandlar, for å få ein

---

<sup>34</sup> Kjeldstadli 1995: 61.

<sup>35</sup> Ibid.

<sup>36</sup> Kjeldstadli 1995: 62.

«fornemmelse og forståelse» av korleis dei ulike liva vart levd.<sup>37</sup> Som Kjeldstadli meiner og det tidlegare har blitt påpeikt skjedde det klassemessige konstruksjonar av sosiale fellesskap innafor byterritoriet. Arbeidarrørsla stod også mot borgarskapet i kampen om innhaldet i byidentiteten, også innafor arbeidarklassen var det fellesskap skapt mellom anna av arbeidsplassane. Ein annan fellesskapskonstruksjon som passar inn i Kjeldstadli sitt mønster var motsetninga mellom bydelane. Særleg voks det fram skilje mellom dei to sentrale bydelane Frydenlund og Oscarsborg. Vi kjenner også til at fellesskap vart konstruert rundt delar av bydelar og gater. Det kunne mellom anna gje seg utslag i gjengkampar mellom ungar. Også overfor dei utafør byen vart det forsøkt å skape ei vi-kjensle. Dei første som vart oppsagt i mellomkrigsåra når Bolaget gjekk til permitteringar var «utenbyes», altså dei som kom utanfrå. Dei som ikkje hadde «hjemstavn» i byen. Eksistensen av ei eiga bysjåvinistisk «Narvikforening» var tydeleg utslag av framandfrykt i byen. For å bli med i denne måtte ein ha blodsband i orden og ha budd i byen i minst 20 år.

Skjemaet til Kjeldstadli kan også nyttast til å forklare korleis ein bygde identitet gjennom å skape ein front mot nabobyen/nabobyar. Særleg såg ein det i spørsmålet om opprettinga av Ofotens dampskipsselskap (ODS), som skulle ta opp kampen med Saltens Dampskipsselskap frå Bodø. Kampen om lokaltrafikken på byens «egen fjord», Ofotfjorden, vart etterkvart sterkare. Og det fungerte så samlande at den arbeidarstyrte kommunen med Julius B. Olsen i spissen saman med handelsborgarane gjekk inn og danna reiarlaget. Byen eigde fjorden den låg ved, og vart eit viktig regionbyggande føretak.

Kjeldstadli slo dessutan fast at byidentiteten ikkje var nokon «enhetlig og entydig størrelse». Kven *viet* omfatta vart langt på veg avgjort ut frå kven *dei andre* er. På same viset som biletet av kven dei andre er, skiftar biletet av kven vi er. Det finst med andre ord fleire versjonar av «byidentitet», og desse er alltid knytt til mennesket.<sup>38</sup> Byen sjølv har ingen identitet. I britisk sjargong snakka ein om at «she lies there», eller «byen» reagerte slik og slik. Byen er ikkje eit subjekt. Det er heller slik at nokon i byen er subjekt, og då er det klårgjørande og nødvendig å snakke om kven dei handlande subjekta er.<sup>39</sup>

Sentralt i metoden står det for Kjeldstadli å samanlikne økonomiske, sosiale og kulturelle forhold med andre byar. Tilnærminga har som mål å få «vår by til å tre skarpere fram», og til det treng ein eit omgrepsapparat, eit «assosiasjonsskapende

---

<sup>37</sup> Kjeldstadli 1995: 69.

<sup>38</sup> Ibid.

<sup>39</sup> Ibid.



”tenkeord”, som ”byidentitet”, ”mentale kart”, ”domene”, ”bysystem” og ”bykategorier”». <sup>40</sup> Dette inneber at forskaren må gripe ein slags større heilskap og «essens», for å samanfatte, og trekkje trådane saman, gjerne mot slutten av framstillinga, til eit bilete av korleis det «eigntleg» var. Byidentiteten er med andre ord noko anna enn summen av parkar, sjukehus, bankar og kjente kunstnarar som finst i ein by. <sup>41</sup>

### Narviks særpreg

Det var mange som forsøkte å få Narvik til å «tre skarpere fram», og dermed forsøke å konstruere ein Narvikidentitet. Når tilreisande eller utanforståande skildra Narvik, kom den moderne og industrialiserte byen tydeleg fram. I Lofotposten skreiv redaktør Paulsen at det var noko av «eventyrets forjættelse» over den nye byen. Inne bak fjella låg store skattar gjømt. Metaforar som skulle understreke eventyret vart også brukt. Narvik hadde «gullnøkkelen» som gjorde at de rike skattane let seg hente fram. Narvik hadde gjennom si isfrie hamn nøkkelen til porten til malmeksporten. <sup>42</sup> Til malmbyen inst i Ofoten kom det dagleg 6-700 jernbanevogner, og ein 6-8000 tonns malmbåt vart lasta på omlag 6-7 timar. Båtane kom og gjekk ustansleg, og det kunne ligge opp mot 20-30 malmskip på hamna samstundes. All trafikken saman med «den veldige jernbanetrafikk» gav byen «et preg av liv og travelhet» utan sidestykke i nasjonal samanheng. Bladet Nordlys frå Tromsø meinte malmtrafikken sette byar som Trondheim «fullstendig i skyggen», og Tromsø kunne «man overhodet ikke» samanlikne med. <sup>43</sup>

Eit stort malmlasteanlegg midt i byen skapte eit særpreg utanom det vanlege. Frå oppbygginga og anleggsarbeidet prega dette Narvik meir enn andre nordnorske byar. Arbeidsprosessane skapte eit eget bybilde, med lyd og lukt. Ein reisande konstaterte «ja – her er liv» i Narvik. <sup>44</sup> Han var fengsla over det «travle, larmende liv» som utfolda seg langs Narvikbukta. Dette skapte ei eiga stemning: «Lokomobiler stønner og puster (...) vogne med grus og sten farer op og ned mellom sjøen og plateauet ovenfor, og nu og da vælter røgen tilveirs i tette skyer, medens dumpe drøn ruller hult mellom de høie fjelde, og en regn af sten suser afsted langt ud over den stille, blanke bugt.» <sup>45</sup> Narvik var dominert av framtidsmusikk på meir enn ein måte. Lydar og lukt symboliserte ei ny tid, med spor av sivilisasjon, pengeøkonomi, ny teknologi og nye menneske. Narvik vart frå første stund

---

<sup>40</sup> Ibid.

<sup>41</sup> Kjeldstadli 1995: 69-70.

<sup>42</sup> Lofotposten, den 28.5.1926.

<sup>43</sup> Nordlys, den 8.11.1927.

<sup>44</sup> Folkebladet, (K.B: «Fra jernbaneanlegget og den vordende by nordpaa»), høsten 1900: 106. Nabibl.

<sup>45</sup> Folkebladet, (K.B: «Fra jernbaneanlegget og den vordende by nordpaa»), høsten 1900: 106. Nabibl.

prega av denne stemninga som var kjenneteikna av «lif og ”business”». I Narvik hørte ein «hamrandet (...) bultandet och spikandet».<sup>46</sup> Livet på bolagsområdet verka inn på livet i byen. «Ude ved malmkaien merkedes liv», kunne ein tilreisande Harstadværing fortelje. I hamna låg båtane «og svælgede i den deiligste A-B-C-D-malm».<sup>47</sup> Nede ved sjøve lastekaiene vart malmen tømt frå vognene til ei malmrenne med ei stålplate, det ein kalla eit «slagbord» framfor utløpet. Plata som skulle dempe for skadar malmen kunne påføre lasterommet når malmen rente ned, skapte òg klang. På heile bolagsområdet gjekk det dampdrivne lokomotiv til og frå lastekaiene, direkte frå malmtog eller frå opplag. Frå 1901 til 1925 skaffa LKAB seg i alt 21 dampdrivne lokomotiv til skifteteneste og liknande. Bolaget hadde i alt 11 av dei kraftigaste skifteloka i Norden i samtida.<sup>48</sup> Metalldunk, lyd frå bremsing og lyden av møtet mellom lok og vognsett hørtes godt mellom fjella. Alle dei dampdrivne lokomotiva og i tillegg ein 8-10 andre dampdrivne innretningar i og rundt Narvik hamn skapte støv- og luftforureiningsplagar. Det var ikkje uvanleg at det låg eit lokk av røyk over Bolagsområdet som òg spreidde seg til bydelane Frydenlund og Oscarsborg. Derfor hang mang ein klesvask utsett til for sot og støv. Det førte til at mange husmødrer etterkvart fekk uthus med tørkeloft.<sup>49</sup> Det visuelle og lydmesseige inntrykket var særigeit for Narvik både på godt og vondt. Legefrua i Narvik, Edith Astrup har i sine minne vektlagt at møtet hennar med Kristiania vart prega av søvnløyse. Hovudstaden var for stille. Det var uråd å få sove utan dei kjente og kjære Narviklydane skapt av alle dei industrielle og teknologiske innretningane i og omkring Narvik hamn og Bolagsområdet.<sup>50</sup>

Eit omgrep som stadig vart brukt om byen Narvik var omgrepet «nybyen». Det reflekterte ikkje berre byen sin karakter som ny, i forstand av ung i forhold til dei andre og eldre nordnorske eller norske byane. «Nybyen» spegla også at byen var annleis i forhold til tradisjonelle nordnorske og norske byar. Den norske historikaren Yngvar Nielsen karakteriserte byen i 1900 som ein representant for «civilisationens» inntog i Ofoten. Det moderne kom til den bortgjømte avkroken i Ofoten.<sup>51</sup>

### **«Sanse- og forståelsesmessig» forming av identitet i nettverksbyen**

I samband med byjubileet i 1926 fekk Narvik ei eiga «heimstaddikting» gjennom ein tekstkonkurranse. Det vart invitert til konkurranse om å lage Narviksong. I

---

<sup>46</sup> Améen 1903: 310.

<sup>47</sup> Fremover, den 25.3.1905.

<sup>48</sup> Berger og Simonsen 1999: 1.

<sup>49</sup> Vanje 1998: 56-57.

<sup>50</sup> Astrup, E.: «Fra Narviks barndom. Utdrag av et radiomanuskript 1937»: 18. Lokalsamlinga, Nabibl.

<sup>51</sup> Nielsen 1900: 2.

dag ligg songane i kommunearkivet på Rådhuset. Kva lagnad tekstane fekk veit vi lite om. Vi veit berre at dei sjeldan har blitt framført. Det er likevel interessant å spørje seg kva tekstforfattarane assosierte med den nye byen. Kva kjenneteikna heimstaddiktinga om malmbyen? Anniken Greve har skrivne at forminga av «staden» ikkje berre skjer gjennom den fysiske forminga, men at det også skjer ei «sanse- og forståelsesmessig» forming.<sup>52</sup> Fleire av Narviksongane er uttrykk for det. «Heimstad»-identiteten har blitt skulda for å oversjå skiljet mellom «stad» og «samfunnseining». Gjennom kulturelle uttrykk kunne ein skape førespeljingar om staden, eller lokaliseringa som var overordna alt anna. «Heimstaden» vart kulturelt konstruert gjennom diktning og songar, men var langt på veg konstituert gjennom erfaringar og opplevingar. Staden stod fram heller som eit fastpunkt for ei livsverd, ein «lokalisert dagleglivsarena», enn ein kulturell konstruksjon. I Narvik kan det sjå ut som om Narviksongane sansa denne livsverda. Byidentiteten vart på mange vis uttrykt gjennom lokalbefolkninga sine kjensler for bypulsen.

At Narvik var ein arbeidarby, eller aller helst «arbeidets by» kjem fram i fleire songar. I ein skriv diktaren: «Arbeidet kaller, og arbeidet lønner/daglig vårt stræv med sin glede påny/Det er en arv vi vil gi vore sønner:/skjenke dem Narvik som arbeidets by».<sup>53</sup> Andre diktarar legg også vekt på «arbeidet». Ein skildrar korleis «arbeidets larm som om dagene spøker/stummer ei hen når at natten går inn».<sup>54</sup> Narvik var byen der arbeidet heldt på natt og dag utan pause. Den utanforståande måtte også sjå det. Det skulle denne setninga understreke: «titt må en fremmed rett underende stanse/her er det arbeidets verd som gir rang».<sup>55</sup> Arbeidet var viktig i Narvik. Det vart også understreka i diktet med denne formuleringa: «Her er arbeidstok – ja, som duer/her er slit, her er stræv dagen lang...».<sup>56</sup>

Det livfulle arbeidslivet kjenneteikna ein industriby. Ein diktar understreka det med følgjande strofe: «Du aldri sover, aldrig dø/ du alltid fremad vandre».<sup>57</sup> Gjennom industrien vart byen prega av støy og larm, og slik vart larmen eit symbol på det moderne og framtidsretta. Byen inst i Ofoten var prega av meir trafikk og støy. Her var «færdselens taktfaste gang».<sup>58</sup> I ein song heitte det at «Her er støi, her er larm, her er brøl, du/ har du hørt en mer liflig musikk?/ her er latter og graat, her er fred, du/ her er arbeidets jevne trafik».<sup>59</sup> Igjen var det arbeidet som skapte byens sjel. «En dag blev det liv på det ensomme

---

<sup>52</sup> Greve 1998: 100-101.

<sup>53</sup> Utkast til Narvik-song, melodi L, Narviks jubileum 1926. Narvik kommunearkiv.

<sup>54</sup> Utkast til Narvik-song, melodi J, Narviks jubileum 1926. Narvik kommunearkiv.

<sup>55</sup> Ibid.

<sup>56</sup> Utkast til Narvik-song, melodi A II, Narviks jubileum 1926. Narvik kommunearkiv.

<sup>57</sup> Ibid.

<sup>58</sup> Ibid.

<sup>59</sup> Utkast til Narvik-song, melodi H, Narviks jubileum 1926. Narvik kommunearkiv.

sted», kunne ein av Narvik-songane fortelje, før han seinare optimistisk tilføyde: «og la det være tegnet i arbeidets jag, at byen vil vokse sig stor». Trua på at industrien var framtida var også eit gjennomgåande tema. Ein hadde berre sett starten på eit eventyr.<sup>60</sup> Narvik var framtidsbyen.

Det var derfor ikkje uventa at Narvikfolk sjølv ville ha det med i sine songar. I ein song skriv forfattaren at «arbeidets rytme, dets puls vi fornemmer/ hørbart i togenes larmende gang/hjulene, skipet og malmen er stemmer/ skiftende toner i arbeidets gang». Bylarmen og ståket var så og si «byens sjel». Det blir understreka ytterligare av andre: Malmtoga «tordner og lyner», sirenene ved Bolaget «toner vakkert goddag», mens «arbeidets larm» aldri stummar hen når «natten går inn».<sup>61</sup> «Togenes skratten høres i natten/kvikt mellem drøn fra et malmlastet sett/ Malmlast som suser/ ned gjennom sluser/skraller som torden mot slagbordets brett».<sup>62</sup> Dei moderne innretningane i industrien skapte ein «arbeidets rytme», ein industrialismens «puls». Takta til maskinen kunne samanliknast med hjarterytmen til kroppen. Industriens larm og støy var på mange måtar Narvik sin eigen musikk. Støyen som songane formidlar var bokstaveleg talt Narviks songar. Dei var byen sin song, eller det ein av diktarane kalla «malmklangens ekko», noko som både konstituerte byen sitt og synet frå utanverda på byen.

Narvik var i økonomisk forstand forskjellig frå dei andre tradisjonelle nordnorske byane. Vi kan snakke om at det ideelt sett finst to typar byar. Den eine kan ein karakterisere som «nettverksby», medan den andre har fått namn som «sentralstad». Desse to typane er ytterpunkt på ein akse. På den eine sida har vi sentralstadene, som ofte inngår i eit hierarki etter kor viktig funksjonane overfor omlandet er. For desse byane er det «handelsoppland» eller «sirkumferens», byene sitt lokale eller regionale omland, som karakteriserte byen sine økonomiske funksjonar. Byane Bodø og Tromsø var typiske sentralstader som i tillegg til å tene omlandet sitt med varer også hadde viktige administrative funksjonar. Nettverksbyane er på den andre sida ein del av eit omfattande system skapt av handelsvegane. Narvik var utan tvil ein slik by. Byen var frå starten av eit knutepunkt i eit handelssystem. Den skulle inngå som ein del av eit stort nettverk der malmen var det sentrale elementet.<sup>63</sup>

---

<sup>60</sup> Utkast til Narvik-song, melodi F, Narviks jubileum 1926. Narvik kommunearkiv.

<sup>61</sup> Utkast til Narvik-song, melodi J, Narviks jubileum 1926. Narvik kommunearkiv.

<sup>62</sup> Ibid.

<sup>63</sup> Myhre 1992: 21-35.

Då malmskipingane starta opp i 1903, var det Frankrike, England, Canada, Tyskland og Belgia som først fekk sendingar frå Narvik.<sup>64</sup> Hamnebyane var delar av nettverket til Narvik, og hadde det til felles at dei alle fungerte som mottakarhamn for stål- eller jernverk i Storbritannia, på det europeiske kontinentet eller i Nord-Amerika.

I tillegg til desse reine hamnebyane var Narvik del i eit nettverk som omfatta dei store jern- og stålbyane i Europa og Nord-Amerika. Stålgigantar som Thyssen og Krupp i Düsseldorf, Duisburg og Essen fekk store mengde malm utskipa i Narvik, og den mest brukte mottakarhamna var Rotterdam i Nederland. Slik vart Rotterdam og Narvik knytt saman. Viss ein ville ha kjøpt sko eller hatt til konfirmasjonen kunne ein for eksempel få det gjort i Rotterdam.<sup>65</sup> Frå Rotterdam kunne ein òg skaffe seg smuglarsigarar, eller veneriske sjukdommar og smuglarsprit.<sup>66</sup> Storbritannia var den nest største avtakaren av malm, og særleg var hamna i Middlesbrough flittig besøkt av båtar med Lapplandsmalm.<sup>67</sup> Også Newcastle hadde anløp av malmbåtar med Lapplandsmalm. I Jarrow, ved munninga av Tyne, låg det kjente Palmerverftet, som i tillegg til å vere eit av Storbritannias største skipsverft, hadde 3-4 smelteomnar i drift.<sup>68</sup> Malmen gjekk og til Manchester, Ellesmere, Garston i Liverpool, Immingham, Skinningrove og Solway.<sup>69</sup> På sine returar frå engelske hamner hadde dei ofte med koll og koks som vart lagra på LKAB sitt koll-lager. Slik vart byen ein viktig del av ein tosidig kollhandel mellom Skandinavia og Storbritannia.

Gjennom å sjå på kva som var det særeigne ved Narviks økonomiske rolle som by samanlikna med andre nordnorske byar, ser ein klårt at Narvik hadde ein annan posisjon. Byen var økonomisk og geografisk sett prega av sin nettverksfunksjon. Det skilte byen frå Tromsø og Bodø, og byen vart i samtida samanlikna med Rjukan. Samstundes var ikkje byen ein norsk industriby. Byen var eit ledd i eit svensk gruvekonsern med hovudkontor i Stockholm, gruver i svensk Lappland, hamner i Luleå og Narvik og marknader i Ruhrområdet i Tyskland. Trafikaktiebolaget Grängesberg – Oxelösund (TGO) hadde halvdelen av aksjane i LKAB, medan den svenske staten eigde resten. Ingen andre norsk byar kunne heilt samanliknast med Narvik. Byen hadde ein maltrafikk som langt overgikk skipstrafikken andre stader. Jernbanedrifta til LKAB var privat, og sysselsette

---

<sup>64</sup> »LKABs malmskeppningar enligt konnossements-vigt under 1903», i TGO-protokoll for 1904:1267. TGO-arkivet. SRA-Arninge.

<sup>65</sup> Fremover, 21.11.1908 og 13.1.1909.

<sup>66</sup> Fremover 10.2.1909 (veneriske sykdommer) og 13.3.1909 (billige cigarer).

<sup>67</sup> Riden & Owen 1995. TGO 1-598 Statistik 1880-1956. TGO-arkivet. SRA-Arninge. Burton 1994: 188.

<sup>68</sup> Riden & Owen 1995. TGO 1-598 Statistik 1880-1956. TGO-arkivet. SRA-Arninge.

<sup>69</sup> Riden & Owen 1995. Og TGO 1-598 Statistik 1880-1956. TGO-arkivet. SRA-Arninge.

fleire hundre arbeidrar. I tillegg sysselsette NSB og staten til ulike tider 100-300 jernbanefolk. Ei hamneby som Narvik kan samanliknast med er Trondheim. Det var ein stor hamne- og jernbaneby av same omfang som Narvik. På den andre sida var dei to byane ulike, fordi Trondheim hadde eit stort omland å tjene, i tillegg til å vere eit viktig administrativt sentrum og teknisk høgskoleby. Dessutan var hamna livlig fordi eksporten var variert og trafikken ei blanding av nærtrafikk og langdistansefrakt. Oslo var også ein stor hamneby. Men byen kan heller ikkje samanliknast med Narvik. Oslo hadde eit meir variert næringsliv, fleire innbyggjarar og byen var dessutan sentralstad for ein stor og folkerik region, og ein heil nasjon. Stavanger var også ein stor hamneby, men den var som Trondheim eit viktig senter i ein større region. Industrien i byen og næringslivet elles var nok også meir variert. Ingen av desse byane var avhengig av eksporten til eit produkt eller ein industri. Narvik var del i eit anna nettverk enn Bodø, Tromsø, Harstad eller Trondheim. For Narvik var det andre og fjerntliggande faktorar som verka inn på liv og livsførsel i byen. Vi skal sjølvstund ikkje overdrive det for sterkt. Bodø, Tromsø, Harstad og Trondheim fungerte også innafor eit nett av byar. Handel og kommunikasjonar, fiskeeksport og anna handel og småindustri var viktig også for dei byane ved starten av 1900-talet. Men Narvik hadde eit anna fundament. Næringane som danna basis for eksistensen, vart knytt til ein annan økonomi og eit anna handelsnett enn andre nordnorske byar, og Narviks velstand og utvikling skjedde i nært samspel med nettet av jern- og stålverksbyar. Slik vart Narvik knytte til andre konjunkturar enn byar som Bodø, Tromsø, Harstad og Trondheim. Tyske og britiske vanskar i stålindustrien verka inn på livet i Narvik, og byen vart prisgitt forhold i ulike delar av nettet. Det vart også eit evig tilbakevendande tema i byen sine første 50 leveår.<sup>70</sup>

Gjennom Narviksongane såg ein korleis Narvik sin posisjon samanlikna med andre byar kom fram. Bybefolkning var - i tillegg til Blix og Hovdan- nokså medvite at byen hadde andre funksjoner enn Harstad, Bodø eller Tromsø, og la vekt på dette i tekstane. Kanskje kunne Blix og Hovdan funne svaret på nokre av spørsmåla sine i ein analyse av nettverksbyen Narvik? Kanskje var det essensen i forklaringa av det Blix og Hovdan karakteriserte som byen som låg «isolert innen Nordland»?<sup>71</sup> Nettverksfunksjonane var den viktigaste grunnen til at Narvik hadde betre og meir moderne kommunikasjonar med Stockholm og Kiruna, enn med nabobygdene i Ofoten. Byen hadde hyppigare besøk av båtar frå Rotterdam enn frå Harstad.

---

<sup>70</sup> Myhre 1992: 21-35.

<sup>71</sup> Blix og Hovdan 1926: 68.

Byhistorikaren Lars Nilsson har peikt på at ei byhistorie ikkje alltid bør sjåast i lys av nasjonalstaten, og at andre mønstre viser seg når perspektivet endrar seg. Særleg kjem dette fram dersom perspektivet er sentrum – periferi-prega, med Vest-Europas industrielle sentrum i fokus. Ved å sjå på det industrielle sentrum sin kontakt med råvareleverandørane sine i periferien, meiner Nilsson å sjå at Norden kan delast i soner der visse fekk sterkare kontakt med område i det sentrale industrielt utvikla Europa (Tyskland, Holland, Belgia og Storbritannia), enn med politisk og økonomisk sentrale regionar i eige land.<sup>72</sup> Ser ein på Narvik kjem også dette fram. Stockholm og Rotterdam var meir i kontakt med Narvik enn t.d. Oslo og Bergen, og trass i at Narvik var ein norsk by, kan det godt trekkast inn at han hadde andre, sterkare koplingar internasjonalt enn t.d. nabobyane i Nord-Noreg. Sidney Pollard har talt om at industrialiseringa i Europa har skjedd som ei ”fredeleg erobring”, ”peaceful conquest”, og i denne erobringa hang dei industrialiserte områda saman med marknader og råvareleverandørar i eit nettverk av hamner, industrianlegg og gruvebyar.<sup>73</sup>

Ein ser tydeleg også korleis dette prega befolkninga si eiga oppfatning av byen. «Vidt over verden/gled malmets færden/bort paa nationernes dampende skrog», står det skriven i ein Narvik-song.<sup>74</sup> Ein annan diktar skreiv slik om malmskipa: «kommer i flokker som hvaler og niser/mektige skibe som gjest for en stund/ Mange nasjoner!/hør hvor det toner/vakkert goddag med sirenenes klang!/Fjellet det svarer/de fremmede karer/synger sitt ekko til velkomst hver gang».<sup>75</sup> Narviks rolle som nettverksby vart kanskje mest presist skildra i diktet «Sang for Narvik», der mottoet for dikteren var «Veien». I det tredje verset heiter det:

«Øster i Sverige de svartmalmen henter  
op ifra gruperne, gravkald og rå.  
Vester i England verkstederne venter:  
Ovner vil smelte, og slegger vil slå...»<sup>76</sup>

Her ser ein sjølv essensen i Narviks rolle som nettverksby. Narvik låg mellom malmfelt og marknad. Her fann ein kjernen i noko av det særeigne ved Narvik, og som igjen sette sitt preg på befolkninga i byen. Målet kan ikkje vere å finne svar på den einaste byidentiteten, men heller vise at det i ulike epokar og samanhengar var ulike sosiale fellesskap knytt til det å bu innafor byfellesskapet. Målet er òg å vise at bygrensene ikkje i seg sjølv skapte ein felles Narvikidentitet, men at dei kunne gjøre det. Målet med

---

<sup>72</sup> Nilsson 2000: 15.

<sup>73</sup> Pollard 1991.

<sup>74</sup> Utkast til Narvik-song, melodi H, Narviks jubileum 1926. Narvik kommunearkiv.

<sup>75</sup> Utkast til Narvik-song, melodi J, Narviks jubileum 1926. Narvik kommunearkiv.

<sup>76</sup> Utkast til Narvik-song, melodi L, Narviks jubileum 1926. Narvik kommunearkiv.

lokalhistoriske framstillingar om Narvik må dessutan vere å få byen til å tre skarpere fram, gjennom å skildre kva som var særigeit ved byen til ulike tider og i ulike periodar. Slik kan ein kanskje komme fram til spor av Narvik-identitetar.

Ein må kanskje også finne tilbake til «staden» og sjå på den fysiske utforminga av han og korleis han kjem til syne som stad. På tvers av endringar er staden fysisk sett den same. Staden vil med andre ord gi seg til kjenne med den same identiteten til ulik tid. Den einaste forskjellen er at han blir konstruert gjennom alle mylder av hendingar, handlingar og forteljingar i dagleglivet, der fortid vart vevd saman med notid, og sosialt liv med naturvilkår. Samla blir det til ein understraum av vilkår som blir viktigare enn skilsetjande hendingar eller kulturberarar. Det inneberer at identiteten blir konstruert som ein kontinuerleg prosess der identiteten til staden blir summen av levde liv, erfaringar og forteljingar blant dei som bur på der. Identitet til staden blir med andre ord forma av tradisjon og forandring i ein kontinuerleg prosess.



## **Del 2 Narviks byhistorie - mellom kritikk og konstruksjon**

Ved utgangen av 1980-åra skreiv Francis Sejersted at historia har ein dobbel sosial rolle. Ho skal vere «befestende og befriende», og gje «fotfeste ved å skape kjærlighet til og respekt for tradisjonen», og samstundes hjelpe til med å «befri oss fra fortidens bånd» for å gjøre oss til «utviklingens herrer og ikke dens slaver». <sup>77</sup> I denne prosessen låg det etter hans syn ei medvitsgjøring om kven historikaren er og korleis han/ho vel kva ein vil bli. I forlenginga av denne problematikken peikte Sejersted vidare på at historieforskinga både må ha eit kritisk og eit konstruktivt siktemål. Det må vere både analytisk og syntetisk. I den historiografiske gjennomgangen av norsk historieforsking meinte Sejersted å sjå ein tendens til at historikarane tona den konstruktivistiske ambisjonen for svakt, og historiske samanfattingar av omfattande historiske utviklingsløp vart oftast både desintegreerte og lite samanhengande.

Ein grunn til dette kom mellom anna av at det ikkje alltid er lett å sameine kritikk og konstruksjon, - analyse og syntese. Ein annan var tendensen til å bygge dei sosiale forklaringane på «metodologisk individualisme», der den historiske verda er folkesett av rasjonelle, målmedvitne menneske – fri og atomistiske enkeltindivid. Sejersted vil heller leite etter kor individet får sine motiveringar og behov frå, og held fram at den metodologiske individualismen må erstattast av ein metodologisk kollektivism, der ein heller studerer den sosiale konteksten framfor enkeltindivid. <sup>78</sup> Målet med faget må vere å komme med historiske konstruksjonar, og konstruksjonen er, i følgje Sejersted ikkje god før han viser samanheng mellom historiske fenomen, og slik gjev historia mening. Først då kan ein legitimere faget sosialt. Konstruksjonen er sjølvstøtt lite verdt om han ikkje er kopl til ei kritisk analyse, fastslår Sejersted, men vektlegg konstruksjonen sterkast.

### ***Forteljing og historie***

Eit spørsmål som kjem i dagen er korleis historikaren konstruerer forteljingar, og her korleis forteljinga om Narvik blir konstruert. Begge byhistoriene tar nemleg for seg byens oppkomst og utvikling, i ei forteljing om denne. Hayden White har peikt på viktigheita av å sjå på komposisjonen av denne forteljinga, fordi ho vil vere komponert på sitt bestemte vis. Forteljinga er ikkje levd liv slik det eigentleg var, men forteljingar om levd liv, og i dette rommet mellom det som skjedde og forteljinga om det som skjedde, er det etter hans syn eit misforhold. I staden for å sjå på sanningsinnhaldet i forteljinga, vil

---

<sup>77</sup> Sejersted 1989: 395.

<sup>78</sup> Sejersted 1989: 405-407.

han heller studere kva form forteljinga har. Folkloristen Anne Eriksen har reflektert over det same forholdet, og held fram at historia ikkje er ei forteljing om fortidige forhold slik dei eigentleg var, men heller må sjåast på som kulturuttrykk, som ikkje skil *historie* og *historier* så sterkt som ein kanskje kan ha ein tendens til å gjøre.<sup>79</sup> Historia må forteljast for å bli historie. Nokon må etablere antakingar om samanhengar og årsaker bak hendingar, og verknadene av dei. Det krev både utveljing og tolking, og at nokon gjør desse vala og tolkingane. Kva skal definerast som viktige hendingar, kva samanhengar blir presenterte og korleis blir historia fortalt?

White meiner vidare at historiske forteljingar ofte held seg innafor fire komposisjonsmessige idealtypar; dei er anten romantiske, komiske, tragiske eller ironiske. I romansen ender det heile godt til slutt. I komedien skjer framsteget gjennom evolusjon eller brå omskiftingar, medan tragedien handlar om stagnasjon og fall. Den siste forma for forteljing, satiren, har form som ei historie om gjentatt eller tilfeldig katastrofe.<sup>80</sup> Når forteljinga fekk ei av dei fire formene kom det av at historikaren leita etter orden og samheng og slik konstruerte forteljingane sine som «einskaplege intriger».<sup>81</sup>

I det følgjande vil eg særleg legge vekt på korleis Ytreberg skreiv si historie om Narvik på 1950-talet. Narve Fulsås har vist at kvar tid vil ha si fortid, og at historia er ei forteljing som aldri tar slutt. Det er ingen avslutta tekst ein står *overfor*, men heller noko ein alltid vil stå *i*, og fortida vil heile tida endre seg i lys av nye hendingar, problemstillingar og interesser.<sup>82</sup> Slik også med Narviks historie. Ho kan forteljast av mange, og vere meir enn ei avspegling av fortida, og i tillegg vere slik Fulsås viser det, «eit tilskot til realiteten», der forteljinga kan binde saman «heterogene element som aktørar, mål, middel, samhandling, omstende, uventa resultat osv.».<sup>83</sup> Slik sett blir det som den svenske historikaren Sven Lilja at historikaren medverkar til å skape så vel mytar som velgrunna samfunnsperspektiv. Han meiner vi alle er del av ei omfattande og gåtefull kulturrørsle som gjev samfunnet vårt sjølvforståing og kulturell identitet.<sup>84</sup> Det gjeld i aller høgste grad både Ytreberg og meg sjølv. Samstundes er det viktig å understreke at historikaren ikkje er ein skjønnlitterær skribent som finn opp si historie som ein annan diktar. Det var heller ikkje slik White meinte det når han skreiv om historia. Ho er ikkje ein

---

<sup>79</sup> Eriksen 1995: 12.

<sup>80</sup> White 1978: 82.

<sup>81</sup> Fulsås 2005: 288.

<sup>82</sup> Fulsås 2005: 294.

<sup>83</sup> Fulsås 2005: 293.

<sup>84</sup> Lilja 1988: 9.

reint oppdikta skjønnlitterær tekst.<sup>85</sup> Forteljinga blir prega av kva metodar og teoriar som ligg til grunn for analysen, men er ikkje rein dikting.

### **Forteljinga om Narviks historie**

Dei siste tiåra har det vore ein aukande interesse for byar og forteljinga om den moderne byen sitt oppkome og utvikling. Byen og sjølve prosessen bak etableringa, «urbaniseringa», har blitt sett på som den kanskje viktigaste utviklingsprosessen i den moderne verda.<sup>86</sup> Det ser ein også når ein tar for seg forskingsfeltet og gjør søk på publisert litteratur dei siste åra både nasjonalt og internasjonalt. Omfanget av forskning om urbanisering er formidabelt.

I ulike delar av Europa og Nord-Amerika fekk urbaniseringsprosessen ulik takt. Dette hang kanskje særleg saman med industrialiseringsprosessen. Forteljinga om urbanisering og byvokster er òg komponert slik i boka *The Making of Urban Europe 1000-1994*. Her omhandlar den amerikanske byhistorikaren Lynn Hollen Lees og økonomen Paul M. Hohenberg mellom anna framvoksteren av Ruhr-området som Tysklands industrielle sentrum. Nokre få små mellomalderbyar utvikla seg i løpet av 1800-talet til eit gigantisk industrinett av kolgruve-, stålverks- og jernbanebyar i og rundt dei fem byane Duisburg, Essen, Bochum, Dortmund og Gelsenkirchen. Rundt 1900 budde halvparten av Ruhrs to millionar menneske i dei fem største byane, og ut frå dette området, bunde saman av elva Rhinen og jernbaneliner som transportårar i alle retningar, vart andre byar òg bunde saman med Ruhrområdet og industriproduksjonen der. Urbaniseringa sette sjølvstekt sterkast fart i områda nærmast Ruhr, men òg i andre land fekk industrialiseringsprosessen konsekvensar. I Nederland ekspanderte til dømes hamnebyen Rotterdam som ein følge av industrialiseringa i Ruhr. Den tyske industrien i området trong ei hamn, særleg då den tyske stålindustrien måtte hente råvarer som jernmalm lengre unna. Då vart også andre europeiske byar bunde saman med Ruhr-området i eit nett av byar med ulike roller.<sup>87</sup>

Heilt nord i Skandinavia fanst den malmen tysk industri etterspurte, og byane Narvik, Gällivare/Malmberget, Kiruna, Boden og Luleå voks anten opp av ingenting eller utvikla seg som større sentrum i sine område som følge av urbanisering og industrialisering i Ruhr-området. Den etterspurte malmen låg i fjella rundt Kiirunavaara og Luossavaara i Nord-Sverige, og den mest effektive måten å få malmen ut på var å bygge jernbane vestover, og laste han over på skip ved Narvikbukta, nokre mil vest for malmfeltet.

---

<sup>85</sup> Kobberød 2004: 22-23.

<sup>86</sup> Engeli & Matzerath 1989: 1.

<sup>87</sup> Hohenberg & Hollen Lees 1996: 187-188.

Malmskipinga utløyste utbygging av jernbane- og hamneanlegg, og på få år skjedde ei omfattande omforming av området rundt den vesle bukta, slik vi fekk det skildra i *del 1* Frå 1898 til 1900 kom det brått opp ein by, ei urban samling med namn Narvik, rundt det store, moderne hamneanlegget som skipa og sende malmen til stålverk og smeltehytter i Tyskland og andre industrialiserte delar av Europa. I den nye forteljinga om Narviks framvekst vil dette perspektivet ligge i botn. Narvik blir kopla opp mot ei internasjonal industrialisering, der utviklinga i den nordnorske hamnebyen også blir sett i samanheng med internasjonale konjunkturar i malmmarknaden, så vel som indrepolitiske forhold i Tyskland og/eller andre hendingar i delar av dette industrinettverket.

Vi såg i *del 1* at ei byhistorie ikkje alltid bør sjåast i lys av nasjonalstaten, og at andre mønstre viser seg når perspektivet endrar seg til eit sentrum – periferi-preg, med Vest-Europas industrielle sentrum i fokus. Slik fekk det industrielle sentrum kontakt med råvareleverandørane i periferien, og slik ville Nilsson dele Norden i soner der visse fekk sterkare kontakt med område i sentrale industrielt utvikla land som Tyskland, Holland, Belgia og Storbritannia, enn med politisk og økonomisk sentrale regionar i eige land.<sup>88</sup> Ser ein på Narvik kjem også dette fram, og trass i at Narvik var norsk, kan ein godt dra inn sterke internasjonale koplingar. Ser ein nærmare på bakgrunnen for framvoksteren av byen Narvik, må nettopp desse sidene ved opphavet til byen fram. Fordi Ytreberg ikkje klarer å få fram desse sidene ved Narviks historie på ein forløysande måte, var det eit poeng å behandle sjølve industrialingsprosessen på ein ny måte. Det innebar også at ein braut ned nasjonale grenser og tok i bruk internasjonale perspektiv på industrialisering og samferdsel, der Lars Nilssons sitt perspektiv kom med i refleksjonane.

### ***Historieprosjektet i Narvik – 1947-54***

Som vi såg i *del 1* fekk Narvik si første historiefremstilling alt i 1926. Interesse for byane som studieobjekt for historikarar var aukande utover 1900-talet, og ein kvar by i Noreg med respekt for seg sjølv fekk skrive sin bymonografi, ofte i samband med jubileum. I Nord-Noreg fekk Bodø si historie ved historikaren Axel Coldevin, publisert i 1937. Frå før hadde presten Johan Beronka skrive *Vadsø bys historie. Med spredte bidrag til Varangers historie* (1930), medan ein av medstudentane til Coldevin frå historiestudiet ved Universitetet i Oslo, Nils A. Ytreberg publiserte sitt arbeid *Tromsø bys historie. Bind 1* i 1946.

---

<sup>88</sup> Nilsson 2000: 15. Pollard 1991.

Ved påsketider i 1954 kom det første bindet av eit nyskrive historieverk for Narvik og området rundt malmbyen, Ofoten. Bindet dekte tidsepoken frå «eldre tid» til utbrotet av første verdskrigen i 1914. I oktober det same året kom så det andre og siste bindet av byens første 50 leveår. Det siste bindet dekte perioden frå 1914 og fram til 1951, og «til dels også frem til 1954», som historiekomiteén formulerte det i forordet.

Ytreberg hadde gått over som profesjonell forfattar av skjønnlitteratur og sakprosa etter nær 20 år som lektor i skoleverket. Han var ein av to-tre nordnorske historikarar som utgjorde det Håvard Dahl Bratrein har karakterisert som «gründer»-generasjonen i nordnorsk historieforskning, og 1927 var etter han syn sjølve grunnleggingsåret for den nordnorske historieforskinga, då helgelendingen Coldevin og Ytreberg tok hovudfagseksamen historie ved Universitetet i Oslo.<sup>89</sup> Då starta ein variert forfattarskap, der hovudproduksjonen omfatta nordnorsk historie, med ni bind by- og bygdehistorie, fem bind handelshistorie og to bind landbrukshistorie. I tillegg var han kjent for si gode penn, noko som mellom anna resulterte i romanen *Svarta Bjørn*, som kom ut som bok i den norske bokklubben. Romanen var eit biprodukt av byhistoriearbeidet om Narvik.<sup>90</sup> Ytreberg spelte også ei viktig rolle i kultur- og historiearbeidet i landsdelen reint allment gjennom andre verv og posisjonar, både som styremedlem ved og styrar av avdeling for nyare kulturhistorie ved Tromsø Museum, og styremedlem for Statsarkivet i Tromsø.<sup>91</sup>

Då det nærma seg hundreårsjubileet for Narvik, dukka spørsmålet om utarbeiding av ei byhistorie opp på nytt, og i 1997 tok kulturkontoret i Narvik kommune kontakt med historikarmiljøet ved Universitetet i Tromsø for å få råd om korleis ein kunne gripe an prosessen. Det var naturleg å gjøre det, all den tid Institutt for historie i Tromsø, berre tre og ein halv timars biltur unna Narvik hadde eit titals profesjonelle historikarar og dermed var det største profesjonelle historiemiljøet i Nord-Noreg. I løpet av dei vel 20 åra instituttet hadde eksistert, hadde ca. 100 studentar tatt historie hovudfag der. Då Coldevin og Ytreberg tok den same utdanninga i løpet av 1927-28, var dei truleg to av svært få nordlendingar i si tid med slik utdanning.<sup>92</sup> På dei 50 åra mellom Ytrebergs historie og det nye prosjektet hadde det med andre ord skjedd ei formidabel profesjonalisering av nordnorsk historieforskning og – utdanning. Det kom også til uttrykk gjennom at fleire av

---

<sup>89</sup> Dahl Bratrein 1987: 329.

<sup>90</sup> Dahl Bratrein 1987: 330-331.

<sup>91</sup> Dahl Bratrein 1987: 332. Ekrheim, Ekrheim og Norås 1950.

<sup>92</sup> Nettstaden til Institutt for historie, UiTø: Avlagte hovudfags-/mastergrader i historie ved UiTø 1975-2005: <http://uit.no/getfile.php?PageId=1675&FileId=210>. 30.08.2006.

dei tilsette ved historieinstituttet i Tromsø hadde vore involvert i profesjonelle historieprosjekt som Coldevin og Ytreberg nærmast var åleine om fram til 1970-talet. Mellom anna var fleire involvert i nye byhistorieverk i Tromsø, Vadsø, Alta og Vardø, til liks med universitetshistorie og tobindsverket *Nordnorsk kulturhistorie*.

Ein kan slutte seg til Dahl Bratrein og konstatere at Ytreberg tilhørte gründergenerasjonen i nordnorsk historieskriving, og at det er heilt uråd å komme utanom han både som forteljar og som forskar når arbeidet med Narviks historie skulle takast opp att i 1997-2001. Gjennom sine mange og mangfaldige forskingsprosjekt, står han framleis som ein av dei mest produktive nordnorske historikarane gjennom tidene. Både arbeida hans med t.d. Tromsøs og Narviks historie er ruvande verk i forskingsinnsats og –volum, og arbeida hans om handelsstadene er kanskje det mest omfattande om emnet nasjonalt. Også bygdebøkene hans har nådd eit breitt publikum. Svært mange av innbygarane i Narvik hadde dei to binda til Ytreberg om Narviks historie. Andre hadde tilgang til dei i bokhylla til onkel eller farmor. I mange samanhengar der ein trong informasjon om byen før 1954, nytta ein Ytreberg som kjelde. Ytreberg var premissleverandør både for korleis lokalhistorie skulle skrivast og korleis by- og bygdehistoriene skulle komponere forteljinga.

Roland Barthes har forklart at eit litterært verk kan sjåast på som eit uttrykk for forfattern sitt inste eg. Slik blir studien av Narviks historie ein viktig innfallspor for å skjønne både teksten så vel som forfattern og samtida hans.<sup>93</sup> Var det noko som førte til at visse sider ved Narviks historie kravde ny behandling i eit nytt verk, og kva trong ein ikkje skildre så nøye i ei ny framstilling. På kva vis fortel Ytreberg sitt historieverk noko om samtida hans? Sidan underskrivne var involvert i det siste prosjektet og Nils A. Ytreberg ikkje har høve til å forsvare sin posisjon, vil denne innleiinga til temaet ha ein reflekterande form, der hovudperspektivet vil vere å gå nærmare inn på det utgangspunktet Ytreberg skapte for arbeidet med prosjektet femti år seinare. Tillegget vil òg vere ein historiografisk gjennomgang av historiefaget sett i lys av dei to prosjekta. I den samanhengen er det dessutan eit fint høve til å sjå nærmare på Ytreberg som sentral nordnorsk historikar i ein formativ periode for det profesjonelle historikarmiljøet i landsdelen.

### **Mandat og prosess 1947-54**

Den amerikanske sosiologen Robert K. Merton har peikt på at ein kvar forskar står på skuldrene til kjempar; dei som har produsert vitskap opp gjennom tidene. Kunnskapen er ein felles eigedom, og tradisjonar og innsatsen til tidlegare generasjonar av

---

<sup>93</sup> Olsen 1997: 115-116.

vitskapsmenn er svært verdifulle i vitskapsverda, fordi vitskapleg framsteg involverer samarbeidet mellom fortidige og framtidige generasjonar. Det handlar sjølvsagt også om å vere audmjuk.<sup>94</sup> I forordet til Narviks historie anno 2001, blir det slått til lyd for å følge dette eksemplet:

«I 1953-54 skreiv Nils A. Ytreberg to bindsterke verk om Narviks forhistorie og byutvikling. Til sammen var de to bindene på vel 800 sider. Da arbeidet med å skrive historieverk for Narvik ble tatt opp igjen i 1997-98, var det flere som mente Ytrebergs bøker kunne trykkes opp på nytt. Slik ble det ikke. Man valgte å få nyskrevet den første 50-årsperioden til byens 100-årsjubileum. ”Nye generasjoner skal skrive historia på nytt”, var mottoet. For en forfatter som skulle gi seg i kast med arbeidet, skulle man på den ene sida stå på Ytrebergs skuldre, mens man samtidig skulle finne nye perspektiv og vinkler.»

Likevel er det viktig å drive kritikk og analyse av Ytreberg. Lat oss derfor sjå nærmare på kva Ytreberg gjorde i 1954. Initiativet starta med eit brev våren 1947 til Tromsø-mannen frå rådmann Jacob Kuvaas. Det var naturleg å kontakte Ytreberg ettersom han hadde publisert boka *Det gamle Tromsø* alt ti år tidlegare, og i tillegg publisert to bind om handelsstadene i Nordland og Finnmark, ei bok om Nordland Portland Cementfabrik a/s i Tysfjord og det første bind av Tromsø bys historie i 1946.<sup>95</sup> I brevet skreiv ex-ordføraren i arbeidartidkommunen Narvik om målet om eit historieverk til 50-årsjubileet, og at Ytreberg ikkje stod på berr bakke. Einar Blix og Bernt Hovdan hadde skrive 25-årssoge 20 år tidlegare. Denne kunne vere utgangspunkt for arbeidet med å føre historia så nært «opp til 1951 som mulig».<sup>96</sup> Elles måtte Ytreberg merke seg at kommunen ville ha ei «langt fylldigere behandling av Rombaksbottens historie» med ei «inngående skildring av samfundsforhold og folklore».<sup>97</sup>

Nils A. Ytreberg tok på seg oppdraget, og kunne dermed halde fram som profesjonell historikar.<sup>98</sup> Han hadde heller få merknader til mandatet, men kommenterte at han ville ha eit meir omfattande verk enn Coldevin hadde gitt Bodø. Malen skulle vere hans eige arbeid med Tromsø, sidan eit planlagt bind 2 av Tromsø-historia skulle dekke same tidsbolken. Narvik-historia skulle bli på 500 sider inkludert illustrasjonar. Arbeidet vart rekna til 2 ½ år, med ei årleg løn tilsvarande lektorløn i dåverande vidaregåande skole, og bindet skulle vere trykt våren 1950 og ute til jubileet i 1951.<sup>99</sup>

<sup>94</sup> Kalleberg 2003: 249.

<sup>95</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå Narvik kommune 4.3.1947.

<sup>96</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå Narvik kommune 4.3.1947.

<sup>97</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå Narvik kommune 4.3.1947.

<sup>98</sup> Dahl Bratrein 1987: 330-331.

<sup>99</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Udatert kontraktsutkast frå Narvik kommune.

På grunn av papirmangel, sjukdom og ekstra belastningar med kjeldesamling, vart arbeidet forsinka med 3-4 år, og då bokprosjektet gjekk inn i avslutningsfasen i 1953-54, stod oppdragsgjevar og forfattar overfor nye dilemma. Sidetalsgrenser var sprengt, og ingen fann det tilrådeleg med kutt i manus. Kontrakten vart reforhandla, og endeleg resultat vart to bind, eitt på 470 sider, og det andre på 456 sider. Binda vart delt ved 1. verdskrigen. I ein framdriftsrapport frå romjula 1951 skriv Ytreberg til oppdragsgjevaren at forseinkinga mellom anna kom av ønsket frå oppdragsgjevaren om å dekke Ofotens eldre historie. Det hadde tatt ekstra tid; «her forelå bare enkelte trykte undersøkelser, mens et viktig kildemateriale måtte graves fram av arkiver i Oslo og Trondheim».<sup>100</sup> Han understreka samstundes at resultatet var ei framstilling av «distriktets historie, som kunne stå for kritikk og gi et allsidig bilde av livet i Ofoten i eldre tid.»<sup>101</sup>

For Ytreberg var skriveprosessen prega av eit vekselspel mellom historiekomitee og forfattar, administrert først av rådmann Kuvaas, som vart erstatta av den nye rådmannen Knut Røssaak hausten 1948, då Kuvaas gjekk av med pensjon. Bokkomiteen besto elles av stortingsmann for arbeidarpartiet Alfred Nilsen, legefrue og mangeårig verjerådsmedlem (barnevernet) Edith Astrup, lokalhistorikar og lærar Magnus Røger og gamalrektor og venstremann Jac. Normann. Felles for alle medlemmane i redaksjonskomiteen var at dei hadde spelt aktive roller i samfunnet i heile eller delar av byens første femtiårsperiode, og derfor fekk direkte kjenning med framstillinga. I tillegg var fleire av dei viktige informantar for Ytreberg. Dei kunne både medverke med eigen informasjon om historiske hendingar i heimbyen sin. Magnus Røger var i tillegg lokalhistorikar, med fleire viktige bidrag til Ofotens historie.<sup>102</sup>

Ytreberg kom ikkje utanom autoriteten til kvar og ein i historiekomiteen. Det låg med andre ord konfliktkimer her, utan at vi kjenner til om slike kom til uttrykk. Det einaste eg kjenner til, er at komiteen la siste hand på verket. «Komiteen har i en lang rekke møter, fra september 1952 og hele vinteren, gått gjennom det hele manuskript og foretatt en del rettelser, tilføyelser og strykninger», heitte det mellom anna i eit notat. Ved påsketider i 1953 brukte dei mellom anna sju dagar saman med forfattaren i Narvik for å gjøre så vel «detaljerte rettelser som en helhetsvurdering av verket».<sup>103</sup>

---

<sup>100</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå Ytreberg til Narvik kommune, den 28.12.1951. s. 1.

<sup>101</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå Ytreberg til Narvik kommune, den 28.12.1951. s. 1.

<sup>102</sup> Røger 1951: 451-459.

<sup>103</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå Narvik kommune j.nr.1417/53, 11.4.1953.



## **Steensk og materialistisk inspirert borgarleg kulturhistorie**

Kva karakteristikkar kan ei gje Ytreberg som forfattar? Dahl Bratrein nøla ikkje med å karakterisere han som borgarleg historikar. Likevel var ikkje Ytreberg upåverka av samtidige historikarar og historieteoriar, og ser vi nærmare på Narviks historie frå 1954, har framstillinga mange slike kjennemerke. Då Ytreberg studerte ved Universitetet i Oslo, forelas historikarane Halvdan Koht og Edvard Bull d.e., og den materialistisk orienterte historia deira inspirerte Ytreberg. Politisk var han knytt til partiet Venstre, med dei følgjende det fekk for teoribruk, perspektiv og forteljing. Parallelt med Ytrebergs Narvik-historie heldt Edvard Bull d.y. på med ei historieframstilling om arbeidarrørsla i Noreg, der han proklamerte seg sjølv som marxistisk historikar. Då han seinare presenterte si historiebok for gymnaset, meinte han at «all historie er historien om klassekamper».<sup>104</sup> Eric Hobsbawn, ein annan marxistisk historikar, har skildra korleis marxistisk inspirerte teoriar kan vere utgangspunkt for historiske forklaringar, ved å «arbeide utover og oppover frå den samfunnsmessige produksjonen i dens særegne ramme» for å skildre samfunnet. Det var etter hans syn ein «bredt akseptert modell», inspirert av den «historiske materialismen», der ein tok for seg «materielle og historiske omgivelser», gjekk vidare til produksjonskrefter, og såg på strukturar i den økonomien som følgde(arbeidsdeling, byte, akkumulasjon, deling av overskot), og dei sosiale forholda som kom ut av dette. I tradisjonell marxistisk retorikk snakka ein ofte om basis og overbygning. Det materielle grunnlaget, den økonomiske basis verka inn på dei andelege ovringane, overbygninga.

Ytreberg var ikkje urørt av slike tankar, sjølv om interessefeltet hans har blitt sagt å vere «den europeisk orienterte borgerlige kultur».<sup>105</sup> I Narviks historie er økonomi og økonomisk utvikling sentral. I kapittel 3 står busetting og levevilkår i fokus, og han skildrar livsvilkår og levevis, gjennom studien av omfang av dyrehald, kva typar fe og sauar som vart halde, om hesten var mykje nytta, om jordbruk og åkerbruk. Han kjem inn på kombinasjonsbruket der fiskeria inngår som ein del av den økonomiske tilpassinga, og han hevdar at fisket frå gammalt var viktigaste næringsveg, både av økonomiske grunnar, og på grunn av rolla næringa spelte sosialt og kulturelt som «det store eventyret», avveksling frå dagleglivet.<sup>106</sup> Gjennom fiskerihistoria får vi vite kva typar heimfiske dei dreiv på fjordane i Ofoten og kven som deltok i dei store sesongfiskeria. Vi får innsyn i reiskapstypar og båtar, og forklart etniske skiljeliner i fiskeria.<sup>107</sup> I tillegg til dei to

---

<sup>104</sup> Bull 1976.

<sup>105</sup> Dahl Bratrein 1987: 332.

<sup>106</sup> Ytreberg 1953: 52-54.

<sup>107</sup> Ytreberg 1953: 54-58.

hovudnæringane gjev han innsyn i andre aktivitetar som gav hushalda fleire bein å stå på, som skogdrift, båtbygging, gruvedrift, jakt og ferskvassfiske. I botn for framstillinga ligg den økonomiske «basis», som dei andelege ovringane spring ut frå. Slik behandlar han også delvis byhistoria etter framvoksteren av byen Narvik. Når kyrkja blir bygd, kjem det som eit resultat av økonomiske oppgangstider, og drukkenskap veks og stagnerer i takt med økonomiske konjunkturar i malmeksporten.<sup>108</sup>

Men forteljinga er ikkje primært materialistisk orientert i tradisjonell marxistisk forstand. Ho bar heller preg av annan inspirasjon, og då særleg frå den samtidige kulturhistoria. Då Ytreberg kom til Oslo fekk ein jamgama, Sverre Steen stilling som adjunktstipendiat ved det historiske instituttet. Begge hadde Edvard Bull d.e. som lærar, og ting kan tyde på at Steen vart eit fagleg førebilete for Ytreberg. Jan Thomas Kobberød meiner Steen opparbeidde seg leiarposisjonen i det norske historikarmiljøet i tida mellom 1933 og 1938. Ein leiarposisjon som han heldt på langt ut i etterkrigstida<sup>109</sup> I 1927 vart Steen beden av Edvard Bull om å skrive nokre bind av ei ny stor Noregshistorie som var under planlegging, og det enda med at Steen skreiv fire bind om perioden 1500-1814 i serien *Det norske folks liv og historie* i perioden 1928-34.<sup>110</sup> Desse binda var del av eit større kulturhistorieprosjekt som òg inspirerte andre av Steen sin generasjon som til dømes Ytreberg. Han var tydeleg inspirert av dåtidas «kulturhistorie», eller det han sjølv karakteriserte «den almene kulturhistorie» i eit «ex auditorio»-innlegg under Knut Kolsruds doktorgradsdisputas i 1951. Då han publiserte hovudoppgåva i 1936 var det under tittelen *Det gamle Tromsø: en kulturhistorisk studie til byens historie før 1850*, og ambisjonen var å gi «det kulturhistoriske» ein sentral plass. Med det meinte han det som gjaldt «nordmenns daglige gjerning i jordbruk og fiske og heimestell».<sup>111</sup> I si framstilling av Ofotens historie i eldre tid og av Narviks byhistorie skildra han òg desse sidene ved livet. Ytreberg si kulturhistorie for Narvik og Ofoten skulle gje eit «allsidig bilde av livet» i sin fulle breidde.<sup>112</sup> I ei bokmelding i *Historisk Tidsskrift* i 1942 av boka *Nordlandske handelsteder. Virke – hverdag – reiseliv – fest*, meiner Johan Schreiner at Ytreberg ikkje i første rekke har som mål å «behandle de historiske problemer», i si kulturhistorie. Han ville først og fremst «gi et billede av liv og mennesker, en bred miljøskildring».<sup>113</sup> Vi skal sjå nærmare

---

<sup>108</sup> Ytreberg 1954: 223, 230.

<sup>109</sup> Kobberød 2004: 16-17.

<sup>110</sup> Kobberød 2004: 46.

<sup>111</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 19. Eks auditorio innlegg til Olaf Kolsruds disputas, 15.2.1951.

<sup>112</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå NAY til Narvik kommune, den 28.12.1951.

<sup>113</sup> Schreiner 1942a: 540.

på korleis dette synte seg i praksis i historieverket, og på kva vis dette la føringar for den nye byhistoria.

### **Harmoni- eller spenningsprega forteljing?**

Kobberød har vist at den Steenske kulturhistoria var prega av å vere «grunnleggende tilfreds med samfunnsutviklingen i sin tid», og at forfattarskapen peika mot eit grunnsyn der samfunnet var grunnleggande harmonisk.<sup>114</sup> Dette finn ein òg hos Ytreberg. Viss vi vender tilbake til Hayden Whites mønstre for korleis ei historieframstillinga har ein tendens til å bli komponert, kan ein seie at Ytreberg si historie har sterke preg av romansen. Trass i ei rad forstyrrende og øydeleggande hendingar i Narviks historie, og at Narvik sterkare enn alle andre norske byar var «underkastet verdenskonjunktorenes luner på godt og ondt», hadde byen utvikla seg frå eit relativt enkelt bysamfunn til ein «velutviklet organisme». Årsaka låg i den innsatsen som befolkninga i byen samla hadde mobilisert, gjennom at kvar enkelt «fant sin oppgave og kjempet for den». Dei «samlende løft» som «bar byen fram gjennom gode og onde år» hadde bore byen fram gjennom 50 år. Opp av ruinane hadde denne norske byen reist seg, med eit «våken og livsfriskt ansikt». Bygd opp av næringar utanom malmtransporten hadde byen dessutan opparbeidd seg eit «stort oppland».<sup>115</sup> Der Steen skreiv om nasjonen ut frå eit mål om at forteljinga skulle styrast av eit utviklingsperspektiv om «den fullendte nasjonen», kan ein tenkje seg at Ytreberg skulle gjøre det same på lokalt nivå. Narvik hadde blitt ein «fullendt by» trass mange skjær i sjøen undervegs med krig, klassekamp og periodar med økonomiske kriser.

I likskap med Blix og Hovdan si historie frå 1926, som vi vart betre kjent med i *del 1*, var heller ikkje framstillinga til Ytreberg prega av klassekamp og motsetnader mellom sosiale grupper. Snarare tvert om. Når han skildrar den eldre historia i Ofoten kjem han mellom anna inn på forhold mellom etniske fastbuande nordmenn og fastbuande og vandrane samar. Her tonar han sterkt harmoni mellom dei ulike etniske gruppene, der begge grupper hadde «en viss gjensidig nytte av hverandre», særleg når ein kom til handelssamkvenmet dei i mellom. Når bysamfunnet er ute av likevekt, kjem det alltid ein snarrådig forfattar fram og skapte harmoni og orden att. Særleg er det siste bindet full av slike døme. Kwart enkelt kapittel ender opp med ei formulering full av patos. Om dei turbulente og politisk polariserte mellomkrigsåra skriv han mellom anna at ein godt kunne

---

<sup>114</sup> Kobberød 2004: 64-66.

<sup>115</sup> Ytreberg 1954: 438-439.

seie at dei «brakte en sterkere nasjonal vekst og samkjensle i vårt folk».<sup>116</sup> Paradoksalt nok kjem den moralske indignasjonen fram når han skriv om dei nordiske idretts-stemna i Narvik i same perioden, der det var eit «bedrøvelig trekk ved tiden og dens stevnekultur at folk ikke blottet hodene for de to lands nasjonalsanger!».<sup>117</sup> Trass i klassemotsetnadar, der kommunistane prøvde å ta fleirtalet i 17. maikomitéen i 1925, vart det likevel «en fin og festlig 17. mai» det året. Kommunistane fekk ikkje kontroll over folketoget, og måtte nøye seg med tale på torget, fordi 17. mai etter Ytreberg sitt syn etterkvart hadde vunne fram til «et alltid sterkere symbol for det som samlet».<sup>118</sup> Det er nok særleg under behandlinga av slike fenomen at harmoni-historikaren Ytreberg har fått karakteristikken borgarleg historikar.

Han omtalar dei som arbeidde for særinteresser, i motsetnad til dei som var opptatt av nokre universelle, høgverdige «fellesinteresser», som om det objektivt sett fanst slike. Foreiningar som arbeidde for spesielle saker skapte til dømes vanskar for fellesskapet. Kampen deira for desse interessene kunne dels skade harmonien, og Ytreberg meinte organisasjonar berre svarte til «hensikten» om «særinteresser» ikkje vart dyrka «i den grad at det skader fellesskapets høye mål».<sup>119</sup> Når venstreordførar Martinussen vart vraka ved valet i 1902-03, skjedde det ikkje utan «bitterhet og strid». Miljø i byen planla demonstrasjonar til støtte for ein vraka ordførar, men ved avskjedsfesten for gamal-ordføraren ei tid etter, var det «omsider falt fred og forbrødring» mellom partane.<sup>120</sup> Heller ikkje framvoksteren av arbeidarrørsla var særleg konfliktfylt, i følgje Ytreberg. Hovudtalen til sosialist Jørg Berge på 1. mai i 1901 inneheldt «intet som ikke de fleste kunne underskrive».<sup>121</sup> Likevel var, som vi òg såg i *del I* ikkje alle i byen sosialistar.

Harald Winge peikte i 1992 på at lokalhistorikarar har hatt ein tendens til å drive «elendighetsforskning», der fokus konsekvent er på undertrykte grupper og korleis menneska stadig kjem til kort i sin kamp overfor så vel samfunnsmakter som natur.<sup>122</sup> Dette gjør etter hans syn ikkje lokalhistoria «funksjonsdyktig». På den andre sida åtvarar han også mot den andre ytterlegheita, nemleg å skape glansbilete. Her må ein sjølvsagt balansere biletet, og Winge oppmodar om nøktern respekt rundt skaping av «verdighetsforskning».<sup>123</sup> Vi skal sjå meir på dette seinare, men kan alt no konstatere at

---

<sup>116</sup> Ytreberg 1954: 269.

<sup>117</sup> Ytreberg 1954: 259.

<sup>118</sup> Ytreberg 1954: 267.

<sup>119</sup> Ytreberg 1954: 332-333.

<sup>120</sup> Ytreberg 1954: 339.

<sup>121</sup> Ytreberg 1954: 340.

<sup>122</sup> Winge 1992: 89-92

<sup>123</sup> Winge 1992: 89-92

Ytreberg si historie var harmoniserande. Bylivet fekk eit «Kardemommeby»-preg utan strid og verdikamp, sjølv om han ikkje var framand for latente spenningar i samfunnet. Han får fram spenning mellom fastbuande og tilreisande arbeidarar under anlegget, og det var strid om alkoholpolitikken. Det var problematisk for innbyggjarane i den nye byen å nå gjennom med sine interesser overfor så vel heradsstyret i Ankenes, som LKAB og den norske staten, og det var mange spenningar knytt til byregulering, kyrkje- og skoleutbygging osv av den grunn. Her var også konflikter med nabobyar og statlege institusjonar innan samferdsel, men i Ytreberg si forteljing kjem vi ikkje inn i kjernen til konfliktane, og vi får ikkje presentert eller drøfta dei ulike ståstadene til ulike partar. Perspektivet blir prega av vurderingar ovanfrå, og observasjonar meir enn inngåande analysar, noko Kjeldstadli har åtvara mot.<sup>124</sup> Ytreberg har alt observert, vurdert og konkludert, og historia blir lite funksjonsdyktig. Vi skal sjå på fleire sider ved dette seinare, og korleis det måtte få følgjer for ei ny byhistorie.

### ***Narviks historie 1998-2001 – nye vinklar og val***

Då arbeidet med Narviks historie kom på tapetet att våren 1997, vart det vurdert å berre dekke perioden 1951 – 2001 med eitt nyskrive bind. Det låg økonomiske vurderingar bak synet, men det kom truleg òg som eit utslag av at enkelte meinte Ytreberg sitt verk framleis stod seg fagleg. Narvik kommune søkte råd frå Universitetet i Tromsø ved historieseksjonen (Institutt for historie) i saka, og her vart dei rådd til å skrive ei heilt ny historie for heile 100-årsperioden (1902 –2002). Historikarane Lars Ivar Hansen og Hallvard Tjelmeland peikte mellom anna på at arbeidet frå 1954 var prega av Ytreberg sin «biografiske og episodiske tilnæringsmåte», og behovet for ny forskning. Med det meinte dei ikkje at arbeidet frå 1954 var bortkasta. Tvert om; det kunne nyttast som «ei første samanfatning» i ei ny byhistorie.<sup>125</sup> Arbeidet var prega av ei fagleg vinkling frå si tid, og ein ville miste mye ved å trykke ho opp att, vart det sagt. Formannskapet i Narvik slutta seg til dette.

Ytreberg sitt arbeid kunne med andre ord nyttast, og måtte takast omsyn til, men heldt ikkje dagens nivå. Noko hadde skjedd innafor historiefaget på femti år. Eit viktig spørsmål ved oppstarten var derfor kva Ytreberg hadde gjort og kva ein kunne bygge på når same periode skulle dekkast på nytt. Ytreberg hadde skildra fleire område grundig, og det var unødvendig gjøre noko nytt der av faglege og tematiske grunnar. Det var til dømes

---

<sup>124</sup> Kjeldstadli 1995b: 61.

<sup>125</sup> Brev frå historieseksjonen, ISV, ref.nr.: 05/LIH/97/089 til Narvik kommune, 25.2.97.

unødvendig å ta for seg skildringa av landskapet frå kapitlet «Land og lende». Ytreberg førte lesaren med på ei reise gjennom millionar år, der eruptive bergartar, strandflate og havbotn formeleg blir krysta saman av vulkanar, vind, vatn, sol og lys til det som seinare skulle bli eit landskap med folk og fe på strandlina ved fjorden framfor fjell-landskapet. Alt dette blir behandla for å synleggjøre korfor busettingsmønstrer tok form i høve til landskapet i Ofoten.<sup>126</sup> Mot slutten av kapitlet pensa han lesaren inn mot hovudobjektet for boka, nemleg Narvik. Etter ein start inne ved grensa mot Sverige, kjem Ytreberg ut til bygrensa frå 50-åra, og inn til to av gardane som seinare inngjekk i det som vart Narvik bykommune:

«Landet senker seg med lier og strender mot sjøen. Under Taraldsvikfjellet står ennå noen bratte skråningar som et siste stengsel. Så åpner lendet seg med de lyse slettene i Taraldsvik, liene langs Framneshøyden, flaten innunder Fagernesfjellet og bakkene ned mot Narvikbukta. I likhet med Øyjord-landet er dette neset lagt opp i en bakevje mellom isstrømmene engang i tiden. Lenger inne har en gammel endemorene bygd opp Fagerneset ved munningen av Beisfjord. Mellom de tre nesene Framnes, Fagernes og Ankenes ligger Narvikbukta som et nesten sirkelrundt basseng. Her er en dyp og isfri havn, skjermet mot vind og vær fra flere kanter. Det kan storme fra sørvest, det kan blåse kaldt fra nord, og Narvikbukta ligger like lun. Landvindsrokket kan stå ut av fjordene, og enda er det maksvær i bukta under Fagernesfjellet. Bare Beisfjordvinden kan være stygg, når den iblant setter inn. Det milelange slake fallet fra fjellene, den lune og isfrie havna, de blide bakkene mot sjøen – dette var det som tilsammen utpekte Narvik til *stedet*, til skueplassen for det store eventyret i Ofoten!»

Dette området danna topografisk ramme for byen, og sjølv om ein geograf ville skrive annleis om landet og lendet rundt på ein annan og mindre litterær måte, var det ikkje verd å bruke tid på nye landskapsskildringar. Det sterke fokuset på Ofotens eldre historie hos Ytreberg, og at oppdragsgjevaren tidleg fastslo at ein først og fremst ville ha eit byhistorieverk, gjorde at ein kunne la vere å gå inn ein tidsepoke før byetableringa og ei skildring av området rundt byen. Det var eit sterkt behov, i takt med ein voksende faglitteratur kring byhistorie å skildre Narviks oppkome og utvikling i lys av nye teoriar og modellar framfor tidsbruk på dei felte Ytreberg hadde brukt tid på.

### **Byen som studieobjekt i tida etter Nils A. Ytreberg**

Dette hang også saman med manglar i Ytreberg si historie. Han gjorde få refleksjonar kring den administrativt avgrensa byen. Heller ikkje hadde han skildra framvoksteren av byen. I framstillinga hans skjedde denne nærmast umerka og spontant. Utviklinga handla mest om generell byggeverksemd, og lite om byform og byen sin utviklingstakt og -tempo. Det rører ved byhistoriefeltet si faglege utvikling etter ca 1970,

---

<sup>126</sup> Ytreberg 1953: 11-21

noko som tidleg vart del i refleksjonane til oppdragsgjevaren og dei profesjonelle historikarane i 1997-98. Ytreberg hadde fagleg bakgrunn frå mellomkrigsåra og dei teoriane gjorde sitt inntog særleg på 1960- og 70-talet. Ytreberg tok for gitt kva ein by var, medan nye generasjonar tok inn over seg teoretiseringa av byomgrepet. Eit argument som òg talte for nyskriving av historia i heile perioden var at landsdelen elles hadde fått mange, gode og moderne historieverk fram til 1997. Narvik by/Narvik-området måtte derfor få eit oppdatert verk frå si tidlege historie.<sup>127</sup>

I det nye verket måtte ein komme meir inn i det som var byen, og skildre han meir kontant. Ytreberg var ikkje som i nyare forskingssamanheng opptatt av kva som konstituerte byen. Var det administrative sider som bestemte? Hadde det noko med storleik å gjøre? Eller var det også eit spørsmål om tettleik? Alle sentrale moment i den nye, samfunnsmessig inspirerte forskinga kring byar, der særleg geografen Hallstein Myklebost kom med avklarande definisjonar som vart gjeldande for byen og tettstaden på 1960-talet.<sup>128</sup> Narvik var by av både administrative og juridiske grunnar. Frå 1. januar 1902 fekk byen eit folkevalt organ som skulle styre etter formannskapslovene for byane. Det hadde viktige rettslege, økonomiske, bygningsmessige og sosiale følgjer. Jan Eivind Myhre vil nytte tettstadsomgrepet parallelt med byomgrepet for å famne norske urbaniseringstrekk.<sup>129</sup> Folk skal bu tett og nært på eit mindre område enn det ein normalt ville gjøre i rurale strom, for å kunne snakke om ei bybefolkning. Som Myklebost meinte Myhre at byen/tettstaden måtte ha minst 200 menneske i den urbane samlinga, og avstanden mellom husa skulle ikkje vere meir enn 50 meter i den tettbygde sona, dersom ein skulle snakke om ein tettstad/by. Myhre la til at byen/tettstaden måtte ha ein spesifikk næringsstruktur, dominert av såkalla «bynæringar». I andre land kunne ein landsby med meir enn 200 menneske på norsk storleik, utelukkande livnære seg av jordbruksproduksjon, medan ein venta seg at norske byar/tettstader hadde eit større innslag av handels- og servicenæringar, samferdsel og industri og handverk, enn rurale næringar som jordbruk, skogbruk og fiske.<sup>130</sup> Minst 75 % av den yrkesaktive befolkninga vart venta å arbeide i andre næringar enn primærnæringane. For å kunne kalle Narvik ein by, måtte staden ha ein befolkningsstruktur og -storleik som gav rom for ulike grupper med spesielle aktivitetar som produsentar, med ei viss spesialisering, konsumentar og ei gruppe som formidle produkta, som t.d.

---

<sup>127</sup> Referat frå møte om Narviks historie med Narvik kommune, Historieseksjonen, ISV, den 23.5.1997.

<sup>128</sup> Myklebost 1960.

<sup>129</sup> Myhre 1977: 9.

<sup>130</sup> Thomæs 1999: 242-243.

handelsborgarar.<sup>131</sup> Ut frå alle desse kriteria var Narvik definitivt ein by. Byen skilte seg frå omlandet frå og med 1902, då byen formelt fekk tildelt juridisk og administrativ bystatus. I norsk samanheng var ikkje byen liten heller. To år før byen fekk formell bystatus var det 3 342 menneske der, og talet auka til ca 4 600 i 1910, då Tromsø - den største byen i Nord-Noreg - til samanlikning hadde 7 633 innbyggjarar.<sup>132</sup>

Det siste momentet bygde opp argumentasjon om eit komparativt perspektiv på Narviks historie, der byen kunne samanliknast med pågåande eller nyss avslutta forskingsprosjekt i Alta, Vadsø, Vardø, Harstad og Tromsø, for å spørje seg om det t.d. fanst ein «særskilt Narvik-kultur eller Narvik-identitet».<sup>133</sup> Alle desse faglege innspela hang saman med dei teoretiske og metodiske endringane i historiefaget frå Ytreberg skreiv si Narvik-historie frå 1950-talet og fram til 1998. Forskingsfeltet «urban history» hadde vokse fram og gjennomgått ei rivande utvikling både nasjonalt og internasjonalt. Fagmiljøa skreiv om byen på nye vis samanlikna med Ytreberg, som då universitetsmiljøet i Tromsø drøfta faglege sider ved byhistoria med Narvik kommune. Då understreka dei at sjølve byforminga - urbaniseringsprosessen – måtte stå sentralt i ei ny Narvikhistorie. Ho måtte starte med «etableringa av byen med ei kort opprulling av forløpet til bydanninga», og ikkje som med Ytreberg, dekke det rurale Ofotens eldste historie. Sidan Magnus Pettersen hadde skrive tre bind om Ofotens historie fram til og med andre verdskrigen i perioden 1988-1994, var det viktig å gjøre bind 1 av Narviks historie til ei rein byhistorie, med byen i sentrum for studien, i sterkare grad enn for bind 2. Dette sterkare byfokuset betydde eit større ønskje om oppdaterte perspektiv og nye faglege vinklingar.<sup>134</sup>

Det slutta også kommunestyret i Narvik seg til. Kommunen skulle gje ut ei ny «Narviks historie for perioden 1902 til 2002», som dekte området som omfatta «dagens kommunegrense», det ville seie Ankenes og Narvik kommune fram til 1973.<sup>135</sup> Då dei to stillingane vart utlyst i HIFO-nytt, dei organiserte historikarane sitt medlemsblad, gjorde ein likevel merksam på at det første bindet primært skulle dekke tidsperioden 1902-1950, og ha «Narvik by» i fokus for framstillinga, i motsetnad til bind 2 som skulle dekke Narvik og Ankenes.<sup>136</sup>

---

<sup>131</sup> Myhre 1977: 10.

<sup>132</sup> Aas 2001b: 107.

<sup>133</sup> Referat frå møte om Narviks historie med Narvik kommune, Historieseksjonen, ISV, den 23.5.1997.

<sup>134</sup> Referat frå møte om Narviks historie med Narvik kommune, Historieseksjonen, ISV, den 23.5.1997.

<sup>135</sup> Brev frå Narvik kommune til historieseksjonen, ISV, ref.nr. 96/06956-10 GKH, 3.9.1997.

<sup>136</sup> Brev frå Narvik kommune til red. G. Thorvaldsen i HIFO-nytt, den 20.11.97, og Brev frå historieseksjonen, ISV, ref.nr.:05/LIH/97/089 til Narvik kommune, 25.2.97.



## **Interdisiplinær tilnærming**

Kva innebar så ideen om nye perspektiv og teoriar? Eg måtte særleg legge vinn på å knyte an til den interdisiplinære tilnærminga som hadde blitt vidareutvikla innafør fagfeltet dei siste 30 til 40 åra. Først inspirerte samfunnsgeografane - som vi såg over - byhistorikarane til å sjå på byen som noko meir enn ei isolert eining med eit innkapsla samfunn som handla i eigenskap av seg sjølv. Det var ikkje ein gjengs måte å snakke om byar på lenger i 1998.<sup>137</sup> Dei teoretiske og metodiske refleksjonane kring studien av byen og urbaniseringa har fått eigne forskingsmiljø innafør så vel sosiologi som historie, både nasjonalt og internasjonalt, og med jamne mellomrom held også European Association for Urban History sine store og omfattande kongressar. Ulike fag har ulike tradisjonar i måten å nærme seg byane på, og det har inspirert byhistoriefeltet og gitt eit vell av variasjonar i forskinga: Nokre har forska på spesielle tema som finn stad i ein by, medan andre har hatt fokus på ein by eller eit bysamfunn som eit heile.<sup>138</sup> Sett i eit internasjonalt lys har sjølve boka om byen vore dominert av bybiografiar, eller bymonografiar i Noreg, der bysamfunnet blir behandla som heilskap over ein gitt periode. Slik skulle det nye historieverket til Narvik vere og slik var òg verket til Ytreberg.<sup>139</sup>

Som vi såg innleiingsvis var Narvik vevd saman i eit avanserte nett av andre byar, tettstader og regionar. Byen kunne ikkje leve for seg sjølv som ei isolert eining. Alle byar lever i eit bytteforhold med ei omverd av eit eller anna slag og med eit viss omfang, fordi dei fleste byar ikkje kan fø seg sjølv. Byen vil alltid leve i eit vekselspel med sitt nære omland, og vekselpelet viser seg òg i rolla byen har som marknadsplass, ved å yte områda rundt gjengjeld i forhold til produkt og tenester som desse områda etterspør. Byen får såleis sentralstadsfunksjonar for eit omland.<sup>140</sup> Samfunnsgeografane har snakka om omgrep som sentralitet for å skildre den krafta byen kan ha overfor omlandet sitt. Då Ytreberg skreiv si Narvik-historie var han ikkje særleg opptatt reint teoretisk av sjølve prosessen bak urbaniseringa, eller dette vekselpelet med omland, andre byar og/eller regionar. Han konstaterte nærmast berre at det hadde skjedd noko ved framvoksteren av Narvik, men var i liten grad opptatt av å forklare korleis det tedde seg og kor dei nye innbyggjarane kom frå eller kva som drog dei til byen? Kva trakk dei til Narvik og korfor reiste dei frå heimstadene sine?

---

<sup>137</sup> Kjeldstadli 1995b.

<sup>138</sup> Kirkhusmo 1998a: 5.

<sup>139</sup> Kirkhusmo 1998a: 10.

<sup>140</sup> Myhre 1977: 10-11.

Hollen Lees og Hohenberg peikar på at det ikkje finst noko semje om ein definisjon av urbaniseringsprosessen, og at forskarar konsekvent studerer ulike sider ved prosessen når dei nærmar seg problema.<sup>141</sup> David Byrne har til dømes forklart at bakgrunnen til det urbane systemet baserte seg på ein teori om at bønder eller bygdefolk knytt til primærnæringane vart omgjort til industriarbeidarar og byborgarar.<sup>142</sup> Det ofra ikkje Ytreberg særleg plass. Prosessen var sjølvstekt ulik i Dortmund i forhold til Narvik og Kiruna, og omfanget var mindre i den industrielle periferien enn i sentrum. Narvik utvikla seg frå ingenting til å bli jamstor med den største byen i Nord-Noreg, Tromsø frå 1902 til 1950, og byane Narvik og Tromsø var ikkje av same dimensjon som Dortmund og Essen. Då Narvik hadde nådd vel 10 000 menneske i 1950, hadde Ruhr-området blitt eit samanhengande urbanisert område med omlag 4,9 millionar menneske.<sup>143</sup> Det var likevel i prinsippet det same som skjedde begge stader. Bygdefolk frå regionen rundt søkte seg inn til byen for å skaffe arbeid i dei nye næringane, og slik folkesette dei byen. Det studerte ikkje Ytreberg, så eit nytt studium av Narvik måtte sjå nærmare på temaet.

Ytreberg drøfta heller ikkje spørsmålet om korleis byetableringa påverka omlandet. Nye generasjonar forskarar har peikt på at urbaniseringsprosessen i sin tur førte til at særpreget i byen drog med seg bygdene rundt byen i same lei, og prosessen fekk merkelappen «urbanisering», fordi kulturelle, politiske og/eller sosiale endringar først skjedde i byen, og spreidde seg ut derifrå. Diskusjonen heng saman med byhistoriefeltet si utvikling dei seinare åra, og drøftinga av omgrep som «urbanisme» og «urbanitet». Desse drøftingane har auka i omfang dei siste tretti åra. I ei ny byhistorie var det derfor naturleg at ein tar inn over seg denne debatten, spesielt ettersom byen skulle vere sterkare i fokus for bind 1 i det nye historieverket.

Fleire har åtvart mot ukritisk bruk av «urbanitetsomgrepet». Jan Eivind Myhre overlet til andre å sjå om det finst «mellommenneskelige relasjonar, bevisstheitsformer» eller liknande som er «spesifikt urbane». Omgrepet betydde etter hans syn «alt og intet», og han gjekk derfor ikkje nærmare inn på sider ved det. Han spurte heller om kva det ville seie «at en del menneskers virksomhet, bevissthet etc. er «urban», og i kva grad og for kven det spelte ei rolle.<sup>144</sup>

---

<sup>141</sup> Hohenberg & Hollen Lees 1996: 2.

<sup>142</sup> Byrne 2001: 24.

<sup>143</sup> Hohenberg. & Hollen Lees 1996: 227. Statistisk Sentralbyrå si side om byutvikling: <http://www.kbnn.no/kb/kb2004h.asp?chapter=5&sub=2&page=1>. 30.08.2006.

<sup>144</sup> Myhre 1977: 12.

Arkitekten Karl Otto Ellefsen meiner urbanitet er «en betegnelse for det som karakteriserer bylivet, og for alle mytene som hører bylivet til», og meiner det derfor er eit meiningslaust omgrep. Ein viktig grunn er at dei viktigaste kulturelle skilja ikkje alltid finst ved bygrensa, men heller er knytt til skilnader innafor bysystemet, knytt til klassar, kollektive tradisjonar og kulturelle segment.<sup>145</sup> Sosiologen Manuel Castells er inne på dei same tankebanane når han avviser ein spesifikk bykultur. Slike definisjonar er ideologisk fundert, meiner han og, legg til at alle bymessige forhold – bykulturen òg – er underlagt samfunnsmessige transformasjonar som både skaper nye sosiale relasjonar, sosioøkonomiske strukturar og ny romleg organisering som påverkar det sosiale livet.<sup>146</sup>

I mitt arbeid har det likevel ligge til grunn ei meining om noko urbant til skilnad frå noko som ikkje er det. Bylivet har tatt former etter byen sin komposisjon og fått ei anna form enn ei bygd. For å løyse dei metodiske vanskaner med å definere kva ein by er, har sosiologen Dag Østerberg lansert romlege omgrep som «urban væremåte og urbanitet», for å sette ord på og identifisere byutviklinga. Omgrepa skaper innsikt i kva sosiale og romlege forhold som hjelper til med å forme eit byliv. «Urbanitet» og «urbanisme» skulle «begrepsleggjøre bylivet».<sup>147</sup> Tradisjonelt fanst det ein særeigen bykultur; «urbanitas», både i antikken og i renessansen, og Østerberg meiner urbanitet er ein veremåte som «følge av en kulturell forming av menneske og omgivelser». Omgrepet heng saman med ord som «danning», både innafor kvardagsspråket og filosofien.<sup>148</sup> Nokre snakka om «frons urbana», eit urbant liv som inkluderte omgangs- og høfligheitsformer, det å meistre samtalekunst og ha eit særleg vidsyn. Georg Simmel, ein av sosiologane frå Chicagoskolen, snakka om «storbyens åndsliv», eller førespeglinga om at byen var eit erfaringsrom som skapte ei bestemt danning med spesifikke tenke- og handlemåtar som t.d. blasert framferd, sosial distanse og reservasjon overfor framande.<sup>149</sup>

Francis Sejersted viser til at denne bymessigheita ikkje berre omhandlar dei som bur innafor bygrensene, men òg impliserer dei som nytta byen som samhandlingsarena, og/eller handels-, arbeids- og forlystelsesmarknad. Byen er open; «den representerer en gjensidig kolonisering av de interne og de eksterne relasjoners rom», hevdar Sejersted, og meiner at byen ikkje berre stod for sosialisering, og eit medfølgande fellesskap med underordning og innordningsmekanisamar.<sup>150</sup> Byen var «frihetens arnested», og bykulturen

---

<sup>145</sup> Pløger 1997: 18.

<sup>146</sup> Ibid.

<sup>147</sup> Pløger 1997: 16-17.

<sup>148</sup> Østerberg 1993: 28.

<sup>149</sup> Pløger 1997: 19.

<sup>150</sup> Sejersted 2002: 137.

er ein fridomskultur, særleg knytt til anonymitet. I byen møter ein mange framande, som du ikkje kjenner eller som ikkje kjenner deg. Byen stod for fysisk nærheit, og mental distanse på same tid. Det gav ein fridom i forhold til intimsfæren, og eit høve til å spele på identitetar. Ein kunne sjølv forme rolla ein ville spele på ulike scener i byen. Slik kunne byen skape autonome menneske. For mange kunne denne fridomen framstå som lite frigjørande, utrygg og kald, eller kanskje eit trugsmål, sett i høve til intimsfæren på landsbygda. Samstundes kunne ein møte eller bli møtt av dei andre med reservasjon. Den offentlege samtalen kunne dessutan vere «avprivatisert», høflig og distansert.<sup>151</sup> Her kom det tvitydige med byen fram. Bylivet var motsetnadsfylt, gjennom ei konstant spenning mellom innordning og fridom, mellom «tyngsel» og «avlastning», mellom «trugsmål» og «muligheit».<sup>152</sup> Her ligg ei innebygd spenning som vart sentral i den nye forteljinga om Narvik, og som Ytreberg så vidt skrapa i femti år tidlegare. Det kjem særleg til syne i kapittel 7 i den vedlagte byhistoria.

Historikaren Edvard Bull d.y. meiner byvokster og urbanisering sette var to heilt sentrale og utløysande faktorar for den perioden han karakteriserte «kapitalismens frigjørande fase», tidsrommet 1860-1920. Saman med utvandinga til Amerika «frigjorde» urbaniseringa husmennene, skriv Bull; «Norges underklasser flyttet sammen, fra de spredte utkanter til byer, industristeder og anlegg, der kollektivene kunne gro».<sup>153</sup> Det perspektivet vart òg eit utgangspunkt for behandlinga av Narviks historie i fleire kapittel både i omtalen av forminga av bysamfunnet og i forminga av det politiske landskapet i byen. Slike element var Ytreberg i liten grad orientert mot i 1954.

Alle desse momenta heng saman med forskingsinspirasjon innafor historikarstanden dei siste åra, og då særleg frå sosiologar ved «Chicagoskolen» i USA, via norske fagmiljø i sosiologi, samfunnsplanlegging og arkitektur, og vidare til nyare kulturhistorisk inspirerte tenkarar i samtida. Alt dette har gitt byhistorieforskinga nye omgrepsmessige reiskap som har gjort at ein i dag tilnærmar seg byen med andre perspektiv, teoriar og metodar.<sup>154</sup> Igjen ser ein korleis byhistoriefeltet har tatt opp i seg teoriar frå andre vitenskapar for å skildre byen. Ola Svein Stugu har vist til behovet for «den tverrfaglege byhistoria».<sup>155</sup> «Stadshistoria startade inte heller som en självständigt ämne utan har sine rötter på många olika håll, i arkitektur, sociologi, statsvetenskap, geografi och

---

<sup>151</sup> Sejersted 2002: 139. Her byggjer Sejersted særleg på Sennet 1994.

<sup>152</sup> Sejersted 2002: 139-140. Her byggjer Sejersted på Østerberg 1998:29.

<sup>153</sup> Bull 1975: 229.

<sup>154</sup> Les om Chicagoskolen i til dømes: Aspen og Pløger 1997, Nottridge 1974, eller Scheifloe 1985.

<sup>155</sup> Stugu 1997a: 11-22.

sosialhistoria», har den finske byhistorikaren Marjatta Hietala proklamert.<sup>156</sup> Skal ein forstå det urbane, meiner David Byrne det er heilt nødvendig å ha ei interdisiplinær tilnærming. Det må samstundes til for å bryte ned grenser mellom fagdisiplinar.<sup>157</sup> Byrne, Hietala og Stugu er alle inspirert av kunnskaps- og vitskapsakkumulasjonen etter Ytreberg.

### ***Byhistorias teoretiske pendelsving – frå kultur-, til samfunnshistorie og til «ny» kulturhistorie***

Briten Harold Perkin la fram eit program for ei heilskapleg «samfunnshistorie» på byrjinga av 1960-talet. Han ville sjå på «samfunnsheilskapen» framfor å behandle det sosiale som eit avgrensa felt.<sup>158</sup> Ottar Dahl hadde liknande mål for norsk sosialhistorisk forskning, som skulle «ha et mer omfattende sikte». Sosialhistoria skulle «behandle så vidt mulig alle relevante sider av menneskenes fellesskapsliv i sammenheng, først og fremst slik som dette manifesteres i større enheter eller «sosiale grupper» og deres innbyrdes forhold».<sup>159</sup> Dei fleste lokalhistorieverk som kom ut på i Nord-Noreg etter Ytreberg stod på skuldrene til dei første sosialhistorikarane nasjonalt og internasjonalt. Dei hadde alle ei førespegling om å vere ei historie som skildra ein samfunnsheilskap, ordna og systematisert, og inspirasjonen kom ofte frå samfunnsvitskapane.

Både i mellomkrigstida og i tida etter andre verdskrigen såg ein at fleire norske historikarar orienterte seg mot ei meir samfunnshistorisk forskning, representert ved forskarar som Holmsen, Dahl, Langholm og Steen. Merkelappen «sosialhistorie» fanna om mange ulike retningar både nasjonalt og internasjonalt, og innhaldet i dei ulike retninga sprika til dels både når det gjaldt namn og assosiasjonar. Nokre meinte det vesentlege var å skildre «historia nedanfrå» eller drive med «grasrothistorie», andre dreiv historieforsking med «the politics left out», medan andre att bedreiv med «Alltagsgeschichte»/ «kvardagshistorie», eller «samfunnshistorie».<sup>160</sup> Mange nye forskingsfelt vart opna og nye metodar, teoriar og kjelder aktivisert for å opne dei nye fagområda.<sup>161</sup>

Det nye var også ei vending i fokus samstundes med dominerande politiske strøymingar i samtida. I tråd med den generelle radikaliseringa av samfunnet elles synte historikarane ei sterkare interesse for marginale eller undertrykte grupper som tidlegare hadde fått liten plass i tradisjonell historieskriving. Kvinner skulle vektleggast, etniske minoritetar og andre undertrykte grupper og perifere regionar skulle løftast opp og få si

<sup>156</sup> Hietala 1992.

<sup>157</sup> Byrne 2001: 8.

<sup>158</sup> Perkin 1972.

<sup>159</sup> Dahl 1955.

<sup>160</sup> Lilja 1989. Kjeldstadli 1992b. Kaldal 2002.

<sup>161</sup> Hobsbawn 1978.

historie gjort synleg som svar på hegemoniet til sterke maktgrupper, den politiske eliten eller sentraliserte nasjonshistoriar. Samfunnet sine underklasser skulle fram i lyset, gjennom det Ingar Kaldal har kalla eit sosialhistorisk program for å løfte fram «glømte grupper».<sup>162</sup>

Ytreberg neglisjerte heller ikkje til dømes etniske minoritetar i Ofoten. Han syntte den samvitsfulle historikaren sitt nøkterne fokus på det fleiretniske området i den fleiretniske landsdel. Men det heile var ikkje skildra gjennom eit nedanfrå-perspektiv i seinare sosialhistorisk forstand, men må heller sjåast i lys av interessa for kulturhistorie. Gjennom fire sider tar han oss med til det samiske Ofoten, «som utgjorde et eget og ikkje uviktig folkeelement i Ofoten».<sup>163</sup> Vi får kjennskap til omfanget av «finneskatten» og kva gardar som var kjent for sitt samiske innslag, og han syner oss det samiske innslaget i negasjon til den norske busettinga. Gjennom skattemantallet syner han at dei samiske fastbuande var underlagt dei same livsvilkåra som dei norske fastbuande gjennom uår, krigar, hard skattlegging og epidemiar. Ytreberg kunne ikkje komme frå det samiske innslaget i Ofoten all den tid Knut Kolsrud hadde skrive avhandlinga «Finnefolket i Ofoten», og saman var dei før si tid ved å rette fokus på ei tidlegare oversett gruppe som samane i norsk kultur- og historieforskning.

På den andre sida stilte ikkje Ytreberg seg på samane si side i forteljninga si. I framstillinga av fortrenginga og fornorskinga av «finneodelen», meiner han at dei fastbuande samane vart fornorska i «språk og klededrakt», og at klåre etniske skilja blitt viska ut mellom samar og nordmenn. «Deres egenart forsvant» og livsvilkår og levevis var «stort sett var ens for nordmenn og bufinner i fjorden».<sup>164</sup> Igjen ser ein korleis Hayden Whites romanse prega framstillinga. Samfunnsutviklinga var god og at hadde ikkje gjort nemneverdig skade trass i etniske spenningar og ei gruppe sin dominans over den andre. Her var det heller hangen til å skrive kulturhistorie som dreiv han, og ikkje målet om å skildre «glømte grupper»

Min versjon av Narviks historie er i større grad enn hos Ytreberg prega av materialistisk inspirerte teoriar, der motsetnader mellom sosiale grupper og personar får lov til å komme til utløp og harmonien ikkje nødvendigvis dominerer. Framstillinga vil i mye større grad krinse kring spenningar heller enn harmoni, og skildringane av glømte grupper som kvinner, barn og vanlege folk får i større grad eit «innanfrå-perspektiv» eller nedanfrå-

---

<sup>162</sup> Kaldal 2002.

<sup>163</sup> Ytreberg 1953: 49.

<sup>164</sup> Ytreberg 1953: 52.

perspektiv. Det gjeld så vel i arbeidet med arbeiderrørsla i mellomkrigsåra som behandlinga av oppvekst og bumiljø i mellomkrigsåra eller under andre verdskrigen.

### **Forholdet mellom syntese og detaljering**

Skilnaden mellom Ytreberg sin Narvik-historie og underskrivne si, handlar også om forholdet mellom detaljering og syntesar. Det nye verket skulle ha sterkare innslag av det siste. *Syntesar* er eit omgrep som fekk fornya fokus i historiefaget etter det nordiske historikarmøtet i 1971, og som stadig har blitt drøfta sida. Omgrepet er ikkje eintydig, og Niemi og Winge har peikt på kor «uhyre ambisiøst» og «vanskelig definerbart» det er. Ja, faktisk har dei gått så langt som å seie at det er uråd å nå målet om syntese «i egentlig forstand», sjølv om det var ønskeleg med «større grad av synteseambisjon».<sup>165</sup> Kjeldstadli opplevde det då han arbeidde med Oslos historie. I praksis var det vanskeleg å gjennomføre lokalhistorie som totalhistorie. Ein kunne ikkje ta med «alt» i byen, men løysinga hans var å heller søke å «gripe byen som en teoretisk ordnet helhet der mange momenter inngår».<sup>166</sup> Slik har Ottar Dahl òg meint at det var fruktbart å nytte omgrepet. Syntese er ein samanfattande teori eller framstilling, som byggjer på og er overordna andre mindre omfattande teoriar/framstillingar.<sup>167</sup>

Einar Niemi såg syntese synonymt med «helhetlig forklaring», og la til at kravet til syntese impliserte at den heilskaplege forklaringa var eit logisk, samstemt heile («Coherent Whole») som resultat av ein systematisk kombinasjon av delar, eller element, som forma ei meir uttømmende samanfating eller system.<sup>168</sup> Motsatsen var reine samanstillingar og oppramsingar av innsamla delar, ikkje ulikt det Ytreberg ofte representerte. Niemi meinte vidare at syntesen stilte krav om «en teori om totalitetssammenhenger i samfunnsutvikling, implisitt eller eksplisitt formulert».<sup>169</sup> Den tredje føresetnaden for syntesen var dessutan at lokalhistorie var vitskap, med prinsipielt sett same metode- og teorikrav som overfor historiefaget generelt. Lokalhistorisk forskning måtte til ein viss grad vere teoristyr, og ikkje ein-sidedig kjeldestyr, og slik synte visse nomotetiske trekk. Lokalhistoria må komme med element som til ein viss grad legitimerer generaliseringar. At lokalhistorieforskinga var ein vitskapleg disiplin betydde også for Niemi at forskaren/forfattaren suverent kunne velje emne, problemstillingar og perspektiv,

---

<sup>165</sup> Niemi og Winge 2000: 80.

<sup>166</sup> Kjeldstadli 1992a:28.

<sup>167</sup> Dahl 1992a: 93.

<sup>168</sup> Niemi 1992b: 53.

<sup>169</sup> Ibid.

og han/ho måtte streve etter å tilby ei heilskapleg forklaring på byen, bygda eller regionen si utvikling, og ikkje formidle «enkeltemner gjennom detaljbeskrivelser».<sup>170</sup>

Rolf Danielsen støtta òg ambisjonen om å skrive ei historie som skildra ein samfunnsheilskap, ordna og systematisert. Han innsåg likevel at det kanskje ikkje var like lett å «makte å organisere denne mangslungne virkelighet på en meningsfull måte» i ei byhistorie. For å løyse problemet ville han hente fram nøkkelord som «overordning og integrasjon». Framstillinga måtte i alle fall omfatte fem hovudkomponentar, og det var økonomi, sosialhistorie, kommunale forhold, politikk og kulturhistorie.

Enkeltkomponentane kunne etter hans meining få ein indre funksjonell samanheng ved at ein av hovudkomponentane vart skuva inn i sentrum av disposisjon og framstilling, medan dei andre komponentane hadde som oppgåve å «belyse hovudtemaet».<sup>171</sup> Det var også slik Steen hadde nærma seg byhistoria. I Kristiansands historie kasta «framstillingen lys over almene problemar i landets utvikling» og fenomenar var vurdert i «et vidare perspektiv». Rytmen i byutviklinga var heile tida «betinget av de politiske forhold i Vest-Europa».<sup>172</sup>

Her skil Ytreberg seg frå Steen. Ytreberg hadde ambisjonar om ei kulturhistorie av Steensk kaliber då han publiserte *Det gamle Tromsø: en kulturhistorisk studie til byens historie før 1850*, men for Ytreberg innebar det kulturhistoriske, ei sterk detaljering av forteljinga.<sup>173</sup> Korleis lukkast han med dette heilskapelege perspektivet i Narvikhistoria? Vart det detaljering eller syntesar? Han hadde idear om emnemessige inndeling, men fekk vanskar etterkvart som stoffmengda voks. Dermed vart den kulturhistoriske framstillinga av Narvik bysamfunn lite vellukka. Det vart meir og meir uklårt om kulturhistorie var ei generell framstilling om kulturlivet i Narvik eller om det var ei brei kulturhistorie å la Sverre Steen med klårt styrande problemstillingar. Nokre kapittel romma overordna tema som «Narvik under krigskonjunkturen», medan eitt omhandla laust samanraska tema som «sosiale forhold. Kultur- og folkeliv». Det første kapitlet omhandla den kronologiske perioden «første verdskrigen» og typiske kjenneteikn ved perioden, medan det andre kapitlet tok for seg alt frå sunnleiksvesen, kjøttkontroll, fattigdomsnedkjemping, organisasjons- og foreiningsliv til kvinners buksebruk i skiløypa. I det andre bindet handla kulturkapitlet om alt frå bibliotek, forfattarar, bildande kunstnarar, historikarar, kor og korps, til teaterverksemd. Stoffet var ikkje ordna etter noko styrande perspektiv, og vart behandla lausrive frå andre delar av framstillinga.

---

<sup>170</sup> Niemi 1992b: 53-54.

<sup>171</sup> Danielsen 1970: 79-82.

<sup>172</sup> Schreiner 1942b: 537-39.

<sup>173</sup> Ytreberg 1936.



Her låg også skilnaden mellom Steen og Ytreberg. Hos Steen er det ein gjennomgåande tendens at syntesar er eksplisitte. Hos Ytreberg er dei implisitte eller fråverande. Det synte seg også då Tromsø-området historie skulle nyskrivast på 1990-talet. Ytreberg hadde skrive byhistoria for Tromsø i tre bind, og byjubileet nærma seg. Historikarane ved UiTø ville gje jubilanten ei gåve; ei ny byhistorie basert på nye perspektiv. Ytreberg si framstilling hadde mange viktige moment, men, som Einar Niemi påpeikte måtte det ryddast opp i forholdet mellom detaljering og syntese. Han la til at det «med hensyn til detaljfremstilling» knapt var nokon norsk by som hadde maken til verk «om kulturliv, organisasjonar, foreningar, økonomi, slekter, familier, om stort og smått i byens liv». Likevel påpeikte han store manglar. Særleg gjaldt det mangel på «interdisiplinær tilnærming og holistisk perspektiv» og behov for meir bruk av teoriar og modellar.<sup>174</sup>

Kritikken av Ytreberg sitt grep for å fange Tromsøs historie gjeld òg Narvik-historia. Rolf Danielsen sakna syntetisering då han meldte arbeidet i 1955. Det verka heilt tilfeldig kva som var samla under ein hatt, skreiv han, og hevda Ytreberg hadde hatt lita tid til å «tømre stoffet sammen til et organisk hele».<sup>175</sup> I arbeidet med Narvik si nye byhistorie var det viktig å skape orden i eit uoverkommeleg empirisk materiale, med enorme mengder detaljar som sprika i alle retningar. Utviklinga av historiefaget gav betre reiskap til å gjøre det, og i eit notat før Tromsø-arbeidet tok fatt, heitte det at det nye historieverket skulle «tuftes på helhetlige perspektiver og overordnede problemstillinger», der forklaring stod sentralt. Historikarane skulle trekke «utviklinga av en total organisasjon av lokalsamfunnene» opp på eit høgare samanfatsnivå». Liner, drivkrefter og struktur skulle vektleggast meir enn hendingar, detaljar og enkeltemne.<sup>176</sup>

Ein kan tolke eit humoristisk brev frå Ytreberg til Steen på 70-års-dagen, som eit teikn på Ytreberg sine tankar bak den omfattande graden av detaljskildringar. Trass all kritikk frå dei som meinte det vart for mange enkelt detaljar, meinte Ytreberg «at somlige viide-begiærlige Mennisker skulle fulld-tacke mig den Dag de udi samme Volumen opfinde iust saadan detaille som de søge oc haffve Behof.»<sup>177</sup> Det kan tenkast at den kulturhistorisk orienterte lokale monografien for Ytreberg skulle ha leksikografiske funksjonar og kunne nyttast som oppslagsverk. Det er til dømes i følgje Tore Sørensen ved

---

<sup>174</sup> Niemi 1992a.

<sup>175</sup> Danielsen 1955: 130.

<sup>176</sup> Niemi 1992a.

<sup>177</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 19. Tale til Steen sendt som brev 7.9.1968.

Statsarkivet i Tromsø slik at den mest brukte Tromsø-historia blant slektsforskarar på arkivet framleis er Ytreberg sin versjon, og ikkje dei nyskrivne verka for Tromsø.<sup>178</sup>

Manglande syntesar i tilnærminga til Narvikhistoria førte til andre vanskar for Ytreberg. Den detaljorienterte, person- og ættefokuserete metoden skapte vanskar fordi han ikkje sjølv kjente byen innvendig. Han mangla detaljkunnskap om studieobjektet slik han hadde hatt det i Tromsø. Her hadde han hatt «fordeler hvis betydning først etter hånden» var klare for han: «for det første kjente jeg byen, dens topografi og bebyggelse ut og inn. For det andre var jeg fortrolig med folk og slekter der. Jeg hadde også samlet mye stoff før jeg tok fatt på oppgaven. For Narviks vedkommende har det vært et langsommelig arbeid å gjøre seg fortrolig med stedsnavn, gater, bebyggelse og mennesker».<sup>179</sup> Dette kan sjølv sagt henge saman med etterrasjonaliseringar. Ytreberg var pressa på tid. Oppdraget med Narvik var forseinka og han ville forklare årsaka til det. Her ser ein kva grunn han sjølv trakk fram, og ein skal sjølv sagt ikkje legg for mye i det, men det kan tenkast at målet om detaljert vinkling baud på slike vanskar.

Den moderne byen var dessutan meir gjenstridig som forskingsobjekt når det gjaldt kjelder òg. Dei auka i omfang. Avisene hadde først komme ut med få, tynne utgåver i veka, men etterkvart kom det «flere numre ukentlig» eller blitt dagblad. Innhaldet hadde dessutan blitt meir allsidig og omfattande enn før.<sup>180</sup> Ytreberg hadde blitt åtvara på forelesingane på universitetet av Koht mot å berre lese ei avis. «Kvart blad gjev best referat frå sine eigne partifrende. Dei kan tegja i hel motmennene eller fortelja det som er til skade for deim», skreiv Ytreberg i notat frå Koht si forelesing. Ytreberg tok råda med seg.<sup>181</sup> På grunn av den politiske utviklinga måtte ein lese fleire aviser «jevnsides», og ein slik gjennomgang førte til at 1-2 månader av ein årgang tok ein arbeidsdag.<sup>182</sup> Ytreberg mangla ikkje kjelder eller litteratur, og historieutdanninga mangla ikkje fokus på kjeldekritikk. Koht hadde forelese for Ytreberg om Erslevs historiske kritikk og Rankes kritiske metode overfor førstehandskjelder.<sup>183</sup> Ytreberg sitt arbeid var framfor alt prega av syntese- og teorimanglar, og dersom han klårare hadde nytta ordnande teoriar, ville det letta arbeidet. Han ville kunna brukt empirien han trong til å plassere detaljar inn i ein større samanheng. Det måtte få konsekvensar for arbeidet med eit nytt verk.

<sup>178</sup> I samtale med Tore Sørensen på Statsarkivet i mars 2006.

<sup>179</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå N.A.Ytreberg til Narvik kommune, den 28.12.1951.

<sup>180</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå N.A.Ytreberg til Narvik kommune, den 28.12.1951.

<sup>181</sup> SaTø. Boks 20. "Notater fra forelesninger 1926-1927.

<sup>182</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå N.A.Ytreberg til Narvik kommune, den 28.12.1951.

<sup>183</sup> SaTø. Boks 20. "Notater fra forelesninger 1926-1927".

Eit anna moment som gjorde at Ytreberg hadde vanskar med å nytte syntesane i framstillinga av Narviks historie, hang saman med teoribakgrunnen i fagutdanninga. Ytreberg si utdanning hadde eit sterkt fokus på eldre historie, særleg norsk mellomalder, noko som førte til at han hadde lite teoretisk kunnskap om den moderne industribyen, til skilnad frå den eldre handelsbyen. Sverre Steen skreiv i si tid at handelen var bynæringa «par excellence», og sikta - som Ytreberg også gjorde – til synet på den tradisjonelle byen, slik mellom anna Tromsø stod fram, som sentra for varehandel med inn- og utland. Myhre har seinare peikt på at utsegna berre er gyldig fram mot ca. 1870-åra. I perioden etter vart tettstadene i aukande grad sentra for industriell produksjon, som Narvik, og handelen endra karakter. Andre lokaliseringsfaktorar blir viktigare.<sup>184</sup> Det burde ha spelt inn på Ytreberg sin måte å forske på byen, men gjorde det ikkje. Metodisk tenkte han seg å gjøre som med Tromsø for perioden fram mot slutten av 1800-talet, men så viste det seg at Narvik var ulik Tromsø. Byhistoria handla om meir enn handelsmenn og handelslekter med borgarrettar, og handverksbedrifter. Dei fann han sjølvst og i Narvik. Ytreberg har derfor eit sterkt fokus på handelsnæring, handelsstand og handverksbedrifter. Dette var dei næringane han og Steen oppfatta som byfundamentet. Slik fekk dei to viktigaste industribedriftene, LKAB og NSB mindre plass enn dei burde, og det måtte rettast opp i det nye verket. Derfor blir kapitla om næringsliv og handel det mest grundige i Ytreberg si Narvikhistorie. Desse kapitla står seg også best sett i ettertid.

Ytreberg kan ikkje orsake seg med at han ikkje kjente synteseomgrepet. Halvdan Koht hadde forelest om omgrepet i 1926. I følgje Ytrebergs notatbøker frå studiet, forklarte Koht at syntesen kunne nyttast på ymse vis, men først og fremst for å «binda ihop gjerningane hjå ein mann – eit folk – ei tid. Syntesen hjelper oss till å finna lovene for historia».<sup>185</sup>

### **«Funksjonsdyktig» historie**

Når Ytreberg var så opptatt av detaljar, kom det òg av at han ville gie folk i Narvik «en historie hvor Narvik-folk vil kjenne seg igjen!».<sup>186</sup> Det ville han oppnå gjennom å legge større vekt på «en levende skildring av folk og forhold».<sup>187</sup> Dette rører ved Ytreberg både som forfattar og historikar. Sjølve prosjektet hans handla om levande og ledig penneføring, men gjekk også på synet på kva historie var, og korleis ein skulle

---

<sup>184</sup> Myhre 1977: 41.

<sup>185</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 20. Notater frå forelesingar 1926-27.

<sup>186</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå Ytreberg til Narvik kommune, den 28.12.1951. s. 4.

<sup>187</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå Ytreberg til Narvik kommune, den 26.4.1947.

fortelje. I motsetnad til Steen si syntesestyrt kulturhistorie, vart Ytrebergs si kulturhistorie periodevis syntesefri, med preg av «namedropping» og personkarakteristikkar. Det skapte også større vanskar for framstillinga at han skulle gje lesaren inngåande kunnskap om folk og hendingar i byen. Det erfarte Ytreberg då son av kjøpmann Hofseth i Narvik reagerte på omtalen av faren. Opplysningane var dels «helt uriktige» i den dels sjikanøse omtalen, og Hofseth jr. meinte «at de personalhistoriske data for en stor del synes å stamme fra en og samme kilde» og ikkje var «preget av den objektivitet man gjerne forbinder med et verk av dette slag». <sup>188</sup> Når verket i tillegg mangla eit godkjent noteapparat, vart det nærmast ubrukeleg som oppslagsverk.

Ein av nestorane i norsk lokalhistorisk forskning, Harald Winge meinte som vi såg tidlegare, at lokalhistorie måtte vere «funksjonsdyktig». <sup>189</sup> Framstillinga måtte trekke lesaren til seg, ikkje støyte han bort. Forteljaren måtte rekne med at den lokale lesaren hadde ein «emosjonell basis», som skilte seg vesentleg frå den utanforståande forskaren sin distanse til studieobjektet. <sup>190</sup> På den andre sida åtvara Winge mot å «fortelle løst og fast fra kildene», utan tanken som ordnande kraft. Då ville nødvendigvis resultatet bli anten kaotisk eller kjedelig, ikkje funksjonsdyktig. <sup>191</sup>

For Ytreberg var ein kulturhistorisk tendens i Narviks historie synonymt med detaljert framstilling av levd liv, personar i samhandling og livfulle skildringar av folklore, kultur og miljø, noko kritikken mot han både i samtid og ettertid også syner. Då den då unge historikaren Rolf Danielsen meldte Narviks historie for historietidsskiftet *Heimen* i 1955, hadde han innvendingar mot Ytreberg si detaljering og opphoping av små og store hendingar og personkarakteristikkar. Det skjemma framstillinga. <sup>192</sup> Håvard Dahl Bratrein var ikkje like kritisk til Ytreberg som Danielsen. Ytreberg sitt varemerke var først og fremst «det solide, pålitelige håndverk, meir enn teoretisering, modelltenking og store vyer». Styrken låg nettopp i den «nitide kildegransking, i detaljoppbygginga av et emne, der det levende liv gjenspeiles i sitt mangfoldige konkrete forløp». <sup>193</sup> Dahl Bratrein var ikkje negativt innstilt til detaljrikdommen. Mange av verka var imponerande detaljrike, nærmast leksikalske og var dermed uvanleg godt eigna som oppslagsverk. <sup>194</sup> Dahl Bratrein slutta likevel opp om mange av kritikarane, men det gjaldt rett nok berre «enkelte av

---

<sup>188</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå A.W. Hofseth, 30.10.1954.

<sup>189</sup> Winge 1992: 89-92.

<sup>190</sup> Winge 1992: 89-92.

<sup>191</sup> Ibid.

<sup>192</sup> Danielsen 1955: 130.

<sup>193</sup> Dahl Bratrein 1987:331.

<sup>194</sup> Ibid.

bøkene». Ankepunktet var vanskar med organisering av ei stor stoffmengd som gjorde dei «uoversiktlige, og vanskelige å orientere seg i».<sup>195</sup>

Ytreberg var på si side medviten om at det kunne vere eit ankepunkt at han var for deltaljrik, og mye tydar på at han var urokkeleg same kor sterk kritikken måtte bli. Han såg truleg på det kulturhistoriske programmet, med alle sine veiskapar, som eit middel til å gje Narvik «en byhistorie som den vil ha ære og glede av. Og kanskje like viktig – en historie hvor Narvik-folk vil kjenne seg igjen!».<sup>196</sup>

Dette rører sjølv sagt ved Ytreberg som forteljar og forma på forteljinga. Jan Bjarne Bøe har peikt på at ei tekstleg formidling av fortid kan skje på mange vis, men at forteljinga om fortida etter hans syn har vore den forma som sterkast har hjelpt til å utvikle identitet. I si form var «historikerens stemme» sentral i den vitskapshistoriske perioden.<sup>197</sup> Koht hadde forelese for Ytreberg ved Universitetet i Oslo i 1926-27, om at «samkjensle med fortida skaper eit rikare liv» og at «heimkjensle-kjærleik» også er ei «kraft i folket».<sup>198</sup> Seinare har denne måten å komponere historie på fått kritikk frå historikarane som særleg i etterkrigsåra ville erstatte historikaren som forteljar med historikaren som vitskapsmann. Den prosessen sette særleg inn etter publiseringa av Narviks historie i 1954, med den kritiske empirismen og vitskapsteoretiske tendensar i meir positivistisk og objektiv lei.<sup>199</sup>

Hadde Ytreberg ingen syntetiserande ambisjonar? Jo det er liten tvil om at Ytreberg i alle fall implisitt kjem med syntesar i Narviks historie. Både når det gjaldt folkevandring og befolkningsutvikling i eldre tid og når det gjaldt stadnamnforsking, kristning og statsutvikling i nord, var syntesane synlege. Her vart delar og detaljar anten i stor eller litt mindre grad prega av teoriar om «totalitetssammenhenger». Etnisitetsforhold og økonomisk utvikling blir heller ikkje berre ei formidling av «enkeltemner gjennom detaljbeskrivelser». Ytreberg hadde følgd to av samtidas store syntetikarar då han studerte ved Universitetet i Oslo i 1926-27, og i forelesingane sine fokusert Koht på syntesen som ei forløyning for historikaren. Ut frå dei kjeldene og den litteraturen Ytreberg hadde å bygge på, er det nok også avgrensa kva som var råd å få til av syntesar. Dahl Bratrein har framheva at Ytreberg og hans generasjon av nordnorske historikarar starta «fullstendig på bar bakke». Her fanst ikkje noko miljø, ingen fagdebatt, inga arkiv og lite av faghistorisk teori.<sup>200</sup> Som vi såg tidlegare er det ein samanheng mellom desse elementa. Der det fanst

---

<sup>195</sup> Ibid.

<sup>196</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå N.A.Ytreberg til Narvik kommune, den 28.12.1951.

<sup>197</sup> Bøe 2004: 271.

<sup>198</sup> SaTø. Privatarkiv 1. Boks 20. ”Notater fra forelesinger 1926-1927”.

<sup>199</sup> Bøe 2004: 271. Kjeldstadli 1992b: 63.

<sup>200</sup> Dahl Bratrein 1987: 329.

forskning, får ein meir implisitte synteseanslag. Der Ytreberg derimot sjølv må gjøre grunnarbeidet, blir det derimot mindre syntetiserande. Men her er det altså at Ytreberg gjør ein viktig empirisk innsats. På den andre sida budde Ytreberg på Austlandet under arbeidet med Narviks historie, og det gjorde at kontakten med lokalsamfunnet og kjeldene der vart vanskelegare.

For arbeidet med Narviks historie i 1998-2001 vart det derfor viktig å finne ein balansegang, der ein unngjekk å vere for detaljert og personfokusert, og å vere uforsiktig med personkarakteristikkar. Samstundes måtte ikkje forma bli anonym og upersonleg. På den andre sida måtte syntesar nyttast i langt større grad enn det Ytreberg gjorde i sitt arbeid. I tillegg måtte verket vere underlagt historievitskapens sine krav til kjeldebelegg og referanseapparat.

### **«Ei kulturhistorisk oppdaging i eit ope landskap»**

Dei siste åra har det vore ein tendens til å kritisere dei som vil skape orden ut av detaljar; dei som har laga heilskapsforklaringar om kompliserte samanhengar. Etter Myhres syn har det vore ein «intellektuell tendens» der fleire meiner at dei store forteljingane si tid er over.<sup>201</sup> Det finst ikkje noko hovudbodskap, inga meining, ingen tunge tendensar. Historia løyer seg opp i små bitar, småhistorier. Det finst knapt noko historie å fortelje. Med den språklege og postmoderne vendinga på 1990-talet har det samstundes blitt stilt spørjeteikn ved om historikaren si forteljing handlar om ei faktisk historisk fortid.<sup>202</sup> Utsegna er eit åtak på den tradisjonelt samfunnshistorisk orienterte byhistorieforskinga og – skrivninga. Den akademisk skolerte byhistorikaren hadde til dømes normalt «konstruktivistiske ambisjonar», med ein tematisk/kronologisk «angrepsvinkel» som med hovudvekt på utvikling, problemdrøfting og forklaring. Målet var som sagt å «skrive totalhistorie, en monografi om byens historie innen en viss periode eller en 'bybiografi' der forfatteren søker å integrere enkeltfenomenene under en eller flere overordnede problemstillinger».<sup>203</sup> Han/ho skulle rekonstruere og skildre ei reell fortid.

Det var dette dei nye kritikarane gjekk laus på. I ei postmoderne tid vart det ein veksande uvilje mot system og orden i historieskrivinga, meiner Ingar Kaldal, og lanserer samstundes nye tilnærmingar i byhistoria som braut med 1980- og 90-åras byhistorieskriving. Han ville heller legge vekt på teoretisk tankegods frå den «nye» kulturhistoria, fordi tradisjonell sosialhistorie i for stor grad var tufta på eit politisk prosjekt

---

<sup>201</sup> Myhre 1994: 234.

<sup>202</sup> Iggers 1997: 118.

<sup>203</sup> Kirkhusmo 1998b:293.

tilpassa den tida ho var skriven i. Byhistoria måtte gjøre meir enn å skape orden i uryddige og kompliserte sosiale strukturar i ein by eller eit lokalsamfunn.

Omlag på samtidig med arbeidet med ei ny Narvikhistorie, kom Kaldal si bok *Veit og gate. Dagleliv i Midtbyen i Trondheim 1880-1950*. Her gjør han «livet i byar til ei oppdagingsferd der ein let granskingsblikket flakke fritt i forhold til faste førestillingar om kva som er 'vesentleg' ved byen som by». <sup>204</sup> For å unngå å bli «uhistorisk» vil han «lausrive begrep som urbanitet eller by frå essensialistiske tvangstrøyer», og «desentrere blikket og historisere omgrepa, i ei kulturhistorisk oppdagingsreise i eit ope landsskap». <sup>205</sup> Han vil bryte laus frå den tradisjonelt konstruktivistiske måten å skrive byhistorie på, der «syntese», «samanheng» og komparasjon stod sentralt.

Gjekk det i det heile og store an å føresette at Narvik var eit samfunn, eller eit «aggregat av sosiale relasjonar og institusjonar», og utgjorde byen ei eining? I all forskning frå Ytreberg og fram til i dag ville ein nettopp føresette at Narvik var ein heilskap, og kanskje omtale det som eit ordna heile. <sup>206</sup> Vi såg kor vanskeleg ei slik tenking kunne vere i *del 1*. For Kaldal trer denne ordensoppfatninga ofte fram som «reducerbar til eitt eller noen få bestemmande prinsipp, som utgjer samfunnet sin essens», og det er dette perspektivet han vil til livs, tilliks med eit totaliserande og essensialistisk samfunnsomgrep. Ein måtte slutte å sjå på det å vere del av eit samfunn prega av orden, heilskap og samanheng på som noko sjølvsgt godt. Samfunnet var truleg meir samansett enn ein tidlegare har hatt grunn til å hevde, og den orden som syntesar skaper, fungerer sjølvsgt ordnande. Det må ein sjølvsgt ha in mente, men ein treng ikkje kaste barnet ut med badevatnet.

### «Theories of the middle range»

Dette leier oss inn på ein mellomposisjon mellom den store, altomfattande syntesen og nyare kulturhistorie. Alt i 1949 hadde den amerikanske sosiologen Robert King Merton introdusert sine «theories of the middle range», som svar på kritikk mot dei som ønskte å gje seg i kast med altomspennande samfunnsteori som kunne gje svar på store og viktige samfunnsspørsmål, teoriar som var «all-embracing and grandiose». Merton ville heller gje seg i kast med å forklare sosiale strukturar og sosiologiske fenomen ved «mellomnivåteoriar» eller «bindestrekssosiologiar». <sup>207</sup> Dei skulle vere «virkelighetsforankret teoretisering (...) for mangfold i temaer og tilnærmingar». <sup>208</sup>

---

<sup>204</sup> Kaldal 1997: 25.

<sup>205</sup> Ibid.

<sup>206</sup> Kaldal 2002.

<sup>207</sup> Merton [1949] 1957: 5.

<sup>208</sup> Kalleberg 2003: 243.

Sosiologen Ragnar Kalleberg meiner Merton som modernitetsteoretikar hadde innsett at det var nødvendig å nytte eit mangfald av paradigme for å utvikle ein sakssvarande analyse av den inter-institusjonelle kompleksitet som prega det moderniserte samfunnet. Denne kompleksiteten prega i sterkare grad det moderne samfunnet, og for å fange denne ville han kombinere røyndomsnærheit med abstraksjon, ved ein komparativ sensitivitet. Den sosiologiske innsikta handla om å gå inn i ein spesifikk empirisk røyndom, som er historisk og geografisk situert, for «å gripe den sosiale verdens innerste logikk». Identifikasjon av sosiale fenomen vart dermed bunde til sosialt rom og historisk tid, og måtte derfor ikkje behandlast på generell basis.<sup>209</sup>

Einar Niemi meiner at «mellomnivå-teoriane» nettopp kan vere nyttige i arbeidet med syntesane som eit svar på utfordringa frå den nye kulturhistorias kritikk av dei store og omfattande teoriane. Fordi ingen teori har universell gyldigheit, og fleire teoriar kan gjøre greie for same forhold, meiner han som tyske «samfunnshistorikarar» at «middle-range»-teoriar kan ha rekkevidde i tid og rom, og derfor ha relevans i lokalhistoriesamanheng.<sup>210</sup> Som i sosiologien er det nødvendig å behandle eit fenomen ut frå kor og når det finn stad, også i behandlinga av historiske fenomen i Narvik. Derfor vil det vere behov for å nytte «theories of middle range» i arbeidet med den nye byhistoria.

Knut Kjeldstadli meiner at byhistorikaren må kunne «the trick of all trades». Han/ho må orientere seg i eit vell av teoretisk materiale, og nytte den vitskapen som syner seg mest relevant i møtet med litteratur, kjelder, historiske utviklingstrekk og hendingar knytt til byen. Ein må suge til seg teoretisk tankegods og modellar etterkvart som dei dukkar opp i manesjen, og finne det mest nyttige for å sette lyset på dei sidene ved bysamfunnet ein vil sette lyset på.<sup>211</sup> Slik har også tilnærminga til denne versjonen av Narviks historie vore. Relevante teoriar har blitt nytta for å sette fokus på emna som vart sett under lupa i Narvik. Kanskje først og fremst dei som er påverka frå samfunnsvitskapane, særleg frå sosiologi, for å drive analyse og kritikk, for så å konstruere ei ny forteljing om Narvik. Eg syne korleis under.

### **Synteseambisjonar i den nye byhistoria**

Treng det vere nokon strid mellom ambisjonen om syntese, bruken av «middle range theories» og ei kulturhistorisk tilnærming? Svaret er nei. Kaldal slår til lyd for å vere kritisk innstilt i høve til dei store forteljingane, men forkastar dei ikkje. Ein må berre

---

<sup>209</sup> Kalleberg 2003: 244.

<sup>210</sup> Niemi 1992b: 58.

<sup>211</sup> Kjeldstadli 1995a: 12.



reflektere over korleis den store forteljinga sjølv er historisk konstituert og kan lagast på fleire vis. Eit anna moment som gjør den store forteljinga nyttig er behovet for å skape orden i eit nokolunde kaotisk og uoversiktleg historisk kjeldemateriale. Det var kanskje her Ytreberg svikta mest, og det er derfor naturleg at ei ny framstilling er meir reflektert i bruken av kjelder og teoriar.

For å komme nærmare kjernen i lokalsamfunnet, og for å fange opp noko av stemningane og identitetane til folk i lokalsamfunnet, for skildre dei meir frå innsida, har eg nytta spenningar som metodisk grep i studien av byen. Vi såg korleis refleksjonane kring spenningar kom fram i *del 1* av refleksjonstillegget. Det viktigaste momentet med eit slikt grep er høvet det gjev for å binde saman kritikk og konstruksjon, analyse og syntese. Når omgrepet «spenning» gjev inntak til å forstå fellesskapa, kjem det nettopp av at spenningane får fellesskap til å utfalde seg. Kva fellesskap var folk i byen med i? Kva fellesskap hadde dei ei kjensle av å tilhøre? Fellesskap skaper igjen spenningar mellom by og omland, mellom Narvik kommune og staten, mellom det norske Narvik og det svenske LKAB, mellom sosialistar og kommunistar, mellom radikale og konservative, mellom bydelane i byen, mellom kvinner og menn eller mellom arbeidsplassar i byen, slik vi såg det i *del 1*. Ved å bruke omgrepa *byen, banen og bolaget*, som omdreiingspunkt for spenningar og fellesskap vil ein kanskje også nå målet om ei «verdighetsforskning» om Narvik.

Omgrepet «spenning» kan forklarast på fleire vis, men her er det sett på både som «intens interesse, forventning, uro» og «motsetningsforhold som kan føre til brudd eller ein tilspissa situasjon».<sup>212</sup> Inspirasjonen bak vinklinga på spenningar er henta frå Myhre og Kjeldstadli sin bruk av spenningar som ordnande grep Oslo bys historie.<sup>213</sup> Der tok dei utgangspunkt i forteljinga om byutvikling i landet på veg frå bygde-land til by-land, med store endringar i økonomi og næringsliv, korleis bykultur blir skapt og problem kjem til. På denne vegen oppstod ulikskap og motsetnader – spenningar - av mange typar, både med dei utafør byen og internt i byen.<sup>214</sup> I samband med utgreiingsarbeidet til Oslos historie i 1984 vart dette sterkt understreka. Byen måtte ikkje «reduseres til kulisser for personer og begivenheter som henter sin betydning annesteds fra, eller for generelle

---

<sup>212</sup> Nettstaden til UB i Tromsø med elektroniske ordbøker: <http://www.ordnett.no/ordbok.html>. Oppslagsordet ”spenning”. 30.08.2006.

<sup>213</sup> Kjeldstadli 1995a.

<sup>214</sup> Kjeldstadli 1995a: 9.

historiske prosesser uten lokale kjennetegn.»<sup>215</sup> Spenningsane kunne hjelpe til med å finne lokale historiske prosessar og kjenneteikn, slik vi såg det i *del 1*.

I arbeidet med Narviks historie skjedde det ikkje i strengt teoretisk forstand ei syntetisering der eg la vinn på å skrive *totalhistorie*. Det vil heller vere ambisjonar om syntesar i form av «mellomnivå-teoriar». Desse heng saman med byhistoriefeltet sin interdisiplinære hang til teoriar frå fleire vitenskapar for dei emna som skulle dekkast.

Synteseambisjonen vart likevel meir synleg i Narviks historie anno 2001. Det går til dømes fram av tittelen på boka der det er Narviks historie som er samlande og overordna tema for framstillinga, ikkje Ofotens. Den nye framstillinga skal innehalde delhistorier i mange steg, fletta saman på ulike vis innafor ei overordna ramme som til saman utgjør den heilskaplege forteljinga om Narviks oppkome og utvikling fram til 1950.<sup>216</sup> Med tittelen *Byen, banen og bolaget*, viser bindet til eit samband mellom byen og to sentrale faktorar i grunnlegginga og utviklinga av byen, jernbanen og malmbolaget. Narviks historie i den omhandla perioden krinsar rundt dei tre; byen, banen og bolaget, slik vi såg det i *del 1*. Det er ordnande for framstilling, og utgangspunkt for behandling av andre emne i boka. Til dømes er forholdet mellom dei tre eit tilbakevendande tema frå byetableringa av. Fokus vil vere på forholdet mellom byen, banen og bolaget si verksemd på grunneigarsida, og korleis forholda mellom dei tre spelte inn på kvarandre økonomisk og konjunkturmessig, og i høve til næringsutviklinga elles. Ytreberg hadde dels eit slikt fokus. Han fortalte om «tre makter», representert ved kommunen, bolaget og jernbanen.<sup>217</sup> Men det forma ikkje framstillinga på eit overordna, heilskapleg og styrande vis.

Syntesane kjem også fram gjennom deltitlane i det nye historieverket. Best ser ein det frå kapittel 4, der økonomiske forhold og byen sitt fundament blir skildra ved hjelp av omgrepsspar på «middle-range»-nivå, som til dømes at byen utvikla seg økonomisk som ein 'nettverksby' mellom *malmfelt og marknad*. I kapittel 5 er det snakk om eit politisk gjennombrøt for arbeidarrørsla som la føringar for byen. Det skjedde fordi Narvik var ein annan og ny type by enn til dømes Bodø og Tromsø. Det neste kapitlet handlar om byutvikling i regi av og brytning mellom to statar, to nasjonar og to bedrifter, medan kapitlet etter handlar om korleis bysamfunnet blir forma til ein velregulert småby, frå ein «syndens pøl», gjennom respektabilitetsideal, sivilisering og disiplinering initiert både frå

---

<sup>215</sup> Notat om Oslos historie. 11.6.1984. Perm på seksjonsrommet. Institutt for historie.

<sup>216</sup> Dahl 1986: 23.

<sup>217</sup> Ytreberg 1954: 253.

grunnplanet, ved enkeltpersonar og organisasjonar, og gjennom initiativ frå lovgjevarar og kommunale organ.

I dei tre første kapitla er synteseambisjonane meir implisitte, men dei kjem likevel fram i lyset i spenninga mellom svenske og norske interesser i Narvik-området, representert ved svenske LKAB og norske Statsbanene/Statens eiendommer. Desse tre kapitla har som viktigaste funksjon å rekapitulere byetableringa med nye perspektiv og myte-kritiske ambisjonar, som i behandlinga av mytane om rallaren, og mytane om kven som ærast skulle for by- og baneetableringa. Her har ein høve til å drøfte problematikken ut frå nytt kjeldemateriale og nye perspektiv. Ein mellomnivå-teori som danna utgangspunkt for arbeidet, var hypotesen som eg har nemnt før om at byetableringa i Narvik måtte sjåast i lys av andre rammer enn nasjonale grenser. Eit anna moment som måtte komme klårare fram i desse tre første kapitla var dei reelle geopolitiske vurderingane bak jernbane-, hamne- og byetablering. Den strategiske posisjonen til den nye banen og byen måtte tonast sterkare, særleg i lys av ønsket om å trekke liner i historia. Her finn dei verdspolitiske hendingane kring 2. verdskrigen sitt opphav. Byen og banens strategiske verdi skulle vise seg kontant i samband med den tyske okkupasjonen av landet i 1940. Spørsmålet var derfor kva trusselvurderingar ein gjorde seg på norsk og svensk side då banen vart planlagt og bygd i tida 1873-1903.

Del II av Narviks historie er inspirert av Kaldal og «byen som eit ope landskap». Forteljninga om bruken av byen, og kva moralske rom som finst der, så vel som diskusjonen om utforming av by og byrom syner eit slikt fokus. Det siste er dessutan inspirert av kulturgeografane som Kirkhusmo meiner har «mye å by på» for historikaren. Her gjeld det å få tak på omgrep som by/land-relasjonar, tettstads- og omlandsomgrepet og ikkje minst spørsmålet om byen sin framvekst, utvikling og funksjonar.<sup>218</sup> Samtidig som ein behandlar byen som administrativ eining, må ein ikkje rive byen ut av sitt naturlege miljø. Det finst fleire funksjonar som bind byen sterkt saman med omlandet rundt, og studien av byen Narvik må ta det inn over seg. Vanlegvis skal ei byhistorie omhandle byen i eigenskap av lokalsamfunn, innafor sitt eige territorium, med tilhørande sosiale, økonomiske, politiske og administrative institusjonar. Men forskarar som L. Juhasz meiner at ein bys historie på 1800-1900-talet ikkje kan skrivast «uten konstant å ha for øye en større landsdel som kanskje omfatter flere naturlige landskaper og sikkert også mange

---

<sup>218</sup> Kirkhusmo 1998b: 294.

landsbyer».<sup>219</sup> I studien av Narvik må ein altså sjå langt ut over Ofotfjorden, ja til og med må ein ut over nasjonsgrenser.

Myhre meiner lokalhistoria både skal skode tilbake og vere eit lokalsamfunns «sement», ved å skape kunnskap om fortida og slik bygge fellesskapskjensle og felles identitet. Samstundes må ho skode framover, og vere «utviklingsreiskap», eit «hjelpemiddel» i lokal planlegging.<sup>220</sup> Forskaren må vende blikket frå kva vi er, gjennom tilbakeskoding, og heller syne kva som er mogleg gjennom historia. Myhre meiner lokalhistorie kan nyttast som utviklingsreiskap på særleg tre område, og igjen krinsar problematikken kring kritikk og konstruksjon. Først og fremst skal lokalhistoria skaffe fram generell kunnskap om eit samfunn gjennom kritiske studie, ved å byggje opp ny viten og innsikt, men også gjennom å knuse mytar, falsk viten og kvasi-innsikt. I *del 1* såg vi korleis identitetsskaping bygd på laust empirisk grunnlag, og konstruerte fellesskap var illusjonar, meir enn realitet.<sup>221</sup> Slikt problematiserer det nye verket.

For det andre meiner Myhre lokalhistoria skal vere utviklingsreiskap for lokalsamfunn, ved å trekke store historiske liner som kan få lokale leiarar til å heve blikket. Historia skal frigjøre frå «korttidsperspektivets tyranni».<sup>222</sup> I forlenginga av det tenkjer han seg at kunnskap om fortida kan gje avgjerdstakarar grunnlag for kloke vedtak.<sup>223</sup> Dei to siste momenta stiller krav til syntese og integrerande tenking frå historikarane si side, noko Myhre ikkje meiner norske historikarar er uvante med. Vi er etter hans syn mindre spesialiserte enn historikarar i andre nasjonar ein kan samanlikne oss med, og skulle såleis vere i stand til å skrive samanfattande framstillingar, eller syntesar.<sup>224</sup>

Forskar ein ut frå kulturgeografiske perspektiv, er ein meir opptatt av omgrep som «fysiognomi», byens ansikt, eller visuelle vesen/utsjånad, når ein nærmar seg byen.<sup>225</sup> Her herskar inspirasjonen frå Myhre om å gjøre lokalhistoria til «utviklingsreiskap». Byhistoria kan brukast av dagens beslutningstakarar i arbeidet med t.d. byplanane. Er det kvalitetar som er verdt å ta vare på i byplanar? Er det element rundt byforminga som bør og kan vidareførast i nye planar og utbyggingar? I mitt arbeid har det vore viktig å sjå på ideal bak byplan og -forming, både for å kunne danne grunnlag for vedtak og for å gje kunnskap

---

<sup>219</sup> Juhasz 1977: 101.

<sup>220</sup> Myhre 1994: 227.

<sup>221</sup> Aas 2001a.

<sup>222</sup> Myhre 1994: 233.

<sup>223</sup> Myhre 1994: 232.

<sup>224</sup> Myhre 1994: 233.

<sup>225</sup> Juhasz 1977: 101.

for seinare beslutningstakarar. Det gjeld både dei første byplanane skildra i kapittel 9, og gjenreisingsplanane frå krigsåra og like etter (kap.12).

Eg har argumentert for at motsetnaden mellom syntesembiisjonar, bruk av «theories of the middle range» og søken etter kulturelle prosessar innafor eit «byfelt»/«byrom» kan vere kunstig og oppkonstruert. Kaldal meiner det er viktig å spørje kva folk har gjort «kor i byen sine ulike rom», og vidare «finne kva betydingar og meiningsinnhald dei har gjort det med, og korleis det har vore ledd i konstruksjonar av *kulturelle rom* i byen». <sup>226</sup> Inspirasjonen frå Kaldal ser ein tydelegast i kapitla som omhandlar forminga av bysamfunnet (kapittel 7), om fritidskulturen i byen (kapittel 10) og om kvardagslivet i byen under krigen (kapittel 12), men også i delar av andre kapittel blir innsynet i byen prega av å vere «ei oppdagingsferd der ein let granskingsblikket flakke fritt i forhold til faste førestillingar om kva som er 'vesentleg' med byen som by». <sup>227</sup> Her er det vesentleg å «tolke det som har skjedd i den kulturelle prosessen» slik dei arta seg i Narvik. <sup>228</sup> Eit døme er kapittel 7 *Et bysamfunn under forming*, der reiseskildringar, skjønnlitteratur, munnlege informantar, politiarkiv, avisar, kommunearkiv og lokale årsforteljingar blir brukt for å skildre kva kulturelle betydingar som har vore knytte til gata sine rom og bruken av dei. I dette kapitlet har empirien blitt nytta for å skildre korleis byen søkte å skape «respektabilitet, sivilisering og ordentlighet», og korleis ulike rom i byen hadde ulikt innhald. Også i kapittel 10 *Fritid og fellesskap 1920-39*, er inspirasjonen òg henta frå Kaldal. Her blir vi med ut i gata, inn på kino, på kafear, på Folkets hus og på fotballkampar, på oppdagingsferd i ulike miljø i byen, og vi følgjer Narvik-folk på hyttetur på fjellet med toget for å bli kjent med mellomkrigsåras stemningar. Også i kapittel 9 *Byplanlegging og boligsak i mellomkrigstida*, blir vi nærmare kjent med høg og låg i ein sosialt samansett by. For å sjå kva folk gjorde kor «i byen sine ulike rom» blir vi med ungane når dei bada, akte og spelte ball. Her er det eit poeng at nokre styrande, overordna teoriar dannar rammer for kjeldebehandling og forteljing, noko som samanfattar det heile slik at framstillinga ikkje ender opp med å bli formidling av «enkeltemner gjennom detaljbeskrivelser». <sup>229</sup>

---

<sup>226</sup> Kaldal 1997: 14.

<sup>227</sup> Kaldal 1997: 25.

<sup>228</sup> Kaldal 1997: 27.

<sup>229</sup> Niemi 1992b: 53-54.

### Del 3 Lokalhistorias skaping av «minnestader»

Eric Hobsbawn har karakterisert dei siste 150-200 åra som stordomstida for oppfinning av tradisjonar – på engelsk «invention of tradition». I løpet av 1800- og 1900-talet vart tradisjonar oppfunne gjennom formaliseringsprosessar og ritualiseringar, forma av referansar til fortida.<sup>230</sup> Det var ikkje ein stad eller ei tid som ikkje opplevde desse prosessane, men dei var kanskje særleg sterke der det skjedde grunnleggande og raske samfunnsendingar. Den franske historikaren Pierre Nora meiner det frå ca. 1960 og fram til i dag har skylt ei tidevassbølge av minne inn over mange land. Det har skjedd ei revitalisering av tradisjonar i alle sine former; ingen periode har nokon gong vore «as much a prisoner of its memory, as subject to its empire and its law».<sup>231</sup>

Hobsbawn meiner historikarane bør delta i studien av denne tradisjonsoppfinningsprosessen, for det første fordi oppfinninga av tradisjonar er viktige symptom, og dermed indikatorar på problem som kanskje elles ikkje ville blitt oppdaga, eller utviklingstrekk som elles var vanskeleg å identifisere og tidfeste.<sup>232</sup> Nora sluttar seg til dette synet. Han meiner eit studie av slike symbol opnar sjansane for openberringar.<sup>233</sup> For det andre set oppfinninga av tradisjonar fokus på mennesket sitt forhold til fortida, og dermed også på historikarane sine tema og historikaren sitt handverk. Alle oppfunne tradisjonar så langt, har brukt historia til å legitimere oppfinningane. Slik er også historikarane med på å skape «limet» som held grupper saman.<sup>234</sup>

Nora har i sitt arbeid *Realms of Memory* («minnenes verder» eller «minnerike») studert korleis minne og erindring har blitt til i Frankrike gjennom studiet av historie, litteratur, politikk og sosiologi. Særleg har han søkt etter «*lieu de mémoire*», på engelsk kalla «memory places» («minnestader»), i den franske nasjonale identiteten. Målet var å sjå korleis minnestadene har blitt realisert og strukturert frå mellomalderen og fram til i dag. Historia om minna har blitt realisert gjennom innbilte representasjonar saman med historiske realitetar som er festa ved symbolske stader som har forma fransk sosial og kulturell identitet, skriv Lawrence D. Kritzman i første bind av bokserien «Rethinking the

---

<sup>230</sup> Hobsbawn & Ranger 1992:4.

<sup>231</sup> Nora 1998: XII. «Minne» er her forklart som noko som får ein til å hugse/tenkje på noko. (Nynorskordboka 1991)

<sup>232</sup> Hobsbawn & Ranger 1992: 12-13.

<sup>233</sup> Nora 1998: XI.

<sup>234</sup> Hobsbawn & Ranger 1992: 12-13.

French Past of Memory». Der presenterer Nora delar av forskingsprosjektet sitt i tre bind.<sup>235</sup>

Nora nyttar omgrepet «minnestad» om nasjon, og knyt fenomenet til nasjonalisme og nasjonsbygging, men vi kan òg flytte teoriane over på lokalsamfunns-/by-nivå. For Nora er minnestaden «any significant entity, whether material or non-material in nature, which by dint of human will or the work of time has become a symbolic element of the memorial heritage of any community».<sup>236</sup> Med andre ord er det her snakk om både ein konkret og ein symbolsk stad, der dei kollektive, nasjonale minna til franskmenn har komme til uttrykk.<sup>237</sup> Han meiner historikaren må dukke ned og studere minnestadene, gjennomføre empiriske studie til minste detalj over dei, for slik å avsløre band av opphøgde uvit og sterke kjensler som har knytt folk til stadene. Band som så og seie ligg i kløfta mellom minne og historie, og som historikaren pliktar å merke av og forklare opphav og konstruksjonen bak.<sup>238</sup>

Nora leita etter ein viktig kategori i førestellinga om «minnestaden», sjølv *loci memoriae*, som etter hans meining er full av innhald og dobbel natur. Det er både «a hermetic excrescence upon the world, defined by its identity and summed up by its name, but at the same time open to an infinite variety of possible other meanings».<sup>239</sup> Frå fransk kultursamanheng dreg han fram «minnestader» av ulik karakter, både menneske og bygningar, flagg og songar, landskap og statuar, så som Lascaux, Jean d'Arc, Eiffel-tårnet, Versailles, «Marseillaisen», filmane til Truffaut og Godard, Gitane-sigarettane og anletet til Jeanne Moreau, og til og med Tour de France. «Anything having to do with the cult of the dead, the national heritage, or the presence of the past can be considered a *lieu de mémoire*», skriv Nora.<sup>240</sup> Alle desse «minnestadene» i det kollektive medvitte til franskmenn var eit resultat av det Nora karakteriserte som «an imaginary process that codifies and represents the historical consciousness of 'quintessential France'».<sup>241</sup>

### ***Ytrebergs skaping av «minnestader»***

Ola Alsvik har vist til at den seinare tida stadig har vore diskusjonar om korleis identitetsskaping er ein del av lokalhistoriske prosjekt. Eit viktig spørsmål er ofte korleis identitet blir skapt gjennom framstillinga, og om korleis lokalhistoria har vore både subjekt

---

<sup>235</sup>Kritzman 1996: IX.

<sup>236</sup>Nora 1996a: XVII.

<sup>237</sup>Eriksen 1999: 87.

<sup>238</sup>Kritzman 1996: XII.

<sup>239</sup>Nora 1996b: 19-20.

<sup>240</sup>Nora 1996b: 15.

<sup>241</sup>Kritzman 1996: X.

og objekt i identitetsskaping.<sup>242</sup> Slik har ho òg produsent mytar, noko Alsvik har fagleg-  
etiske innvendingar mot, fordi dei som står økonomisk og organisatorisk står bak  
lokalhistorieprosjekt, ofte kan vere meir eller mindre reflekterte intensjonar om  
identitetsskaping.<sup>243</sup> Korleis bidrog så byhistoria til Ytreberg som «lim» og  
«utviklingreiskap» for oppdragsgjevaren? På kva måte la boka grunnlag for utvikling av  
Narvik-identitet på midten av 1950-talet? Korleis har historieverket som oppdragsforskning i  
regi av Narvik kommune gjort sitt til denne forminga? Var ikkje sjølve mandatet til  
rådmann Kuvaas i sitt brev til Ytreberg nettopp eit framlegg til skaping av ein «minnestad»  
i Narviks historie? Og svarte ikkje nettopp Ytreberg opp til oppdragsgjevaren sine  
forventingar ved å gje rådmann, kommune og befolkning nye minnestader?

Når Kuvaas ville ha fokus på Rombaksbotn og rallarkulturen kan det ha vore eit  
uttrykk for Narvik-folk si historiske sjølvforståing, men også som eit uttrykk frå Narvik om  
at noko var i ferd med å komme bort. Nora har vist at søking etter minner ikkje er noko  
anna enn eit forsøk på å meistre «the perceived loss of one's history» i samtida.<sup>244</sup>  
Historieverket til Ytreberg skulle med andre ord rette søkjelyset mot eit utvalt element av  
fortida og konsentrere seg om eit representativ døme som kunne knyte byen til historia si.  
Det skulle skje «gjennom muntlige beretninger fra distriktets eldste».<sup>245</sup> Gjennom desse  
minna skulle ein som Nora har peikt på «stoppe tida», hindre gløymse, rydde opp i historia  
ved å live opp att dei døde og materialisere det immaterielle – «all in order to capture the  
maximum possible meaning with the fewest possible signs».<sup>246</sup>

### **Narviks historie som «rallar-epos»**

Då prosjektet Narviks historie starta opp i 1947, skjedde det berre eit par tiår  
etter at «Rallartida» var over - ein epoke frå ca 1860 til 1920. Narvik ville bruke rallaren og  
fokusere på rallarkulturen. Det var framhaldet på ein trend frå Sverige på slutten av 1940-  
åra, der det gjekk føre seg ei sterk minneskaping om epoken gjennom skjønnlitteratur, film  
og minnesamlingar. Den svenske filmen *Rallare* i 1947- basert på Olle Länsberg sitt manus  
- synte eit arbeidslag av jernbanearbeidarar mellom Luleå og Narvik rundt 1902, med eit  
rikt persongalleri, frå rallarkokka Svarta Bjørn og den grådige spritlangaren Blom, til  
rallarar med namn som «Stora Ballong», «Babtist-Anders», «Bråk-Olle», «Sikkavaara  
Frans» og «Dynamiten». Mange norske forfattarar hadde òg skildra rallaren i 1920- og 30-

---

<sup>242</sup> Alsvik 2001.

<sup>243</sup> Alsvik 2001: 276.

<sup>244</sup> Kritzman 1996: XIII.

<sup>245</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå Narvik kommune 4.3.1947.

<sup>246</sup> Nora 1996b:15.



åra. Fleire av dei, som Johan Falkberget og Kristoffer Uppdal hadde vore på anlegg, eller kjente figuren frå eige liv. Uppdal skreiv om romansyklusen *Dansen gjennom skuggeheimen* at han skulle vise «den yngste historia vår, da arbeidarstanden skapar seg og stig fram. Det er lausrivinga frå opphavet, bondestanden: gangen til ei slekt frametter, proletariseringa, heilt ned til botnen, og vidare til den nye og yngste makt i samfunnet».<sup>247</sup> For Uppdal hadde fokuset på rallarkulturen opplagt ei politisk, sosial og kulturell mening. Han ville syne den samfunnsprosessen som Edvard Bull karakteriserte som «kapitalimens frigjørende fase», då eigedomslause i Skandinavia braut laus frå lenkene i perioden 1860-1920.<sup>248</sup> Denne perioden fekk namnet «Rallartiden» i Sverige, fordi det var då «man vandret i større flokker fra anlegg til anlegg».<sup>249</sup>

Ytreberg inngikk no i ein ny bølge av forfattarar som hjelpte til med å bygge opp mytar og historier om rallarlivet ved hjelp av munnlege kjelder. I løpet av 50- og 60-, og 70- åra skjedde eit omfattande dokumentasjonsarbeid blant kulturminneforskarar, historikarar og andre for å få nedskrive arbeidarminne, leia av Edvard Bull, knytt til *Norsk Folkemuseums avdeling for arbeiderminner*.<sup>250</sup> Det skjedde som Nora skildra både ei faghistorisk myteskaping gjennom historikarstyrte prosjekt, samstundes med skjønnlitteratur og film og andre kunstnarlege uttrykk utafør vitenskapens strenge rammer. Dei meir folkelege skildringane og perspektiva ved rallartida fekk eit sterkt fotfeste. Fokuset på sosialhistorie akselererte prosessen. Historia til undertrykte, glømte grupper skulle fram i lyset; vanlege folk og arbeidsfolk skulle fram i staden for ein politisk og økonomisk elite.

Historieverket fekk gode skussmål i samtida for sine litterære kvalitetar. Rolf Danielsen beundra Ytreberg for måten han klarte å «levendegjøre og anskueliggjøre stoffet» på, og ein utprega sans for det som «gjorde seg».<sup>251</sup> Ytreberg var «på sitt beste når han slipper seg løs som forteller», skreiv Danielsen, og vektla avsnitt om «det ville liv i anleggs- og rallarsentrumet Rombaksbotn med sine 'langere' og spritgauker, med gledesprestinner som Olga Fastamuida og Agnes Orkana, de utallige raffinerte former for spritsmugling, med losjihus med navn som Fryseriet og Kyraså, fulle av utøy og lus: 'inte

---

<sup>247</sup> Nord, Ragnar W.: Ordet som politisk og sosialt våpen, foredrag under litteraturseminaret under Vinterfestuka i Narvik, 10.-11.3.2002. <http://www.narvik.folkebibl.no/dokument/index.htm>. Narvik folkebiblioteks heimside. 30.08.2006.

<sup>248</sup> Bull 1975: 229.

<sup>249</sup> Theander 1993: 72.

<sup>250</sup> Bull 1961.

<sup>251</sup> Danielsen 1955: 128.

vanlig lus, utan stora norska med spader-ess på ryggen'».<sup>252</sup> Minnematerialet, mytane og forteljningane skapte liv til historieverket.

Dette understrekar igjen Noras teoriar om at minna «er liv», «always embodied in living societies and as such in permanent evolution, subject to the dialectics of remembering and forgetting». Historie på si side er «rekonstruksjonar av liv», «always problematic and incomplete of what is no longer».<sup>253</sup> Gjennom framstillinga til Ytreberg og bruken av dei karakteristikkane som han fann gjennom minna, klarte han å skape ein god tekst der lesaren stilte få kritiske merknader til minna som myteskapar. Verket vart grunnlag for forteljingar, anekdotar og vandrehistorier som fekk ein moralsk funksjon. Personar og hendingar vart ideal for andre, eller det motsette. Ingar Kaldal har reflektert over myteskaping og mana til kritisk refleksjon rundt dei. Han har mellom anna vist til Claude Levi-Strauss når han gjør merksam på at det både er viktig å sjå på kva mytar og minner som uttrykk for levande erfaringar. Det heile dreiar seg om å lese mytane som uttrykk for strukturelle meiningsmønster bak uttrykka, eller også å rette blikket mot korleis «betydningane er danna i teksten og mellom tekstar», og Kaldal meiner derfor at ein bør søkje å sjå etter «betydningsskaping i mytologiseringane».<sup>254</sup>

Narviks historieprosjekt i perioden 1946-54 vart startskotet for ein sterk minne- og historieproduksjon knytt til visse minnestader, og i vekselspelet mellom oppdragsgjevar og historieforfattaren vart det danna ein plattform for vidare konstruksjonar og bruk av «minnestader» for Narvik. La oss derfor sjå nærmare på nokre av desse minnestadene.

### **Rombaksbotn som «loci memoriae»**

Det heile starta med sjølve *loci memoriae*, Rombaksbotn, den staden alt sprang ut frå. Under det engelske anlegget i tida 1885-89 vart det bygd ei kai, nokre lagerbygg og eit bakeri, medan det ved oppstarten på det norske anlegget i 1898 kom ein del folk inn hit og slo seg ned. Toppen var nådd i 1902, då det budde rundt 500 menneske fordelt på 75 hus her. Då baneanlegget gjekk mot slutten i 1903 vart plassen sakte avfolka og mot slutten av året var dei fleste flytta.<sup>255</sup> Mange av dei som flytta tok med seg husa sine dit dei flytta, og saman med brannar og slitasje frå vêr og vind, resulterte det i at byen sakte, men sikkert forsvann.

---

<sup>252</sup> Danielsen 1955: 128

<sup>253</sup> Nora 1996b: 3.

<sup>254</sup> Kaldal 2002: 97.

<sup>255</sup> Theander 1993: 110-115.

Ytrebergs var tru mot mandatet sitt. Han brukte «stedets gamle folk» og andre som huska dei første åra, særleg anleggstida, for å skildre minnestaden i Rombaksfjorden. Den nye anleggsbyen som voks fram i Rombaksbotn, ein slags amerikansk klondyke-by med ei kort og hektisk levetid, skulle særleg omtalast i ei byhistorie for nabobyen fleire mil lenger ut i fjorden.<sup>256</sup> Framvoksteren av Narvik hang sjølvstøtt saman med anlegget i 1898-1903, og det kan argumenterast for å gå detaljert til verks for å gje folk i Narvik ei byhistorie spekka av detaljar kring anlegget, bort frå endehamna for baneanlegget og opp mot fjellet og den svensk-norske grensa. Det er likevel eit paradoks at mandatet gjekk i retning bort frå sjølve byen.

Ytrebergs framstilling tar oss med til dette industrialismens «Atlantis», den forsvunne byen, frå tida då det var nokre gardar til det voks fram eit anlegg og ein by inne i fjorden. Vi får vite om dei første som etablerte seg her inne, dei som etterkvart følgde med hit, og om reguleringsplanen vedtatt av Ankenes kommune i 1900. Vi får ein detaljert gjennomgang av det dramatiske steinraset som ramma staden i 1898. Hit kom handlande, agentar, kjørarar, ingeniørar og anleggsarbeidarar, og gjennomgangstrafikken skapte behov for hotell og forpleiing, både heilt vanlege hotell og losjihus, i tillegg til «en rekke 'hoteller', losjihus av tvilsom bonitet og med det utvilsomme formål å trekke mest mulig mynt ut av lommene på slusken. Rombaksbotn rommet derfor alle avskygninger fra respektable hoteller til bevertningar og kaféer av siste sort». I dette Sodoma og Gomorra var det rallaren, eller «slusken» som Ytreberg òg kallar han, kom på laurdagar»og søkte begjærlig de adspredelser og gleder den kunne by på».<sup>257</sup>

Rallaren brukte tida godt. «Pengene rullet ut fortere enn de var kommet inn», skriv Ytreberg og fortel vidare at bitterheit mot dei som loppa rallaren kjem fram i «rallarvisene», som og blir brukt som tidsbilete og illustrasjon over livet. Rombaksbotn dekte eit behov for å «rase ut etter en slitsom uke», og vi får kjennskap til dyre og dårlege overnattingsetablisement. Rombaksbotn hadde òg renommé som tilhaldsstad for farlege kvinner, hor og svir, gjennom rallarviser og rettsprotokollar som kjelde.

Noko ordensmakt fanst der heller ikkje i normal forstand, berre ein politistyrke av laust samanraska jernbanefolk, underlagt baneadministrasjonen.<sup>258</sup> Livet var derfor prega av «fylleri, gateuorden og slagsmål», og full av fantasirike metodar for å smugle brennevin til rallarane langs banen. Her var ukontrollerte handlingar, festar og slagsmål,

---

<sup>256</sup> Ytreberg 1953: 197-237.

<sup>257</sup> Ytreberg 1953: 208-209.

<sup>258</sup> Ytreberg 1953: 209-211.

men få statistiske oversyn over vald og brotsverk. «Disse folkene» hadde ikkje rare respekten for maktuttøving og sivilisasjonens institusjonar heller, og Ytreberg stør seg på ein sakfører som stadig under rettsaker opplevde at både tiltalte og vitne ofte var fulle og måtte settast i «finka» for å sove ut rusen før rettsforhandlingar kunne starte i botn.<sup>259</sup>

Seksuelle utskeiingar var det nok av i Rombaksbotn; «rene orgier utfoldet seg i det fri», sjølv om det rett nok fanst andre aktivitetar også. Den «amerikanske gullgravarbyen» kunne huse tryllekunstnarar, sterke menn, linedansarar og gjøglarar, men det var sjølvsagt ikkje enkelt å bu der inne. Livet var full av motsetnader mellom fastbuande, «skikkelige folk» og tilreisande «andre». «Skikkelige folk holdt barna inne og dyrket familielivet som best det lot seg gjøre». Men det var ikkje enkelt all den tid «slusken og det 'satans pakk' som snyltet på dem» sette sitt preg på staden. Parallellane til Sodoma og Gomorra var nærliggande, og når staden vart ramma av ulukka, som ved steinraset i 1898, tyfusedemien i 1901 og brannen som øydela 20 av 70 hus i januar 1900, tenkte mange at det var rimeleg straff frå vår herre.<sup>260</sup>

Når Ytreberg skriv utførleg om Rombaksbotn og rallarlivet, var dette i tråd med mandatet til kommunen. Kva kan så grunnen til mandat vere? Nora meiner det er eit poeng å sjå korleis «minnestadene» er bygd opp av kulturelle mytar som er føremålsteneleg av ideologiske og politiske grunnar.<sup>261</sup> Han får støtte frå Knut Kjeldstadli på dette punktet. Kjeldstadli viser at ikkje-historikarar kan ha ein tendens til å skape mytar reint ideologisk basert, på retrospektivt vis. Styrt av ein aktuell situasjon, eit problem, ei livserfaringar eller reine behov, tar dei utgangspunkt i notida, søker seg bakover for så å finne røter til notida. Når dei går bakover i tid følgjer dei gjerne ein tråd for å søkje stabile mønster som kan gje eksistensiell rettleiing, rettleie mot moralsk restaurasjon eller rehabilitering, verke ideologisk legitimerande eller vere ein nyttig politisk parallell eller symbol.<sup>262</sup>

Byhistoria skulle hjelpe med å finne essensen i byidentiteten, og opphavet til Narvik som by. Rådmann Kuvaas kan ha tenkt at ein slik essens kunne finnast ved å studere rallarkulturen og Rombaksbotn. Det var ei line i historia frå Rombaksbotn til Narvik, med jernbanen som navlestreng mellom dei to lokalitetane, og Rombaksbotn som initialfasen til Narvik. Rombaksbotn var puppen og Narvik sommarfuglen som sprang ut av han. Bildet var ikkje så eintydig. Fleire av dei som arbeidde i Rombaksbotn flytta sjølvsagt til Narvik då anlegget var bygd. Dei kom til byen via anlegget. Eksempla på det er fleire,

---

<sup>259</sup> Ytreberg 1953: 214.

<sup>260</sup> Ytreberg 1953: 217-218

<sup>261</sup> Kritzman 1996: X.

<sup>262</sup> Kjeldstadli 2004.

men det finst òg minst like mange døme på at det ikkje skjedde. Anlegget hadde ein stor turnover blant arbeidsstokken, og denne inkluderte ei nordnorsk fiskarbondbefolkning frå heile landsdelen som aldri slo seg ned i byen. På den andre sida var det mange fastbuande næringsdrivande i Rombaksbotn som seinare slo seg ned i Narvik og heldt fram med verksemda si der.<sup>263</sup>

Eit anna moment knytt til forteljinga om minnestaden Rombaksbotn, fortalte folk i Narvik anno 1954 om ei lineær positiv sivilisasjonsutvikling. Nora meiner at ein ikkje nødvendigvis søker sitt opphav gjennom historia, men at vi søker vegar til å forstå kva vi er til skilnad frå kva ikkje lengre er.<sup>264</sup> Kaldal viser til at myteskaping kan ha verknader, særleg når dei handlar om negative eksempel, og ved å stigmatisere og moralisere over korleis ein ikkje skal handle: «Typiske tema i mytologiserte forteljingar er bragden, æra, sigeren og at noe fekk rett, eller omvendt: sviket, dumskapan, det gammeldagse, det tilbakelagte og tilbakeståande, tradisjonen og det umoderne (som da ofte egentleg blir fortalt for å styrke bildet av noe anna som moderne)».<sup>265</sup>

Norbert Elias har sett på sivilisasjonsprosessen, sett i høve til statsdanning og sivilisasjon.<sup>266</sup> Framvoksteren av statane styrka ei auka monopolisering av maktbruk. Samstundes har ein sett ein tendens til sterkare sjølvøyming og sjølvkontroll blant enkeltindivid og sosiale grupper. Rombaksbotn hadde lite av monopolisert maktbruk, der staten eller offentlege instansar kjent frå andre byar i liten grad fanst. Liva til dei enkelte var dessutan prega av lite sjølvøyming og -kontroll. Berre nokre frivillige jernbanearbeidarar hjelpte til med politifunksjonar på fritida si. Dette stod i skarp kontrast til den nye byen, med politikorps, brannkonstablar, sunnheitsråd, kjøttkontroll, sorenskrivar, prest, fattiginspektør, lærarar, skolestyre og verjeråd. Alt var funksjonar med formål om kontroll av liva til innbyggarane i nybyen. Skildringa av Rombaksbotn vart eit skrekkens døme på korleis eit samfunn ikkje skulle vere, og dømet gav høve til å sjå samtidas - 1950-talets - velordna samfunn i relieff av det gamle. Slik kunne rombaksfokuset syne ei vellukka sivilisering. Før mangla alt av nødvendige rammer. No hadde det blitt bygd opp etter kort tid, gjennom bygging av samfunnsbyggande institusjonar, respektabilitet og ordentligheit.

I kontrast til Narvik anno 1954, stod Rombaksbotn fram som eit Atlantis eller Sodomma, medan folk i Narvik kunne sjå rundt på ein snart gjenreist by, stå opp som fugl

---

<sup>263</sup> Andreassen 1988.

<sup>264</sup> Nora 1996b: 13.

<sup>265</sup> Kaldal 2002: 94.

<sup>266</sup> Elias 2000.

føniks av asken i all sin modernitet. Etter krigsherjingane i 1940 hadde etterkvart bykjernen stått opp att med to og ein halv etasjars bygardar i velregulerte kvartal. Det erstatta førkrigsåras «Rombaksarkitektur» av dårleg isolerte trehus. Med breie asfalterte gater, fortau, murhus og alt det som elles kjenneteikna eit velstelt og velorganisert samfunn. Historieverket kom ut i ei tid av modernisering og framtidsoptimisme.<sup>267</sup>

I 1988 fekk Rombaksbotn ein enno sterkare posisjon som minnestad. Då tok «kulturinteresserte» i Narvik initiativet til ein årleg fest den siste helga i juni på tuftene etter den forsvunne byen. Året etter gjekk startskotet for den årlege «rallarmarsjen» – ein turmarsj langs anleggsvegen («rallarvegen») – frå Riksgrensa til Rombaksbotn, med tilhørande folkefest på grasbakkane i Rombaksbotn.<sup>268</sup> Pierre Nora meiner at det var viktig for å skape fellesskapskjensle eller felles identitet for større grupper, at ein har fysiske stader som «minnestader». Minnestaden Rombaksbotn er eit døme på slike stader.

Anne Eriksen har peikt på kor viktig det er å «stedliggjøre» minna knytt til historiske hendingar. Når historia leggjast inn i eit rom får ho ein dramatisk ny tilgjengelegheit.<sup>269</sup> Det å vere i Rombaksbotn på tuftene etter minnestaden gjør at fortida ikkje lenger er «forgangen tid», men kan oppfattast som «no», fordi ho er knytt til eit «her», som blir knytt til notidsmenneska sine eigne, direkte røynsle.<sup>270</sup> Slik blir også historia sin abstrakte karakter overvunne. I staden for å snakke teoretisk om staden, kan ein sans personleg fortida. Gjennom det personlege møtet med Rombaksbotn blir staden forvandla til eit kulturelt og sosialt meiningsfylt rom. Dette inntrykket vart forsterka av turmarsjen si kollektive oppleving av anleggsveg og rallarkultur, ved at mange kom dit og sansa staden saman.<sup>271</sup>

### **Rallaren og rallarkokka som «minnestad»**

I privatarkivet etter Nils A. Ytreberg ligg det ein liten, unnselig lapp med slik tekst: «En har inntrykk av at Narvik nesten har glemt rallaren, og kanskje ikke liker å tale noe om ham. Men han var nå med sine små skrøpeligheter tross alt en herlig type! Og han var en arbeider. Det var han som bygde malmbanen og malmkaiene og den første byen. Burde han ikke få sitt monument i Narvik?»<sup>272</sup> Det er uråd å vite kva årstal det er skrive,

---

<sup>267</sup> Stortingsmelding nr. 85-1951.

<sup>268</sup> Theander 1993:114.

<sup>269</sup> Eriksen 1999: 92.

<sup>270</sup> Eriksen 1999: 92.

<sup>271</sup> Eriksen 1999: 95.

<sup>272</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Udatert notat frå Ytreberg.

men det må truleg vore skrive då arbeidet med Narviks historie var over, sidan Ytreberg tydeleg var inspirert av kunnskapen om rallarkulturen.

Det gjekk ikkje lang tid før innspelet vart realisert. Ein vakker sommardag i 1959 var det kongebesøk i Narvik, og på sin første Nord-Noregsturnè etter signinga i 1957 avduka Olav V «rallarmonumentet» i Guldbransons park. Men før kongen slapp til med formell avduking heldt stortingsmann Alfred Nilsen foredrag om rallaren. Det «Narvik by, ved sitt styre» som ville «hedre anleggsarbeidernes pionerer», og at Nilsen talte var ikkje tilfeldig. Han hadde sjølv vore rallar og anleggsarbeidar i sine yngste år, meldte Fremover.<sup>273</sup> Han var òg med i redaksjonskomiteen for historieverket, og heile seansen med foredrag, avduking av monument og tale av kongen, vart direkteoverført i kringkastinga.<sup>274</sup> Det hadde møtte fleire tusen under avdukinga, og sjølv om ikkje alle såg like godt, sytte høgtalaranlegget for at alle hørte talane.<sup>275</sup>

Nilsen teikna ei brokete bilete av figuren med klåre forsøk på å knyte personlege dygder og eigenskapar til han. Desse «farende svende» som «trosset alle hindringer og drev anleggene fram, stundom i Sverige og stundom i Norge» var historie etter innføring av «maskinelle redskaper». «I fjellskjæringer sjakter og tunneller er feiselens taktfaste slag mot borrhålet kommet bort», la Nilsen til, og konstaterte at «rallarens sang i takten med hammerslagene» hadde «forstummet». Eigenskapar som «fagmessig kunnighet, kroppsstyrke og utholdenhet» var passé, og kven som helst kunne no overta anleggsarbeidet, meinte han.<sup>276</sup>

Minnesmerket heidra det tapte. Minna var truga av gløymse, og det var behov for minnesmerke og markering: «If the remembrance they protect were truly living presences in our lives, they would be useless», skreiv Nora.<sup>277</sup>

Nilsen talte òg om rallaren som menneske, og la vekt på å ikkje dømme dei som verken betre eller dårlegare enn andre. Kanskje dei liknast med sjøfolka som òg kunne feste hardt. Ofte kunne det bli i sterkaste laget, men det var dei vel unt. Dei trong «berettiget avkobling» etter «måneders strabasiøs seilas», eller «måneders slit og forsakelse på avsidesliggende anlegg».<sup>278</sup>

Rallarane var «staselige figurer, med et overskudd av mot i brystet og kraft i armen», og dei gjorde lukke hos kvinnene. Men det skapte òg «skjermydsler» med

---

<sup>273</sup> Fremover, 18.7.1959.

<sup>274</sup> Fremover, 8.7.1959.

<sup>275</sup> Fremover, 18.7.1959.

<sup>276</sup> Fremover, 18.7.1959.

<sup>277</sup> Nora 1996b: 7.

<sup>278</sup> Fremover, 18.7.1959.

fastbuande ungarar dit dei kom. Humøret var godt, sjølv under vanskeleg og farefullt arbeid, og han hadde galgenhumor, og det var bra å ha når ein skulle løyse «den vanskelige arbeidsoppgave». Framfor alt var han «rettvis» og «renhårig», og det betydde at han var «rørende medfølende med dem som hadde det vondt og led nød». Men «harme kom i glød» dersom nokon medvite påførte nokon urett. Då kunne dei «sjøl å foreta avstraffelse av synderen», gjerne «utøvd med humoristisk sans», slik at dei «rette myndigheter(..) fant å måtte la det forflytne passere».<sup>279</sup> Smisking og «kryperi» var bannlyst, og rallaren forhandla utan «parlamentering og dikkedarier». Han var ein sann «kamerat», noko som innebar «hengiven vennskap» for Nilsen, som viste til skjønnlitteraturen sine skildringar av rallaren: «De er blitt romantisert og heroisert – en gunst de – sjøl hvor yrkesstolte de enn var – ikke kunne vente seg».<sup>280</sup>

Deretter peikte han på stammens opphav, byens grunnleggande folkegruppe. Mange rallarar vart bufast i Narvik, og blant etterkommarane fann ein svenske, norske og finske nasjonalitetar, og folk blant samfunnslag; både «forretningsdrivende, sjømenn, håndverkere, lærere, embedsmenn og ansatte ved jernbanen og bolaget».<sup>281</sup> Minnesmerket var til ære for «et sunt og sterkt folk både legemlig og åndelig», tilliks med minnet om yrkesgruppa. Det var eit minne over Narviks eiga befolkning anno 1959, og dei eigenskapane Nilsen la vekt på.

Ser ein nærmare inn på definisjonar av ordet «rallar», dukkar det opp mange nye spørsmål. Nora har peikt på at ingen kollektive identitetar er uproblematiske, og at ikkje finst noko totaliserande konsept for ein felles identitet.<sup>282</sup> Arbeidargruppa var til dømes meir samansett enn ein vil ha det til. Ein kan trygt seie at det òg har vore knytt mange og dels motstridane syn på rallaren, med eit omgrepet med ulikt innhald og konnotasjonar. Dels er representasjonane skapt av rallarar sjølv, men òg av etterkommarar med mytiske bilete om rallarlivet. Det var særleg i norsk og svensk kultur, litteratur og samfunnsliv han fanst, og slik kan ein seie at rallar-fenomenet var eit særeige skandinavisk fenomen. Rallartida var ein tilstand, eller eit rollebilete i arbeid og fritid. Det var ein livsstil til ei heil gruppe menn, noko som gjør det meir problematisk.

Av ordbøker finn ein omgrepet sine mange innhald. Synonymt med det svenske ordet rallar, har ein på norsk side nytta omgrepet slusk. Det har gitt langt fleire negative konnotasjonar enn det svenske. Slusk kan bety «slurvet, vørdlaus person, fant, lasaron»,

---

<sup>279</sup> Ibid.

<sup>280</sup> Ibid.

<sup>281</sup> Ibid.

<sup>282</sup> Nora 1996b: 13.



eller rett og slett anleggsarbeidar, rallar.<sup>283</sup> Derfor har det på norsk side også dukka opp andre omgrep for rallar og slusk. Eit er «bus», som har uvisst opphav, men betyr anleggs- el. gruvearbeidar; rallar; og som i fleirtal kan bety eit kollektiv: eit arbeidslag.<sup>284</sup>

Rallarkulturen hadde eit eiga kulturelt uttrykk, eller kanskje ein kan kalle det ein subkultur. I arbeidarbrakkene vart nye arbeidarar så og seie sosialisert inn i rallar-rolla. Ein arbeidar frå Sulitjelma fortel om at brakka var full av svenskar og finnar: «Vi sat musestill og lydd når dem fortalde historier, og vi lærte å bannes: alt gjekk på svensk. Men vi vart ikkje slusk før vi begynte med snus. På den tida var det grov Tiedemann, eller 'rape tre' som det vart kalla. Den var grov som sagflis og svei som varme. Vi vart sjuk, kasta opp litt, men det gjekk over, og snart kunn vi legg inn en pris så den satt, og spotta slik som slusken».<sup>285</sup>

I den svensk-norske litteraturen finst rallaren fleire stader, både hos Didring og Hedenvind-Erikson, Hamsun (*Markens Grøde*) og Andreas Markusson (*Fiskere*), men aller mest gjennom Inge Krokann, Falkberget og Uppdal. Falkberget livnærte seg som gruvearbeidar mellom 1888 og 1906, så han kjente miljøet så å si frå innsida. Det same gjorde trønderen Uppdal, som jobba i gruver og på jernbaneanlegg. Han hadde dessutan erfaring som fagforeiningsleiar for tunnellarbeidarane på Rjukan. Uppdal nytta helst rallaromgrepet. Han nytta omgrepa «slusk» og «bus» også, men likte best «rallar»-omgrepet. Det var eit heidersnamn for lausarbeidarane som flakka frå arbeidsplass til arbeidsplass, frå arbeid til arbeid. Dei skapte dessutan fagrørsla og dei første fagforbunda i landet og utgjorde kjernen og den sterkaste krafta i heile fagrørsla i lang tid etter at rallartida var over.

Edvard Bull, den historikar som kanskje har arbeidd mest med rallarkultur og arbeidslivsforskning, skil mellom det skjønnlitterære forfattarar nytta som namn og det arbeidarane sjølv brukte. Ein arbeidar som vart innvigd i anleggsarbeidaryrket i 1888 var «slusk» – ikkje «rallar», og det å vere «reinhårig» slusk var den beste attest ein kunne få blant arbeidskameratar. Bull skil mellom «rallar» som det mest nytta namnet i skjønnlitteraturen, i motsetnad til «slusk» som arbeidarane helst sjølv nytta på arbeidsplassane.<sup>286</sup>

---

<sup>283</sup> Definisjon av ordet "slusk". Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok. Oslo 1991.

<sup>284</sup> Nasjonalbiblioteket sitt setelarkiv over Norsk ordbok: Oppslagsord "rallar".

<http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=8&tabid=436>. 4.8.2006.

<sup>285</sup> Bull 1961:118.

<sup>286</sup> Bull 1961: forordet.

Ein skal sjølvsagt vere forsiktig med å seie at rallaren var slik og slik. Han var ein utprega samansett figur: På den eine sida var han ærleg og edrueleg – på den andre oppfarande og uregjerleg, og drikkfeldig. På den eine sida festglad, men samstundes arbeidsam. Han var ein god kamerat og svirebror, men samstundes rival i kortspel og slåssing. Han var politisk medvite og aktiv, men oftast opptatt med dans, kortspel og fylleslag i fritida. Han kunne vere svensk, men var ikkje nøydd til å vere det. I gruvene i Sulis, og Kirkenes i 1900 og i Ballangen og på Stord rundt 1914-20 var han nordlending.<sup>287</sup> Blant sine var han «reinhårig slusk», «bus» eller «rallar», og blant bondebefolkninga der han drog, kunne han vere ein ugudeleg inntrengjar. Her må ein med andre ord mane til varsam og kritisk bruk av omgrep om figuren.

Gjennom lokalhistorieverket og romanen *Svarta Bjørn* hjelpte Ytreberg til å bygge mytar om rallar og rallarkultur.<sup>288</sup> Vi skal sjølvsagt ikkje avvise desse mytane som usanne eller ikkje-empiriske, og heller rekne dei som tolkingar som har i seg realistiske og korrekte sider, men ofte kan lesast som uttrykk for makt. Slik sett kan ein heller nytte dei til å studere korleis sanning er skapt gjennom makt.<sup>289</sup> Ytreberg hadde makt til å definere rallarfiguren og livet rundt, og gjorde det. Han skapte ei ramme rundt rallarkultur, og grunnlag for representasjonane om rallaren. Han hjelpte dessutan til med å kople opphavet til Narvik saman med rallaren, rallarkokka og rallarkultur, der særleg rallaren og *Svarta Bjørn* så og seie vart grunnleggarane av Narvik.<sup>290</sup>

Når Ytreberg fekk beskjed om å gje ei «inngående skildring av samfundsforhold og folklore» frå Rombaksbotn, var det truleg ein baktanke å skape *empati*, eller innleving/«inn-føling» gjennom rallaren og livet hans. Slik kunne forteljninga til Ytreberg hjelpe til med å gje folk i byen evne til å sette seg inn i ein annan person sin situasjon, å forstå stoda til eit anna menneske, ved at lesaren kunne «bli den annen», som Jan Bjarne Bøe skreiv om identitetsutvikling i praksis.<sup>291</sup> Byhistoria hadde opplagt ein konstruktivistisk ambisjon. Ved at forteljninga tar ein sving bort frå det tørre og vitskapleg kjeldekritiske, empirisk funderte og inn i ein meir identitetsutviklande funksjon, der kapitlet om rallarliv og Rombaksbotn, saman med romanen *Svarta Bjørn* gjev innsyn i

---

<sup>287</sup> Bjørnson 1991. Aas 1998. Drivenes 1985.

<sup>288</sup> Ytreberg 1954b.

<sup>289</sup> Kaldal 2002: 95.

<sup>290</sup> Ytreberg 1953: 197-237.

<sup>291</sup> Bøe 2004: 272.

rallaren si «minneverd». Slik skapte Ytreberg eit fundamentet for seinare kultur- og identitetsskaping i Narvik.<sup>292</sup>

Nora viste til skiljet mellom minne og historie, og at ein anten kunne formidle minna «historisk» eller «litterært». Desse to skildringsvegane går parallelt, der historieverket gjev den «historiske» framstillinga, og den historiske romanen om same emnet er døme på ei «litterær framstilling». Dei to måtane å skildre minne på har alltid vore skilt frå kvarandre, men med historieverket til Ytreberg og romanen hans om *Svarta Bjørn* skjedde det heller ei samanblanding av personar, hendingar og handlingar. Dei faktiske personane stod fram både som oppdikta og faktiske personar med særskilte oppdikta eigenskapar og som handlande historiske aktørar. Skiljet mellom fiksjon og historie, mellom minne og historie vart uklårt, og skapte grunnlag for ny myteskaping med uklåre grenser mellom historie og minne, og mellom faghistorie og diktning.<sup>293</sup>

Monumentet over rallaren vart òg eit koplingspunkt mellom historie og individ. Her møter historia individet og noko skjer; ei oppleving, grobotn for eigne minne og ei forståing av å vere knytt til historia som deltakar i viktige historiske hendingar, berre ved å vere på staden. Monumentet skulle minne om det som hadde skjedd og i tillegg minne tilskodaren på at det rallaren stod for har og hadde stor verdi.<sup>294</sup>

### **Vinterfestuka – eit rallarrituale**

I kjølvatnet av byhistorie og avduking av rallarmonument vart det lagt grunnlag for nye ritual i Narvik. I 1956 vart det arrangert ein «fransk festival». Verdenskrigen var så vidt tilbaketog og byen fekk besøk kvart år av ein del turistar. Mange av dei var franske framandlegionærer som hadde deltatt i kampene om Narvik under krigen. Det var ein fransk glorie rundt Narvik, som kulminerte med at Paris fekk sin *Place de Narvik*. I to år feira dei fransk festival i Narvik, og franskmenn og den franske ambassaden viste byen stor åtgaur. Så vart vinterfestivalen omskapt, og på nettsida til stiftinga *Vinterfestuka* ligg forklaringa:

«I 1957 het det "Festival Narvik", men så begynte man å se bakover i byens korte, men dramatiske historie. Forbi krigen. Tilbake til rallartiden. Til tiden med anleggsbyen innerst i Rombaksbotn og til oppbyggingen av det moderne Narvik rundt malmskipningsanlegget.

Til de hektiske årene rundt århundreskiftet da store mengder av svenske, finske og norske arbeidere under stort slit utførte det arbeidet som dyktige ingeniører hadde beregnet og konstruert på sine papirer: Ofotbanen. Jernbanen som i dag bringer

---

<sup>292</sup> Ibid.

<sup>293</sup> Nora 1996b: 20.

<sup>294</sup> Eriksen 1999: 95.

jernmalm fra de svenske gruvene til LKAB rundt Kiruna ned til isfri havn i Narvik og for eksport til Europa og resten av verden. Dengang, - og i dag. Og historien var rik på alt: På personer og personligheter. På sagn og legender. På dramatik. Alt fortettet til noen hektiske klondykeår i en anleggshistorie i tiden rundt århundreskiftet. Og kulissene var like dramatiske som historien selv: Stupbratte glattskurte fjellsider rundt anleggsbyen i Rombaksbotn. Det var litt av dette miljøet de ønsket å gjenskape en gang i året. Vinterfestuka var skapt».<sup>295</sup>

Nora viste òg at skaping av minnestader kan gje seg utslag i nye kulturuttrykk, manifestert gjennom litteratur og kunst, symbol, festar og monument. For Narvik fekk rallarfokuset slike utslag. Festivalen var eit slik uttrykk, og denne skapte i sin tur «Rombaksmusikken», eit korps kledd i rallarklede, som alltid spelte i vinterfestuka. Det vart oppretta med direkte referanse til Ytreberg, som hadde skildra den første arbeidskonflikten i landsdelen ved Ofotbanen i 1887, der streikande arbeidarar kom ned frå fjellet langs lina for ei markering hos anleggsleiinga. Streikefølgjet var ført an av to musikantar. Korpset voks fram på slutten av 1950-talet, og fekk namn etter byens *loci memoriae*, med unntak av på 60- og 70-talet, då det heitte «Rallarmusikken».<sup>296</sup>

Både rallarmusikk, vinterfestuke og folkefest i Rombaksbotn må sjåast i same lys som faste markeringar som «nasjonaldagar» eller nasjonale ritual. Dei blir ei form for «genuin return to the source».<sup>297</sup> Ved studien av museum, organisasjonar, festivalar og festar har Nora spurt korfor det har blitt behov for å samle på «relics of another era, illusions of eternity». Svara han held fram, heng saman med samfunnsutviklinga i samtida. Det stadig meir ritual-frie samfunnet har behov for fleire arenaer for ritual, som minnestaden erstatta. I ei stadig meir individualistisk orientert tid, der menneska er likestilte og dels likearta, veks behovet for å skape kollektive møte der gruppekjensler kjem til uttrykk.<sup>298</sup> Slik kan ein truleg også forklare skipinga av «Rallarklubben» i Narvik som

har «sluskehatten» som emblem. Når diasporaen av utflytta Narvik-væringar skipa si foreining i Oslo i 1963, fekk dei sjølvstilt òg «rallaren» som symbol. Ytreberg sine to litterære bidrag i 1954 hadde skapt minnestader for Narvik, og rundt desse kunne ein skape gruppefelleskap i åra etter. Emblemet til Narvik-foreninga i Oslo.



<sup>295</sup> Sjå mellom anna heimesida til Vinterfestuka i Narvik: [http://www.vinterfestuka.no/lessak.asp?nyhets\\_id=572&meny\\_parent=596&meny\\_id=596&hoved=1](http://www.vinterfestuka.no/lessak.asp?nyhets_id=572&meny_parent=596&meny_id=596&hoved=1). Dato 01.09.2006.

<sup>296</sup> Skjekk mellom anna denne heimesida til Rombaksmusikken i Narvik: <http://www.rombaksmusikken.no/>. Dato 01.09.2006.

<sup>297</sup> Nora 1996b: 7.

<sup>298</sup> Nora 1996b: 6-7.

Ritane og rituala er dessutan sosiale handlingar som er eit uttrykk for ekspressiv åtfærd. Dei er symbolske og søker å uttrykke eit eller anna som ligg bak dei.<sup>299</sup> Ritane sin form som til dømes utkledinga i rallardraktar blant Narvik-folk under Vinterfestuka, er òg ei sanseleg oppleving. Ved eiga kroppsleg deltaking skaper ein identifikasjon med fortida. Folk skaffar seg dessutan røynsle om historiske hendingar på dette viset, og slik hugsar dei ting dei ikkje sjølv var med på, men som hører til dei kollektive minna i eit samfunn. Slik blir også dei kollektive minna halde levande gjennom ritane.<sup>300</sup>

### Rallarviser

I forordet til boka *Feiselklang og anleggssang. Rallarviser fra Nordkallotten*, skriv Agge Theander og Finn Stenstad at «minnet om rallaren og anleggstida» kanskje har blitt den «aller viktigste tradisjonsbæreren» i Narviks 100-årige historie, og at rallarvisene inngår som ein del av denne tradisjonen. Dei blir halde i hevd gjennom Vinterfestuka, og er eit «levende element» under dei viktige kulturmønstringane i Narvik.<sup>301</sup>

Ytreberg trakk fram «Rallarvisene» i byhistoria. Fleire stader nytta han dei



nærmast som historiske kjelder. Andre gonger nytta han dei som kjenslemessig uttrykk ved livet under anlegget. Han dreg dei også inn for å friske opp framstillinga og setje farge på tida dei omhandla. Rallarvisene var ein del av skillingsvise-tradisjonen i tida mellom folkevisene og grammofonen, og dei vart svært populære etter 1850, parallelt med urbaniseringa og industrialiseringa. Det var songane til folkedjupet, med evige og populære tema som kjærleik, sagn, svik, smertefull sjukdom og dramatisk død.<sup>302</sup> I Noreg og Sverige fekk dei mye felles, og mange vart skapt av namngitte personar som vandra mye, som loffarar, sjømenn eller rallarar. Perioden med visedominansen fell saman med dei store svensk-norske jernbaneprosjekta. Likevel får ein eit

<sup>299</sup> Eriksen 1999: 97-98.

<sup>300</sup> Eriksen 1999: 98 ff.

<sup>301</sup> Stenstad og Theander 2002:5.

<sup>302</sup> Stenstad og Theander 2002:7.

inntrykk gjennom visene, som den svenske forfatteren Harry Blomberg har vist, at «Sverige inte äger mer än en enda järnväg – Riksgränsbanan».<sup>303</sup> Theander og Stenstad meiner det er noko i dette, fordi vel 50 kjente norske og svenske rallarviser er knytt til jernbanebygginga mellom Bottenviken og Narvik i 1880-85 og 1898-1903. Her fekk visene si endelege form og sin kjente melodi, og vart seinare tilpassa til norske prosjekt som t.d. Sørlands- og Bergensbanen.<sup>304</sup> Det var ikkje tilfeldig at denne delen av populærkulturen og dette området av Skandinavia vart så godt dokumentert. På norsk og svensk side starta innsamlinga av rallarvisene rett etter at Ofotbane-anlegget var fullført. Hanna Lund, dotter til den legendariske ingeniøren på norsk side av banen, Ole W. Lund og Manne Briandt, baneingeniør på svensk side, var begge pionerar i dokumentasjonsarbeidet, og begge var dei knytt til malmбанen i ein sentral periode.<sup>305</sup>

Agge Theander, kom i 1993 med ein åtvarande peikefinger knytt til rallarvisene som historisk kjelde. Dei hadde ein overdrivande tendens, og hjelpte i aller høgst grad til med å «forvanske historien fra århundreskiftet».<sup>306</sup> I Pierre Noras and går han inn i legendene og drøftar innhaldet i dei med kritisk lys, for å skilje mellom mytar og realitetar.

### ***Fellesskap og inkludering i sosialdemokratiets stordomstid***

Vi såg tidlegare korleis rallardyrkinga kunne nyttast til politiske formål. Rallarvisene understreka òg dette. Den ultimate visa som alltid er brukt i markeringa av rallarkultur i Narvik, er «Rombaksvisa». Visa er dessutan den kanskje mest kjente av alle rallarvisene frå Ofotbanen. Ho har hatt mange namn, som «Riksgränsbanans järnvägsvisa» og «Rallarlivet i Ofoten», og mange har kjempa om æra for henne. Truleg var det rallaren «Skara-Pelle» Persson frå Skara i Västergötland som skapte teksten. Han arbeidde på den svenske delen av Ofotbanen, men vart sparka av overingeniøren, truleg fordi han tok opp problem knytt til rallarane sine levkår i visa. Her var vrang proviantørar og ein overingeniør med tilnamn «Gubben Griner», som var det faste uttrykket for «Djevelen» blant rallarane.<sup>307</sup> Dette rører ved visene sin politiske profil. Dei kunne ta opp i seg politisk agitasjon, og dermed styrke ei framveksande fagrørsle. Gjennom songen kunne arbeidarane ta ut misnøye med dette og hint, og synge foraktleg om arbeidsleiinga.<sup>308</sup>

---

<sup>303</sup> Stenstad og Theander 2002: 7.

<sup>304</sup> Stenstad og Theander 2002:7-8.

<sup>305</sup> Stenstad og Theander 2002:5. Briandt 1940. Briandt 1959.

<sup>306</sup> Theander 1993:38.

<sup>307</sup> Stenstad og Theander 2002: 17-18.

<sup>308</sup> Stenstad og Theander 2002: 18.

Narvik kommune ville dyrke rallaren, og under avdukinga av minnesmerket kopla Nilsen han til pionerane i fagrørsla. For Arbeidarpartiet i Narvik, var det god grunn til å sette fokus på rallaren, Rombaksbotn og arbeidarkulturen for seinare hyllingar av arbeidaren. Det var den snart pensjonerte rådmannen Jacob Kuvaas, arbeidarpartiordførar i Narvik i ein lang periode på 1930-talet, som skreiv det første brevet til Ytreberg om mandat.

Tidsperioden rundt andre verdskrigen markerte eit generasjonsskifte i historikarstanden i landet, og parallelt med Ytrebergs debut som profesjonell historikar vart historikarstanden dominert av ein konsensus knytt til sosialdemokratisk politikk og ideologi.<sup>309</sup> I Narvik fekk ein kunnskap om Edvard Bull d.y. som kom ut med soga til arbeidarklassen i Noreg til 60-årsjubileet til Arbeidarpartiet i 1947. Fremover meldte at sonen til Ytrebergs forelesar, i løpet av kort tid ville publisere prosjektet, som skulle vere eit motsvar mot tradisjonell «borgarleg historieskriving». Norsk historie hadde vore «borgarskapets og bøndenes historie», og fortalte for lite om «arbeiderbevegelsens kamper».<sup>310</sup>

Fokuset frå Narvik kommune på rallarkultur og arbeidarminne frå anlegget langs Ofotbanen, tyder på et ønskje om fokus på vanlege folks historie. Kommunen ville styre historieforskinga i den leia Bull peikte. Korrespondansen mellom historiekomiteén og Ytreberg vitnar òg om eit slikt medvit. Magnus Røger, ein av dei, kom mellom anna med varme tilrådingar om at Ytreberg fekk med fagrørsla når han skreiv om handverkarane. Røger hadde manus til gjennomsyn, og minte Ytreberg om at Blix og Hovdan hadde blitt kritisert for neglisjering av fagrørsla i byhistoria frå 1920-åra. Han forklarte at «arbeidets folk mente at småborgerne fikk for bred plass i historien og på bekostning av industriens folk».<sup>311</sup> Vidare minte han om at «arbeiderpartiets menn» hadde bakgrunn i fagrørsla der dei òg fekk si «første demokratiske skoloring». I tillegg meinte han at dei i mange høve hadde gjort samfunnet «langt større tjenester enn en tilfeldig handelsmann». Tilrådinga var òg populistisk fundert. Eit arbeidarfokus ville «slå godt an og bli populær i Narvik».<sup>312</sup>

I samband med 100-årsjubileet til Narvik Arbeidarparti heldt forfattar av bind 2 av Narviks nyskrivne historie, Oddvar Svendsen eit foredrag. Der hevda han at Narviks historie på mange vis var partiets historie.<sup>313</sup> Han hadde forska på Ytreberg sitt historieverk

<sup>309</sup> Dahl, Ottar 1992b: 271.

<sup>310</sup> Fremover, 13.9.1947.

<sup>311</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå M. Røger 4.3.1952.

<sup>312</sup> SaTø: Privatarkiv 1. Boks 13. Brev frå M. Røger 4.3.1952.

<sup>313</sup> Sjå heimstaden til Narvik Arbeidarparti: <http://www.narvikap.no> . Manus til Oddvar Svendsen sitt foredrag ved 100-årsseminaret. Dato 1.09.2006.

og komme til at rallarfokuset ikkje uventa vart godt mottatt i arbeidarpartiabyen.<sup>314</sup> Partiet fekk noko å vere stolt over. Ei veke etter avduking av rallarmonumentet i 1959 prenta Fremover ein leiarartikkel frå partiveteran Martin Tranmæl om rallaren, som for Tranmæl nettopp var ein som var i første frontlinje. Dessutan var han pioner i organisasjonsarbeidet. Rallar-monumentet var såleis eit minne om eit arbeidarstyrt og sosialistisk Noreg.<sup>315</sup>

Minnestadene knytt til rallarkultur var med andre ord sterkt knytt til arbeidarrørsla, men likevel spelte dei ei inkluderande rolle. Ein grunn kan vere Ytreberg si historieframstilling, trass i at interessefeltet hans primært synest å vere «den europeisk orienterte borgerlige kultur».<sup>316</sup> Han meistra nemleg å balansere den arbeidarstyrte kommunen sitt ønskje om arbeidarfokus med eigne perspektiv. Historia hans er ikkje elles respektfull overfor sosialismen, med sin handelsstandsprofil og temmeleg lite flatterande framstilling av enkeltmedlemmar og tillitsfolk i Arbeidarpartiet. Dette vart òg påtalt.<sup>317</sup> Ytreberg kom heller ikkje under huden på politikarane frå venstresida når han drøfta viktige politiske stridsemne. Vi såg tidlegare korleis han sette politiske markeringar opp mot nokre udefinerte og universelle «fellesinteresser».<sup>318</sup>

Perspektivet hans på rallarkultur og anleggsarbeid hadde meir enn eit eintidig arbeidarfokus. Ytreberg hylla mest av alt arbeidet, arbeidsleiinga og ingeniørkunsten med respekt; «de ingeniørene og arbeiderne som her gikk i spissen, fortjener å minnes som pionérer i arbeidet på Ofofbanens siste anlegg», skriv han, og gjev dermed deltakarane i banebygginga kollektiv ære for prestasjonen, utført ved ein kombinasjon av handmakt, hjerne-, og hestekraft.<sup>319</sup> Fokus er på fellesinnsats, og ikkje enkeltgrupper. Her får ingeniøren så vel som arbeidaren, kjøraren så vel som muraren ros for innsatsen. Personkarakteristikkar tiltar i omfang og vi møter den «uforferdede postføreren», den dyktige steinmuraren, ein «enestående flink gråsteinmurer», avdelingssjef Aschehoug, som var ein «fin mann», og Hoelfeldt Lund som var kjent for å vere «omgjengelig(...) i sitt vesen».<sup>320</sup> Alle skapte dei eit felles storverk.

På 1950-talet greip bileta av anleggskultur direkte inn i den norske politiske kvardagen. Mellomkrigsåras klassekamp var over, og «Fellesprogrammet» lansert. Berge Furre meiner den dåverande statsministeren Einar Gerhardsen (Ap) skulle forvalte

---

<sup>314</sup> Svendsen 2002: 607.

<sup>315</sup> Fremover, 24.7.1959.

<sup>316</sup> Dahl Bratrein 1987: 332.

<sup>317</sup> Danielsen 1955: 129.

<sup>318</sup> Ytreberg 1953: 339-40

<sup>319</sup> Ytreberg 1953: 219

<sup>320</sup> Ytreberg 1953: 226



«samhaldet frå motstandskampen» under krigen. Arbeidarpartiet hadde lagt ein hjørnestein til sitt langvarige politiske hegemoni og sin «sosialdemokratiske orden».<sup>321</sup> Det var viktig å bygge bru over skilja mellom ulike politiske og sosiale grupper. No var målet arbeid til alle, auka produksjon og betre kår til alle. Olav V la òg vekt på det i sin tale ved avdukinga av rallarmonumentet: han fann det rett å hylle den «sagnomsuste figuren som hadde vært medvirkende ved utbyggingen av både jernbaner, veier og kraftverk i Skandinavia».<sup>322</sup> Han hadde bygd framtida. Den gamle revolusjonære radikalaren Martin Tranmæl uttalte seg i same ordelag; rallaren «var med på å samle Norge og bygge det ut».<sup>323</sup> Den sosialistiske ideologien kunne bli inkludert i moderniseringsperspektivet i samtida.

Når Pierre Nora og andre har talt om identitetsskaping og minnestader, har det vore for å kle av stadene innhald og sjå på korleis dei har hatt ekskluderande eller lite samlande funksjonar for breie grupper.<sup>324</sup> I Narvik har identitetsskapinga rundt rallarkulturen derimot hatt ein inkluderande effekt. Ein har vektlagt eigenskapar som mange kunne slutte seg til, framfor personkultus knytt til kontroversielle enkeltpersonar blant ein politisk elite. Ein har halde oppe ideal om likskap, rett nok utan å sjå på innhaldet i omgrepet. Ein har hylla slitet, internasjonalt samarbeid, og samarbeid mellom sosiale grupper. Etter det internasjonale kvinneåret på 1970-talet klarte ein dessutan å inkludere kvinnene i rallarfokuset. Rett



overfor rallarmonumentet står den andre minnestaden. Statuen av rallarkokka *Svarta Bjørn*. Sentralt plassert i jernbaneparken, rett overfor vegen og jernbanen frå rallaren, står monumentet som skulle heidre «de mange trauste kvinner som var med under anleggstida på Ofotbanen».

Med romanen og byhistoria skapte Ytreberg grunnlag for å karakterisere *Svarta Bjørn* som «den vakre, men ulykkelige» kokka Anna Hofstad. All seinare forskning har derimot vist at opphavet til kokka er høgst uklår. Ein veit ikkje ein gong om den figuren Ytreberg omhandla i romanen ligg gravlagt på kyrkjegarden i Tornehamn i Sverige,

---

<sup>321</sup> Furre 1991: 210.

<sup>322</sup> Fremover, 18.7.1959.

<sup>323</sup> Fremover, 24.7.1959.

<sup>324</sup> Nora 1996c:21f.

slik Ytreberg skriv. Det er uvisst om han omtalar ein reell person. Like fullt kan det hende at figuren fanst, sjølv om mytane om henne er mange.<sup>325</sup> Prest og kyrkohårde i Juckasjärvi sokn Jan-Erik Johansson synest legenda om *Svarta Bjørn* er «fantasieggande», og «bår på hemligheter», men meiner det er «omöjliga att klarlägga» fakta omkring henne. Like fullt har kokka blitt symbol på kvinnene langs Ofofbanen, kjent, men likevel ukjent. Johannsson meiner derfor at det er viktig å halde oppe skiljet mellom minne og historie, mellom litterær tekst og historisk tekst.<sup>326</sup>

Svarta Bjørn har etterkvart blitt eit registrert varemerke, og slik ser vi korleis minnestadene rundt rallarkulturen òg kan nyttast kommersielt. Nye grupper har nytta dei til nye bruksområde etterkvart som tida går. Nora peikte på er det viktig å sjå på korleis minnestadene vart brukt av ideologiske og politiske grunnar, og i den kommersielle kulturismens tidsepoke er det etterkvart blitt økonomisk viktig å trygge kulturprodukt med opphavsrett og varemerke, slik at ein kan skaffe inntekter på dei.

### ***Bruk og misbruk av historie***

Knut Kjeldstadli har vist til at kollektive identitetar kan ha positive sider. Kamp mot kollektiv kan nemleg ha politiske implikasjonar. Han har då mellom anna synt til den kapitalistiske marknadsøkonomien dei seinare åra, som har forma ein «konsumerisme», der individuelt konsum er idealet og folk skaper seg sjølv gjennom forbruk. Nostalg og lengsel etter eit fortidig fellesskap kan etter hans syn ha ein kritisk brodd mot dette, og vise tilbake til tidlegare tiders samfunnsformer som ideal for notida.<sup>327</sup> Dette synet kan ha ein politisk implikasjon det òg, og vil i mange tilfelle føre til mytebygging knytt til andre samfunnsformer enn det ein kritiserer. Dyrkinga av rallarkulturen kan sjåast i eit slikt lys, og det må ein vere medviten om. SV-politikar Kjeldstadli, som sjølv hadde ein bestefar på anleggsarbeid i Rjukan samstundes med Kristoffer Uppdal, vil truleg sette stor pris på rallarfokuset og den politiske kampen til rallaren.

Problemstillingane her heng sjølvstamt saman med spørsmålet om bruk og misbruk av historie. Vi har sett at mandatet til kommunen i 1947-54 batt Ytreberg opp til enkelttema, og at redaksjonskomiteen førte tilsyn og kontroll med produktet. Vi har også sett at historikaren gjennom verket sitt gav bensin til eit bål av identitets- og mytekonstruksjonar. Vi har også sett nærmare på desse mytane og prøvd å sjå kva motiv som kan ligge bak dei og kven som kunne nytte dei til seinare skaping av minnestader.

---

<sup>325</sup> Theander 1993:38. Johansson 1997.

<sup>326</sup> Johansson 1997: 105.

<sup>327</sup> Kjeldstadli Tromsø 2004:18.

Den nederlandske historikaren Pieter Geyl har meint at mytane er fortida servert utan hemmande skruplar, og at dei samsvarar med tilhengarane sine fordommar og meiningar. Medan historie på den andre sida er fortida representert slik ho eigentleg er.<sup>328</sup> Kjeldstadli har derimot vist at det ikkje går an å ha eit så bastant skilje mellom myte og historie, og vi såg tidlegare korleis mytane og historia dels kunne blandast saman. Likevel er det eit poeng både for Kjeldstadli og andre historikarar at historikaren ser dei handlande personane som deltakarar i ein prosess der resultatata ikkje er gitt, der valet er ope, der det finst fleire muligheiter.<sup>329</sup>

Synet til Geyl impliserer eit skilje mellom objektive sanningar og mytar. Med eit slikt utgangspunkt kunne ein tenkje seg å stille spørsmålet «fanst det noko spesifikt 'Narviksk', og kva var i så tilfelle det»? Kjeldstadli meiner det er eit poeng å stille slike spørsmål, ikkje fordi ein vil finne det faktiske svaret, men fordi det er viktig å halde oppe eit ideal om «at noe var eller ikke var». Han kallar det ein regulativ idé, «noe vi søker å strekke oss mot» som historikarar og vitskapsfolk.<sup>330</sup> Spørsmålet heng etter hans syn saman med spørsmålet om det «klart sanne og usanne», som to ytterpunkt på ein akse. Ein stad mellom dei to ytterpunkta går ei grense for «gyldige utsagn om hvordan noe var».<sup>331</sup> Arbeidet med Narviks historie anno 1998-2001 må påpeike direkte påviselege feil, og påvise skeivskap og utelatingar i tidlegare historieframstillingar både frå Ytreberg og andre. Kjeldstadli har òg vist at mennesket kan leve med fleire og samansette identitetar, der den eine ikkje utelukkar den andre. Det siste er eit av utgangspunkta for studien av Narvik i 1998-2001.

Av *del I* såg vi også kor presserande det har blitt, femti år etter Ytreberg, at historikaren hjelper til med å byggje ned mytar. Dette var også eit av måla frå mi side då arbeidet med Narviks historie tok til i 1998. Det var viktig å halde oppe eit klårare skilje mellom minne og historie, der møtet med dei empiriske realitetane på nytt måtte løftast høgare enn det historieverket i 1954 hadde gjort. Det betyr sjølvsagt ikkje at eg ikkje sjølv er med på å bygge nye minnestader og nye mytar. Eit sentralt element i det vedlagte arbeidet var derfor å spørje om kva det spesifikke med Narvik var, og om det gjekk an å nytte byhistoria til å fange noko spesifikt «Narviksk»? Går det an å konstruere ei forteljing der dette særlege lokale er sentralt for framstillinga utan at ein blir for detaljstyrt, hendings-

---

<sup>328</sup> Geyl, Pieter 1970: 76-77.

<sup>329</sup> Kjeldstadli 2004:15.

<sup>330</sup> Kjeldstadli 2004:16.

<sup>331</sup> Kjeldstadli 2004:16-17.

og personfokusert? Det vedlagte bindet av Narviks historie hadde ein slik ambisjon og må lesast med det for auget.

Oppsummeringsvis kan ein seie at det nye historieverket, på lik linje med verket til Ytreberg, vil kunne påverke minna til dei som les det slik at det kan bli ein del av deira kollektive minne. Eriksen har peikt på at historiefaget og historikarane står i kontinuerleg dialog med samfunnet. Samstundes går det heile tida føre seg ein kontinuerleg dialog mellom historie og minne som verkar inn på dei begge.<sup>332</sup> Eriksen karakteriserer historie litt karikert med omgrep som skrift, tankar, resonnement og kunnskap, medan minne er kjenneteikna med omgrep som røynsle, oppleving og sanseintrykk. No finst historieverket der. Det har blitt ein ting, for seg sjølv. Slik det ligg der no, er det skilt frå minna, og i seg sjølv nokså livlaust.<sup>333</sup> Så får tida vise på kva måte det vil hjelpe til med å skape nye minnestader, ritual, monument eller festivalar, der folk i Narvik knyt saman minne og historie for å skape nye kollektive identitetar eller kollektive minne om Narvik.

---

<sup>332</sup> Eriksen 1999: 90ff.

<sup>333</sup> Eriksen 1999: 91-92.

## **Litteraturliste**

- Alsvik, O. 2001: Identitetsskaping i lokalhistorien – et mangetydig prosjekt, i *Heimen*, bind 41.
- Améen, L. 1903: Luleå-Ofotenbanan, i *Svenska turistföreningens årsskrift*.
- Anderson, B. 1996: *Forestilte fellesskap. Refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning*. Oslo.
- Andreassen, B.E. 1988: «Förr malm ska börja köras nittanhundratvå....». Hovedoppgave i historie. Universitetet i Tromsø.
- Berger, H og L. Simonsen. 1999: *Lokomotivene på Ofotbanen og litt til. En uhøytidelig billedutstilling fra Ofotbanen gjennom nesten 100 år*. Biblioteket til HiN.
- Bjørnson, Ø. 1991: *Gruva. Litlabøsamfunnet gjennom 100 år*. Stord.
- Blix, E. og B. Hovdan, 1926: *Festskrift til Narviks 25.årsjubileum. 29de mai 1926*. Narvik.
- Blix, E. 1926.: Utdrag av byens historie, i *Jubileumsskriftet «Narvik gjennom ¼ århundrede»*. Narvik.
- Briandt, M. 1940: *Med slägga borrh och spett. Rallarhistorier och visor*. Stockholm.
- Briandt, M. 1959: *Banbrytar*. Stockholm
- Bull, E. d.y. 1961: *Renhårig slusk*. Oslo.
- Bull, E. d.y. 1975: Fra husmenenessamfunn til den organiserte kapitalisme, i Dahl, O og J.A. Seip: *Makt og motiv. Et festskrift til Jens Arup Seip 1905 – 11.oktober – 1975*. Oslo.
- Bull, E. d.y. 1976: *Nordmenn før oss*. Oslo.
- Burton, A. 1995: *The Rise and Fall of British Shipbuilding*. London.
- Byrne, D. 2004: *Understanding the Urban*. New York.
- Bøe, J. B. 2004: Debatten om Stavangers fortid – et eksempel på historiebruk, i *Heimen*, bind 41.
- Dahl Bratrein, H. 1987: Historikeren Nils A. Ytreberg, i *Håløygminne* nr.4.
- Dahl, O. 1955: Noen teoretiske problemer i sosialhistorien, i *Historisk Tidsskrift*, bind 55.
- Dahl, O. 1986: *Problemer i historiens teori*. Oslo.

- Dahl, O. 1992a: Hva er syntese?, i Marthinsen, L og H. Winge: *Syntese i historieskrivningen*. Oslo.
- Dahl, O. 1992b: *Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre*. Oslo.
- Danielsen, R. 1955: «Nils A. Ytreberg: Narviks historie I-II..», bokmelding i *Heimen*, bind X. Oslo.
- Danielsen, R. 1970: Geografi og lokalhistorie, i *Heimen*, bind XV.
- Drivenes, E-A. 1985: *Fiskarbone og gruvelusk*. Oslo.
- Ekrheim, H.,  
Ekrheim, O. og  
H. Norås 1950: *Norges filologer og realister*. Stavanger.
- Elias, Norbert: *The Civilizing Process. Sociogenetic and Psychogenetic Investigations*. Oxford 2000.
- Engeli, C.&  
H. Matzerath 1989: Introduction. Modern Urban History Research in Europe, the USA and Japan, in *Modern Urban History Research in Europe, the USA and Japan*. Oxford-New York-Munich.
- Eriksen, A. 1995: *Det var noe annet under krigen. 2. verdenskrig i norsk kollektivtradisjon*. Oslo.
- Eriksen, A. 1999: *Historie, minne og myte*. Oslo.
- Forselv, J. 1977: *Arbeidere og arbeiderbevegelse i Narvik før 1920*. Hovedoppgave i Historie. Universitetet i Trondheim.
- Foss, G. 1997: Heimstad, diktning og identitet, i Slettan og Stugu (red.): *Det nasjonale i det lokale, det lokale i det nasjonale. KULTs skriftserie nr.92*. Oslo.
- Furre, B. 1991: *Vårt hundreår. Noregs historie 1905-1990*. Oslo.
- Fulsås, N. 2005: Historie og forteljing, i *Nytt norsk tidsskrift*, nr. 3.
- Geyl, P. 1970: *Use and Abuse of History*. Archon Books.
- Greve, A. 1998: *Her. Et bidrag til stedets filosofi*. Avhandling for Dr.art.graden. Universitetet i Tromsø.
- Hall, S. 1990: Cultural Identity and Diaspora, i J. Rutherford: *Identity, Community, Culture, Difference*. London.

- Hietala, M. 1992: Vad är modern stadshistoria. Några komparativa synpunkter, i E. Niemi og H. Tjelmeland: *Nyere byhistorie i Norden*. Universitetet i Tromsø.
- Hobsbawn, E. 1978: Fra sosialhistorie til samfunnshistorie, i *Kontrast*, nr. 7.
- Hobsbawn, E. & T. Ranger (ed.) 1992: *The Invention of Tradition*. Cambridge.
- Hohenberg, P.M. & L. Hollen Lees 1996: *The Making of Urban Europe 1000-1994*. Harvard University Press.
- Iggers, G. G. 1997: *Historiography in the Twentieth Century. From Scientific Objectivity to the Postmodern Challenge*. Hanover.
- Johansson, J-E. 1997: *Rallarkockan Svarta Bjørn. Legend og verklighet. Rallarkyrkogården*. Luleå.
- Juhasz, L 1977: Byhistoriske problem, i J. Tvinnereim (red.): *Lokalsamfunn i historia*. Oslo.
- Kaldal, I. 1997: *Veit og gate. Daglegliv i Midtbyen i Trondheim 1880-1950*. Oslo.
- Kaldal, I. 2002: *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie*. Oslo.
- Kalleberg, R. 2003: Robert K. Merton *in memorian*. Et tilbakeblikk på forfatterskapet, i *Tidsskrift for samfunnsforskning*, nr. 2.
- Kirkhusmo, A. 1997: Problemet periodisering i etterkrigstidas lokalhistorie, i *Heimen*, nr. 1.
- Kirkhusmo, A. 1998: Urban History as Local History – a Critical Evaluation of the Norwegian Tradition, in S. Supphellen (ed.): *Urban History. The Norwegian Tradition in a European Context*. Trondheim.
- Kirkhusmo, A. 1998: Om å skrive og melde byhistorie. To bind egersundshistorie og ett bind om Drammen, i *Heimen*, nr. 4.
- Kjeldstadli, K. 1992a: Komparasjon og byhistorie, i *Heimen*, nr. 1.
- Kjeldstadli, K. 1992b: *Fortida er ikke hva den en gang var*. Oslo.
- Kjeldstadli, K. 1995a: By – ett ord, mangfoldig virkelighet, i Myhre, J.E. og K. Kjeldstadli: *Oslo – spenningenes by. Oslohistorie*. Oslo.
- Kjeldstadli, K. 1995b: «Hvem er vi? Om byidentitet, i Myhre, J. og K. Kjeldstadli: *Oslo-spenningenes by. Oslohistorie*. Oslo.

- Kjeldstadli, K. 2004: Bruk og misbruk av historie, i Berg, B.A. og E. Niemi: *Fortidsforestillinger. Bruk og misbruk av nordnorsk historie*. Tromsø.
- Kobberød, J. T. 2004: Sverre Steen – sosialdemokratiets historieforteller. Avhandling for graden Dr.art. Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Universitet. Trondheim.
- Kritzman, L. D.: In Remembrance of Things French, in Nora, P.: «*Rethinking the French Past of Memory*». vol. 1. *Conflicts and Divisions*. New York.
- Lilja, S. 1988: *Historia i tiden*. Lund.
- Merton, R. K.  
[1949] 1957: *Social Theory and Social Structure*. New York.
- Myhre, J. E. 1977: «By», «Tettsted», «Urbanisering» – En innledning, i G. A. Blom (red.): *Urbaniseringsprosessen i Norden. Del 3. Industrialiseringens første fase*. Oslo-Bergen-Tromsø.
- Myhre, J. E. 1987: Tilnærminger til byhistorien. På leting etter de urbane variabler, i *Historisk Tidsskrift*, nr. 2.
- Myhre, J. E. 1992: Byenes hamskifte. Fra førindustriell til industriell by, i *Nyere byhistorie i Norden. Skriftserie B, nr. 32*. ISV UITØ.Tromsø.
- Myhre, J.E. 1994: Verdien av lokalhistorie. Lokalhistorie mellom bevisstgjøring og matnytte, i *Heimen*, nr. 4.
- Myklebost, H. 1960: *Norges tettbygde steder 1875-1950*. Oslo-Bergen.
- Niemi, E. 1992a: Innledning. Åpning av seminaret, i Niemi, E og H. Tjelmeland: *Nyere byhistorie i Norden*. UiTø.
- Niemi, E. 1992b: Syntese i lokalhistorien, i Marthinsen, L. og H. Winge: *Syntese i historieskrivningen*. Oslo.
- Niemi, E. og  
H. Winge 2000: Lokalhistorie som etterkrigshistorisk forskningsfelt, i Løyland, Margit (red.): *Lokalhistorie – seljelåt og symfoni. Til Harald Winges minne – et utvalg fra hans forfatterskap*. Oslo.
- Nielsen, Y. 1900: Fra Ofoten, i *Den Norske Turistforenings årbok for 1900*. Oslo.
- Nilsson, L. 2000: Kring det globala och lokala: Några perspektiv på nordisk stadshistorie, i *Supphellen(red.): Norsk byhistorie-tid for syntese?*, Trondheim.



- Nora, P. 1998a: Introduction to Realms of Memory, Volume III, in Nora, P.: «*Rethinking the French Past of Memory*». Vol. III. *Symbols*. New York.
- Nora, P. 1996a: From *Lieux de mémoire* to Realms of Memory, in Nora, P.: «*Rethinking the French Past of Memory*». Vol. I. *Conflicts and Divisions*. New York.
- Nora, P. 1996b: General Introduction: Between Memory and History, in Nora, P.: «*Rethinking the French Past of Memory*». Vol. I. *Conflicts and Divisions*. New York.
- Nora, P. 1996c: Introduction to Volume 1: Conflicts and Divisions, in Nora, P.: «*Rethinking the French Past of Memory*». Vol. I. *Conflicts and Divisions*. New York.
- Nottridge, H. E. 1974: *Bysosiologi*. Oslo.
- Nynorskordboka 1991* *Definisjons- og rettskrivingsordbok*. Oslo.
- Olsen, B. 1997: *Fra ting til tekst. Teoretiske perspektiv i arkeologisk forskning*. Oslo.
- Olsen, J. B. 1913: Vor kommunepolitikk. IV. Narvik, i *Det tyvende aarhundre*. Oslo.
- Perkin, H 1972: Social History, in Fritz Stern (ed.): *The Varieties of History. From Voltaire to the Present*, New York: Meridian.
- Pløger, J. 1997: På sporet av byteorien, i Aspen, J & J. Pløger (red.): *På sporet av byen*. Oslo.
- Pollard, S. 1991: *Peaceful Conquest. The Industrialization of Europe 1760-1970*. Oxford.
- Punternvold, M. 1903: Socialismen nordpaa, i *Det tyvende aarhundrede*, nr. 3/4.
- Riden P. & Owen, J. G. 1995: *British blast furnace statistics 1790-1980*. Cardiff.
- Rutherford, J. 1990: A Place Called Home: Identity and the Cultural Politics of Difference, in J. Rutherford: *Identity, Community, Culture, Difference*. London.
- Røger, M 1951: Handelsstedet Fagernes i Ofoten, i *Håløygminne*.
- Schiefloe, P.M. 1985 *Nærmiljø i bysamfunn. Byforskningsprogrammet*. Oslo.
- Schreiner, J. 1942a: «Nordlandske handelsteder. Virke – hverdag – reiseliv – fest», bokmelding i *Historisk Tidsskrift*, bd. 32.

- Schreiner, J. 1942b: «Kristiansands historie 1641-1814», bokmelding i *Historisk Tidsskrift*, bd. 32.
- Sejersted, F 1989: Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene. – Et oppgjør med den metodologiske individualisme, i *Historisk Tidsskrift*, nr. 4.
- Sejersted, F. 2002: Byen som arena for samhandling og kommunikasjon, i F. Sejersted. *Er det mulig å styre utviklingen?* Teknologi og samfunn. Oslo.
- Sennet, R. 1994: *Flesh and Stone*. New York/London.
- Stenstad, F. & A. Theander 2002: *Feiselklang og anleggssang. Rallarviser fra Nordkalotten*. Mo i Rana.
- Stugu, O. S. 1997a: Den tverrfaglege byhistoria, i *Heimen*, nr.1.
- Stugu, O. S. 1997b: Lokalhistorie og den nasjonale identiteten, i Slettan og Stugu (red.): *Det nasjonale i det lokale, det lokale i det nasjonale. KULTs skriftserie nr.92*. Oslo.
- Svendsen, O. 2002: *Narviks historie. Bind 2 1950-2002. Storhetstid, brytningstid, framtidshåp*. Narvik.
- Theander, A.1993: *I rallarens spor. Tracing the Navvies*. Kiruna.
- Thornæs, G.1999: Hva gjør en by til en by. Administrative og geografiske forhold ved byutviklingen siden 1837, i *Håloygminne*, bind. 20.
- Tønnesen, J. N. 1973: En byhistorikers problem, i Bjørkvik H. (m.fl.): *Nærsamfunnet i historisk lys*. Oslo-Bergen-Tromsø.
- Vanje, R.1998: Vår by – husker du?, i *Årbok for Ofoten museum 1998*. Narvik
- White, H 1978: The Historical Text as Literary Artifact, in *Topics of Discourse*. Baltimore/London.
- Winge, H 1992: Hvordan skal vi skrive lokalhistorie?, i *Heimen*, bind XXIX.
- Ytreberg, N. A.1936: *Det gamle Tromsø. En studie til byens historie inntil 1850-årene*. Oslo.
- Ytreberg, N. A. 1953: *Narviks historie, bind I, Ofoten i eldre tid. Narvik inntil 1914*. Narvik.
- Ytreberg, N. A. 1954: *Narviks historie, Bind II. Fra første verdenskrig til våre dager*. Narvik.
- Ytreberg, N. A. 1954b: *Svarta Bjørn*. Oslo.

- Østerberg, D. 1993: Urbanitetens koder, i *Samtiden* nr. 3.
- Østerberg, D. 1998: *Arkitektur i Oslo*. Oslo.
- Aas, S. 1998: *Den allsidige industriarbeidaren. Nordnorsk økonomisk modernisering 1900-1950*. Hovudoppgåve i historie. UiTø.
- Aas, S. 2001a: Konstruksjon av byfelleskap og byidentitet – om identitetskaping i lokalhistoria, i *Heimen*, bd. 38.
- Aas, S. 2001b: *Narviks historie. Bind 1 1902-1950. Byen, banen og bolaget*. Narvik.

### **Nettstader/-ressursar/-referansar:**

Statistisk sentralbyrå om byutvikling:

<http://www.kbnn.no/kb/kb2004h.asp?chapter=5&sub=2&page=1>. 30.08.2006.

Avlagte hovudfags-/mastergrader i historie ved UiTø 1975-2005:

<http://uit.no/getfile.php?Pageld=1675&Fileld=210>. 30.08.2006.

Heimesida til Narvik folkebibliotek med forelesingsmanus frå litteraturseminaret under Vinterfestuka i 2002: Foredraget til Ragnar W. Nord : *Ordet som politisk og sosialt våpen*,

<http://www.narvik.folkebibl.no/dokument/index.htm>. 30.08.2006.

Heimesida til Narvik Arbeidarparti: <http://www.narvikap.no> . Manus til Oddvar Svendsen sitt foredrag ved 100-årsseminaret. Arbeiderpartiets rolle i Narvik. 1.09.2006.

Heimesida til Rombaksmusikken i Narvik med artikkelen «Rombaksmusikken - første del av historien». <http://www.rombaksmusikken.no/> Dato 1.09.2006

Heimesida til Vinterfestuka i Narvik: <http://www.vinterfestuka.no/> . 1.09.2006. Her finn du artiklar om Rallaren, Svarta Bjørn, historikken bak Vinterfestuka, Rallar-marsjen, Rombaksbotn. 1.09.2006.

Nettstaden til UB i Tromsø med elektroniske ordbøker: <http://www.ordnett.no/ordbok.html>. Oppslagsordet «spenning». 30.08.2006.

Nasjonalbiblioteket sitt setelarkiv over Norsk ordbok:

<http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=8&tabid=436>. 1.09.2006.

### **Kjelder:**

#### **Statsarkivet i Tromsø (SaTø):**

Privatarkiv 1. Boks 13, boks 14, boks 19 og boks 20.

#### **Riksarkivet i Sverige – Arninge: (Trafikselskapet Grängesberg- Oxelösund)**

«LKABs malmskeppningar enligt konnossements-vigt under 1903», i TGO-protokoll for 1904.

Protokoll fra styremøte i TGO, den 20. september 1912, TGO-protokoll for 1912.

TGO 1-598 Statistikk 1880-1956.

**Statsarkivet i Trondheim: (Ofotbanen)**

Malmskipningsbøker for perioden 1904-1952. NSB-Ofotbanen. E. Spesialserier..

**SV-fakultetet, UiTø:**

Brev frå historieseksjonen, ISV, ref.nr.:05/LIH/97/089 til Narvik kommune, 25.2.97.

Referat frå møte om Narviks historie med Narvik kommune, Historieseksjonen, ISV, den 23.5.1997.

Referat frå møte om Narviks historie med Narvik kommune, Historieseksjonen, ISV, den 23.5.1997.

Brev frå Narvik kommune til historieseksjonen, ISV, ref.nr. 96/06956-10 GKH, 3.9.1997.

Brev frå Narvik kommune til red. G. Thorvaldsen i HIFO-nytt, den 20.11.97.

**Eige arkiv i samband med arbeidet med Narviks historie:**

Referat frå møte i redaksjonskomiteen «Narvik 100 år», 27.5.1999.

Udatert notat om «referansegruppe» lagt fram før møtet i redaksjonskomiteen, 27.5.1999.

Referat frå møte om referansegruppe, 27.5.1999.

**Narvik kommunearkiv:**

Utkast til Narvik-songar, melodi A II, F, H, J, L, Narviks jubileum 1926. Narvik kommunearkiv.

**Narvik bibliotek, Lokalsamlinga:**

Edith Astrup: «Fra Narviks barndom. Utdrag av et radiomanuskript 1937».

Kopi av brev frå E. Blix, i E.Blix og B. Hovdan: Festskrift til Narviks 25.årsjubileum. 29de mai 1926. Narvik 1926.

Folkebladet, (K.B: «Fra jernbaneanlegget og den vordende by nordpaa»), høsten 1900.

**Aviser og andre trykte kjelder:**

Ofotens Tidende, 31.10.1907.

Fremover, 25.3.1905, 23.11.1907, 21.11.1908, 13.1.1909, 10.2.1909, 13.3.1909. 18.7.1959, 8.7.1959, 13.9.1947, 24.7.1959.

Lofotposten, 28.5.1926. Nordlys, 8.11.1927.

Stortingsmelding nr. 85-1951 *Utbyggingsprogrammet for Nord-Norge.*